

Inge Dyrhol

Kommunestruktur i Romsdal og på Nordmøre

Kommunale tenester og økonomi



2004

Prosjekttittel	Kommunestruktur Nordmøre og Romsdal
Oppdragsgjevar	Nordmøre og Romsdal Regionråd
Prosjektansvarleg	Møreforskning Volda
Prosjektleiari	Jørgen Amdam
Forfattar	Inge Dyrhol, Høgskulen i Volda
Ansvarleg utgjevar	Møreforskning Volda
ISBN	82-7692-229-5 (nettutg.) 82-7692-228-7 (papirutg.)
ISSN	0805-6609
Sats	Inge Dyrhol
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou http://www.moreforsk.no

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiari, prosjektleiari (for IAAI: instituttleiari) eller ein annan fagperson dei har utpeika. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Innhold

	Side
Forord	5
1 Innleiing	7
1.1 Regionkommunar	7
1.2 Økonomi og samarbeid	10
1.3 Økonomistyring og kommunestruktur	10
1.4 Stordriftsfordelar	14
1.5 Reiseavstand	15
1.6 Kort og lang sikt	16
1.7 Inntekter i framtida	16
1.7.1 Inntektssystemet	16
1.7.2 Skatt	16
1.7.3 Inndelingstilskot	16
1.8 Oppsummering av statlege premissar	17
1.9 KOSTRA-grupper	17
2 Innleiande om tenestetilbod og produktivitet	19
2.1 Detaljerte nøkkeltal	19
2.2 Utvalde dekningsgrader	19
2.3 Det tekniske beregningsutvalget sine produksjonsindeksar for 2002	21
2.4 "Hjulet"	25
2.5 Skulestruktur	25
3 Brutto driftsutgifter	27
3.1 Innleiing	27
3.2 Samanlikning med KOSTRA-grupper	29
4 Brutto driftsinntekter	37
5 Generelt om sektorvis innsparingspotensiale ved kommunesamanslåing	41
5.1 Studerte sektorar	41
5.2 Merknad	41
5.3 Administrasjon	42
5.4 Barnehage	44
5.5 Grunnskule	44
5.6 Kommnehelse	45
5.7 Pleie- og omsorg	46
5.7.1 Institusjonsomsorg	46
5.7.2 Heimebasert omsorg	47
5.8 Tekniske tenester	47
5.9 Kultur	48

6 Statistisk sentralbyrå si gransking av innsparing ved samanslåing av kommunar	51
6.1 Generelt om granskinga til SSB	51
6.2 Nokre vurderingar	52
6.3 Resultat av SSB si gransking med vekt på Romsdal og Nordmøre	54
7 KOSTRA-analyse	59
7.1 Innleiing	59
7.2 Eide og Averøy	59
7.3 Surnadal og Sunndal	61
7.4 Sunndal og Tingvoll	64
7.5 Tustna, Smøla og Aure	66
7.6 Halså, Rindal og Surnadal	67
7.7 Gjemnes og Tingvoll	70
7.8 Nesset og Tingvoll	72
7.9 Eide og Fræna	74
7.10 Sandøy, Midsund og Aukra	77
7.11 Alternativ for regionkommunar	80
7.11.1 Innleiing	80
7.11.2 Økonomiske regionar	81
7.11.2.1 Midsund/Gjemnes/Aukra/Eide/Nesset/Vestnes/Rauma/Fræna/Molde	81
7.11.2.2 Tustna/Smøla/Aure/Frei/Averøy/Kristiansund	81
7.11.3 Bu- og arbeidsmarknadsregionar	83
7.11.4 Arbeidsmarknads-, bustads- og serviceregionar (ABS-regionar)	83
7.11.5 Samandrag om regionkommunar	84
8 Referansar	85
Vedlegg 1 Detaljerte nøkkeltal	
Vedlegg 2 Nordmøre. Brutto driftsutgifter 2003 etter KOSTRA-funksjonar (Tilsvarande for Romsdal er tabell 3.1)	
Vedlegg 3 Romsdal. Brutto driftsutgifter 2003 etter KOSTRA-funksjonar	
Vedlegg 4 Nordmøre. Brutto driftsutgifter 2003 etter KOSTRA-funksjonar	
Vedlegg 5 Kommunane i Romsdal og på Nordmøre. Indeksar i utgiftsutjamninga i inntektssystemet 2004.	

Forord

Møreforskning Volda har hatt i oppdrag å greie ut kommunestruktur og –samarbeid i Romsdal og på Nordmøre. Eg har teke del i arbeidet med den økonomiske sida av problemstillinga, medrekna tenestetilbod. Min bakgrunn for å gjere det er: 1) utdanning som siviløkonom 2) ca 16 års røynsle som kommunal administrasjonssjef og 3) undervisning og ein del FoU-arbeid i kommunal økonomi gjennom dei siste 12 åra.

Hovudrapporten frå prosjektet gjer naturlegvis greie for det viktigaste av det prosjektgruppa har kome fram til på ymse felt. Denne arbeidsrapporten presenterer ein del meir bakgrunnsstoff for kommunal økonomi.

Eg bed om orsaking for språklege inkonsekvansane som måtte finnast i arbeidet. Målsetjinga har vore å bruke statistiske omgrep o.l. i den språkform dei ligg føre, og å merk dette med bruk av stor forbokstav .

Volda, oktober 04

Inge Dyrhol

1 Innleiing

1.1 Regionkommunar

Omgrepet *regionkommunar* har kome i fokus siste tida. Omgrepet blir brukt om alt frå full samanslåing av kommunane i t.d. Juvkam (2002) sine bu- og arbeidsmarknadsregionar til om utstrekt samarbeid mellom kommunane i eit distrikt. Kommunalminister Solberg skal som eksempel i følge *Kommunal Rapport* 02.09.04 ha sagt:

... regionkommuner..., en god vei å gå. Men det er mange veier til målet. Det kan for eksempel skje gjennom å slå sammen kommuner, eller gjennom at kommuner samarbeider og dermed overlater oppgaver til en slik regionkommune. Det kan bety at kommunekartet kan bli noe "uoversiktlig" i en periode. Det tror jeg det uansett vil bli.

I Amdam mfl (2004) er det på Søre Sunnmøre rådd til ein storkommune med stor delegering til basiskommunar (dei sju noverande kommunane). Dette er eit eksempel på ei mellomløyising med ytterpunkt som nemnde ovanfor. Nedanfor er nemnt eit anna eksempel, nemleg ein *funksjonsdelt* og ikkje *områdedelt* regionkommune.


Ein del aktørar ser helst at overgang til regionkommunar vert følgt av overgang til forvaltning på to nivå. Det er uklart for meg om nokon har dette som ein absolutt føresetnad.

Ei kommunaløkonomisk vurdering vert ikkje lettare når det er tale om regionkommunar. For det første kan det bli endring i arbeidsoppgåvene, anten det i leddet over vert større landsdelsregionar med eige folkevald styre eller bortfall av mellomleddet mellom stat og kommune med eller utan ein stor regional statsadministrasjon. Vesentlege endringar i oppgåvefordelinga er kanskje mindre sannsynleg om noverande fylkeskommunar blir uendra.

Dersom regionkommunane blir ei slags overbygging over eksisterande kommunar som tenesteytande einingar, vil samanlikningar med større kommunar organisert på tradisjonell måte kunne gje eit for optimistisk bilete av økonomien i strukturendringa, fordi dei tradisjonelle kommunane venteleg er meir sentraliserte. Dersom dei tidlegare kommunegrensene vert mjuka opp, slik at tenester med beskjedne smådriftsulemper blir ytt desentralisert og tenester med vesentlege stordriftsfordelar vert organisert i større einingar, kan det vere von om innsparingar, men å hente ut desse krev at ein løyser uvande og gjerne større utfordringar i den økonomiske styringa. I alle fall er det sannsynleg at det kan ta noko tid å realisere fordelane. Med andre ord vil organisering av ein regionkommunen etter funksjonsmodellen i teorien gje best grunnlag for å ta ut stordriftsfordelar, men å bruke eksisterande kommunar som einingar i ein områdemodell fører til behov for færre endringar på kort sikt, og såleis mindre uvisse.

Figur 1.1 framstiller ulike former for kommunalt samarbeid, ev samanslåing. Eg veit ikkje heilt korleis ein i figuren skulle avgrense omgrepet regionkommune. Samanslåing av kommunane i t.d. ein bu- og arbeidsmarknadsregion ville måtte falle inn under omgrepet, men

eg er usikker på om bør føresetje både Regionalt samarbeid i Utenrikspolitikk og Helhetlig kommunalt samarbeid om kjerneområder.




Figur 1.1: Ulike former for kommunalt samarbeid ev samanslåing
Kjelde: Sanda (2003)

I Agenda (2004) står slik om alternativ for Nedre Romerike (dei sju kommunane: Enebakk, Fet, Gjerdrum, Nittedal, Rælingen, Sørumsund og Aurskog-Høland, med Lillestrøm i Skedsmo som regionsenter):

- Mulighetsrommet kan beskrives i form av fem modeller:
- Modell 1: Dagens kommuner + strategisk samarbeidsallianse
 - Modell 2: Dagens kommuner + samkommune
 - Modell 3: Kommunesammenslutning i regionsenteret + strategisk samarbeidsallianse
 - Modell 4: Kommunesammenslutning i regionsenteret + samkommune
 - Modell 5: Regionkommuneløsning på Nedre Romerike dvs. sammenslutning mellom alle syv kommunene

Kva ein *samkommune* er ikkje definert i norsk lov, og ein kan sjå noko ulike framstillingar. På Nedre Romerike er det mest aktuelle eit fast samarbeid om plan- og utviklingsoppgåver. Dette samsvarer godt med slik omgrepet vert brukt i Finland, der det stammar frå, nemleg om: Ein særkommune (for ei teneste) med eit område på minst to vanlege kommunar. Samkommunen på Nedre Romerike skal vere ”styrt av egne politikere med forankring i kommunene” (Agenda 2004).

Innherred samkommune (Verdal og Levanger) har eit fast samarbeid om åtte avdelingar/etatar og vurderer fleire. Samkommunestyret har ni representantar frå kvar kommune. Samlokalisering var ikkje planlagt, men etter nokre månaders drift vart det konkludert med å vere ei ulempe ikkje å vere samlokalisert (*Kommunal rapport* 07.10.04).



Figur 1.2: Organisasjonsmodellen for Gøteborg by
Kjelde: StolzLöfgren (2002)

Eit omgrep som ein kan høyre er *konsernkommune*. Heller ikkje dette omgrepet er definert i lov, og kan bli brukt på noko ulik måte. Figur 1.2 viser eit døme på noko som i alle fall er ein konsernmodell. Gøteborg har ei blanding av bydelsutval, sektornemnder,

funksjonsnemnder og føretak. Bydelsutval her kan tilsvare eksisterande kommunar som basiskommunar i ein regionkommune.

1.2 Økonomi og samarbeid

Her skal berre straks knytast nokre kommentarar til økonomi og samarbeid. Som innleiing kan følgjande sitat frå Baldersheim (2003:94) høve:

De klassiska styrningsproblem som ofta associeras med interkommunalt samarbete, kan kallas fördelingsproblemet och ansvarsproblemet. Interkommunalt samarbete fungerar bäst omkring teman som inte rör lokalisering av arbetsplatser och institutioner – sådana teman har en tendens att förlama beslutsorgan som ofte fungerer på konsensusbas. Ansvarsproblemet uppstår på grund av att interkommunala organ är mindre känsliga för kostnader än direktvalda organ; de förstnämnda kan överföra kostnader till uppdragsgivarna – de samarbetande kommunerna, medan de sistnämnda i sista instans måste gå till väljarna med skatteräkningen.

Eg kjenner ikkje til omfattande forskning om økonomien i kommunalt samarbeid. Sundström (2004) skriv:

Samverkan mellan kommuner ses ofta som ett alternativ eller som et första steg till kommunsämmanläggningar. Även om samverkan är bra så är den inte helt oproblematiske.

Mina egna erfarenheter, bl.a. från Kommundelegationen och Kommunförbundets analysgrupp, är att samverkan rätt ofta för med sig höga kostnader.

Eg har vore administrasjonssjef i tre ulike kommunar i 16 år, og har røynsler i same lei. Ein skar heller ned på noko innan kommunen enn å ta opp spørsmålet om å spare noko på distriktsrevisjon o.l. Samarbeidstiltak fekk i regelen budsjett etter behovet dei sjølv meinte å ha. Det fekk ikkje kommunale etatar.


Det finst andre kjelder som i allfall delvis ser litt meir optimistisk på samarbeid. Sanda (2002:85) skriv:

Innan kommunalteknikk er det klare stordriftsfordelar knytt til spesialutstyr og –kompetanse. Dokumentasjonen for dette har ein i alle dei interkommunale samarbeida innan det tekniske området som er etablert og som fungerer godt.

1.3 Økonomistyring og kommunestruktur


I Baldersheim mfl (2003) står eit relevant og interessant kapittel: *Økonomistyring og kommunestruktur*. Ein fokuserer på netto driftsresultat som indikator på økonomistyring. I Kommunal- og regionaldepartementet (2001) står: "Utvalget betrakter netto driftsresultat som den primære indikatoren for den økonomiske balansen i kommunesektoren". Utvalet det er tale om er Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Dyrhol (2001) skriv m.a.:

Når netto driftsresultat blir sett fokus på i denne studien, inneber det ein tanke om at skilnaden mellom løpande inntekter og utgifter er ein styringsvariabel som kan bli lagt endå større vekt på enn brutto driftsutgifter. M.a. vil avvik utan dekning vise seg i denne variabelen.



Figur 1.3: Netto driftsresultat kr per innb. Gjennomsnitt for 1998-2000 etter kommunestørrelse. Kjelde: Baldersheim mfl (2003:146)


Figur 1.3 viser at netto driftsresultat kr per innb i gjennomsnitt for 1998-2000 var størst i dei aller minste kommunane og lågast i kommunar med 5000-15000 innb.



Figur 1.4: Netto driftsresultat kr per innb. Gjennomsnitt for 1998-2000 etter kommunens sentralitet. Kjelde: Baldersheim mfl (2003:147)

Figur 1.4 viser at netto driftsresultat kr pr innb i gjennomsnitt for 1998-2000 var høgast i dei mest perifere kommunane og lågast i dei middels sentrale.

Figurane 1.3 og 1.4 gjev ikkje støtte til ein tanke om at det er vanskelegare å drive god økonomisk styring i mindre kommunar, eller tyder på at kompetansen til å drive slik styring er dårlegare der, men andre faktorar kan naturlegvis spele inn. Baldersheim mfl (2003) har difor laga ein utvida modell som vist i figur 1.5.



Figur 1.5: Ein modell for analysen av kommunane si økonomiske styringsevne

Kjelde: Baldersheim mfl (2003:147)

Utifrå m.a. fagleg debatt om rettferda i inntektssystemet og ymse kommunar si evne til omstilling burde gjerne ikkje berre folketal, men også folketalsutvikling vere blant forklaringsvariablane. *Kommunal rapport* (15.09.04) skriv t.d. (i samband med eit intervju med leiaren i inntektssystemutvalet):

Utvalgslederen må også ta stilling til om inntektssystemet ikke lenger bare skal forholde seg til driftsregnskapet¹, men også ta hensyn til kommunenes kapitalkostnader.

- Kommuner med befolkningsvekst har store investeringsbehov. Vi må diskutere om omfordelinga også skal ta hensyn til kapitalkostnader. Det vil påvirke fordelingen mellom kommunene, påpeker Borge.

¹ Inntektssystemet tek ikkje omsyn til alt i driftsrekneskapan, m.a. nettopp ikkje auke i ordinære renter og avdrag som følgje av investeringar for å møte behov i samband med auka folketal.

Denne debatten er ikkje ny. Eit bidrag er Agenda (2000)², som fann at vekstkommunane fekk for lite, m.a. uttrykt slik (:118):

Vi har vist at dersom man trekker inn all vekst, vil vekstkriteriet kunne veie 2,5% i utgiftsberegningen³. Dersom man bare trekker inn vekst større enn landsgjennomsnittet blir vekten 1,1%.

Eit sitat i eit avisreferat frå kommuneutvalet i Ålesund ein gong i år 2001 kan illustrere problemstillinga sett frå vekstkommunane si side: "Byens innbyggertall vokser med Stordal kommune hvert år. De har allerede de tingene de trenger, mens vi må skaffe nytt år for år". (Stordal er ein svært liten kommune på Sunnmøre). I følgje Sunnmørsposten 28.10.04 har fylkesordførar Aasen sagt: "Sykkylven er ei av kommunane i fylket som har vekst i folketalet. Vekstkommunane i Møre og Romsdal har eit felles trekk, nemleg svært dårleg økonomi, ... la skulda på innrettinga av dei statlege overføringane til kommunane. Så langt har vi ikkje greidd å overtyde statlege styresmakter om at kommunar i vekst kjem for dårleg ut".

Eit anna bidrag er Langørgen og Rønningen (2002) der samandraget er slik:

Formålet med denne rapporten er å analysere variasjoner i kommunenes avskrivninger slik de er rapportert inn i KOSTRA for 2001. Det blir påpekt at målemetoden i KOSTRA kan gi opphav til feilkilder fordi det ikke blir korrigert for at kapitalverdiene blir påvirket av inflasjon. Vi finner at kommuner med relativt høye inntekter samt små kommuner har forholdsvis høye avskrivninger per innbygger. Vi finner også at kapitalkostnadene faller på kort sikt i kommuner med befolkningsvekst. Resultatene tyder på at det er en viss treghet i tilpasningen av kapital til befolkningsendringer. I perioder med sterk befolkningsvekst kan det derfor oppstå problemer som skyldes kapitalmangel i vekstkommunene.

Merk at det i denne sammenhengen kan bli skilnader etter om ein brukar renter og avdrag på den eine sida eller avskrivningar på den andre når ein talar om økonomiske belastningar ved investeringar. Dette spørsmålet er generelt komplisert (m.a. Dyrhol 1998) pga at renter og avdrag på den eine sida berre gjeld for den delen av investeringar som er finansierte med lån, men kan på den andre sida vere fordelte over færre år enn avskrivningane. Eg har ikkje data for 2003, men i Kommunal- og regionaldepartementet (2002-2003:265) står om gjennomsnittlege tilhøve for år 2002:

... for kommunene totalt sett utenom Oslo. Gjennomsnittlig brutto driftsresultat viser minus 0,1 prosent av driftsinntekten, mens netto driftsresultat i gjennomsnitt er 0 prosent. Avskrivningene som inngår i brutto driftsresultat ser dermed ut til å ligge på nivå med rente- og avdragsutgifter som belastes netto driftsresultat. I netto renteutgifter inngår inntektsført utbytte samt markedsbaserte finansielle omløpsmidler (aksjer mv.). Flere kommuner har måttet utgiftsføre tap på aksjer og aksjefond i 2002, og for disse kommunene har tapet i aksjemarkedet vært en medvirkende årsak til svake resultater.

² I Agenda (2000:93) står og følgjande tankevekkande kommentar: "De fleste kommuner investerer i bygninger for deretter langsomt å høste kapitalen i form av mangelfullt vedlikehold".

³ For 2004 veg til samanlikning kriteriet Innbyggere 90 år og over 5%.

Som oppsummering av granskinga utifrå modellen i figur 1.5 skriv Baldersheim mfl (2003:151):

Den store driveren med hensyn til gode resultat er kommunenes inntekter pr innbygger. Når det tas hensyn til andre komponenter som kan påvirke driftsresultatet, merker ikke småkommunene seg ut på noen spesiell måte. Størrelsesfaktoren i seg selv er da uten betydning.

Eit anna funn frå Baldersheim mfl (2003:151) si gransking utifrå modellen i figur 1.5, og som har særleg relevans her, er at samanhengen mellom netto driftsresultat og *regional fragmentering* var positiv. Regional fragmentering blir då målt med ein indeks som viser: ”i hvilken grad kommunen befinner seg i et bolig- og arbeidsmarkedsdistrikt som er oppdelt i få eller mange kommuner”. Tolkinga av dette er tvitydig. På den eine sida kan det vere ekstra enkelt å få til fruktbart samarbeid mellom kommunane i slike regionar. På den andre sida kan det vere lettare for folk å busette seg i den kommunen som har best tenestetilbod, - ein slepp å skifte arbeid og omgangskrins. Baldersheim mfl (2003) kjem ikkje inn på kva for forklaring dei meiner har mest å seie.

Denne uvissa om tolkinga fell i grunnen inn i eit kjent mønster, nemleg modellane eller teoriane om *funksjonelle regionar* og *konkurrans*e mellom kommunane (Hagen og Sørensen 2001:102). Eg kjenner ikkje til at forskning hittil har gitt gode svar på kva teori som best forklarar røyndomen, verken generelt eller med bestemt tid og stad. Dette inneber m.a. sagt på litt endefram måte: Det er uklart om ein viss konkurranse mellom kommunar hittil summa summarum har vore til fordel eller skade for utviklinga t.d. på Søre Sunnmøre. Eg synest det er endå vanskelegare å vurdere slik problematikk framover i tid. Men dersom sentralisering held fram som ei generell utvikling i samfunnet, er ein tanke at einingane som driv ev ”sunn” konkurranse kanskje også bør bli noko større enn før? Det er interessant å merke seg at desse modellane eller teoriane også kan ha relevans for netto driftsresultat i kommunane.

Når ein kort drøftar kommunestruktur og økonomistyring, bør gjerne omstillingsevne også nemnast. I 1980-åra skjedde det store endringar i samansetjinga av befolkninga her i landet. Talet på elevar i grunnskulen gjekk ned med 20%, medan talet på eldre steig med 17%. Forsking viste at kommunar med under 5000 innb makta å omstille seg i større grad enn større kommunar, men skilnaden var relativt liten. Det var lettast å få til omstilling i tider med gode budsjett (*Forskning* nr 4-1994, Rattsø og Sørensen 1997:135-136).

1.4 Stordriftsfordelar

Ev kommunaløkonomisk vinning ved større kommunar er i hovudsak knytt til kalla *stordriftsfordelar*. Stordriftsfordelar finst når auka produksjonsmengde fører til lågare kostnad pr produsert eining. Til vanleg vil ein ikkje kunne få stadig lågare kostnad pr eining, og det finst då ei optimal produksjonsmengd. Denne optimale mengda er av ulik storleik for ulike kommunale tenester. Økonomisk teori, som her ikkje berre byggjer på stordriftsfordelar, kan

ikkje svare på kva som er optimal storleik på ein kommune som yter fleire tenester. Sjølv berre økonomisk vurdert, blir storleiken på ein kommune eit kompromiss.

Stordriftsfordelar er ikkje noko ein får, men noko ein kan oppnå. Verkemiddelet er produksjon i større skala (sentralisering), med minst same fokus på kostnadseffektivitet som før. Skjer det inga sentralisering etter ei kommunesamanslåing, så blir det inga innsparing på grunn av stordriftsfordelar.

I praksis er det ein skala med ein slik tilstand i eine enden og full sentralisering i den andre enden. Ein mellomting kan vere å sentralisere eine funksjonen/det større anlegget til sentrum i tidlegare kommune x , den/det andre til sentrum i tidlegare kommune y . Slik sentralisering kan også skje ved samarbeid. På den andre sida svekker dette dagleg kontakt i eit større og breiare fagmiljø.

Dei stordriftsfordelane ein kan oppnå på ein sektor er dei same ved samarbeid og samanslåing. For andre enn kommuneorganisasjonen har dei same fordelar og ulemper. Også større nye større kommunar kan samarbeide seg imellom eller med andre kommunar. Dei kan og desentralisere internt.

1.5 Reiseavstand

Opp mot stordriftsfordelar må ein setje auka kostnader som følgje av auka reiseavstand (m.a. Langørgeren mfl 2002). I ein kommunaløkonomisk analyse som der og her er det berre auka kostnader som slår ut på kommunebudsjettet som skal med. Her er ei grunngeving for dette. Samanslåing av kommunar har mange positive og negative verknader for grupper utanfor kommuneorganisasjonane. Ev samanslåingar blir vel først og fremst gjort på grunn av forventede positive verknader for næringslivet? T.d. å ta utgangspunkt i kommunaløkonomisk gevinst, finne at denne er lik eller mindre enn auka reisekostnader for folk, og så slutte at samanslåing ikkje har noko for seg, inneber ei uheldig blanding av økonomiske metodar. Ein kan t.d. tenkje seg at næringsmessige fordelar av kommunesamanslåing er grunnen til at ein del folk i det heile framleis bur i kommunen! Neste analysenivå over kommunaløkonomisk analyse er nytte kostnad analyse. Som nemnt er analysen her kommunaløkonomisk.

Når det gjeld reiseavstand (avstandsulemper), vil eg også nemne følgjande. Ein upublisert statistisk analyse eg har gjort med data frå år 2002, viser nesten ingen samvariasjon mellom kor mange innbyggjarar ein kommune har og gjennomsnittleg reisetid til kommunesenteret. Også nokre andre analysar vart gjort. Det verka vanskeleg å unngå den slutning at rådande kommuneinndeling i landet gjennomsnittleg i svært stor grad eliminerer ulikskap i fysiske avstandsulemper. Så dersom dette er den viktigaste målsetjinga med inndeling i kommunar, er behovet for reformer etter måten lite.

Analysar av stordriftsfordelar har gjerne innbyggartal som einaste forklaringsvariable (kostnad pr innb). Dersom ein let dette stå åleine, vil ein ikkje ta omsyn til andre faktorar som

verkar inn på kva det kostar å produsere tenester i ein kommune. Særleg er det grunn til nettopp å trekkje fram den romlege dimensjonen.

1.6 Kort og lang sikt

Strukturendringar som kommunesamanslåing bør i prinsippet vurderast på lang sikt. I praksis kan det vere bindingar, - eit godt eksempel no er nybygde institusjonar i eldreomsorga, som gjer vesentleg vidare sentralisering på ein sektor i praksis mindre aktuell for minst eit par tiår. Dersom bygg o.l. har ei brukstid på ca 40 år, og gjerne då gjennomsnittleg er ca 20 år gamle, blir eit par tiår ein tommelfingerregel for tidshorisont for å oppnå ein del av stordriftsfordelane.

1.7 Inntekter i framtida

Eg har ikkje prøvd å lage noko anslag for inntekter i framtida. Det er for mange usikre faktorar. Her er likevel noko aktuell informasjon.

1.7.1 Inntektssystemet

Basistillegg, urbanitetskriterium og avstandskriteria i utgiftsutjamninga vil endre seg ved samanslåing av kommunar. Eg har ikkje prioritert å rekne på dette. Hausten 2003 vart det nemleg sett ned eit nytt inntektssystemutval. Utvalet har frist til 1. juli 2005 for å leggje fram utgreiinga si. Dette er ein hovudrevisjon som staten har signalisert om lag kvart 10. år. Frå 2006-2007 kan det såleis bli større endringar. Mandatet viser at det meste skal opp til vurdering. Av særleg interesse i samband med kommunesamanslåing kan nemnast pkt 4 som lyder:

I dagens inntektssystem betraktes kommunestørrelse som en "ufrivillig" kostnad, dvs. som gitt. Systemet kompenserer derfor for smådriftsulemper også i tilfeller der det er mulig å etablere en mer hensiktsmessig kommunestruktur. I tillegg til å utrede en utforming av fordelingsmekanismene (se punktene 3 a- 3e) basert på kommunestørrelse som "ufrivillig" kostnad, bes utvalget utrede en utforming av fordelingsmekanismene ut fra en forutsetning om at kommunestruktur er en "frivillig" kostnad i deler av landet.

Sjølv utan endring av systemet er det vanskeleg å rekne på framtidige tilskot, ikkje minst fordi ein ikkje kjenner til kva andre kommunesamanslåingar som kan kome.

1.7.2 Skatt

Ein viser til den nyleg framlagde St.meld. nr. 29 (2003-2004) om skatterreform. Ei aktuell sak i samband med statsbudsjettet for 2005 er også tilbakeføring av selskapskatt til kommunar.

1.7.3 Inndelingstilskot

Ordninga er meint å motverke inntektstap ved samanslåing av kommunar. Inndelingstilskot består av dei basistillegg og regionaltilskot som går tapt ved kommunesamanslåing. Basistillegg er fast pr kommune og er på vel 6 mill kr, regionaltilskotet på vel 3 mill kr. Regionaltilskot er eit tilskot som fullt ut blir gitt til kommunar med under 3000 innb, og med

ein glidande overgang til null for kommunar med litt fleire innbyggjarar. Inndelingstilskotet blir reelt froze på det nivået det har det året kommunane slår seg saman, og varer i 10 år. Det er såleis føresett kompensasjon for prisstiging. Tilskotet vil deretter bli trappa ned over 5 år. I tider med normal rente blir ein tidshorisont på 10-15 år rekna for temmeleg lang.

1.8 Oppsummering av statlege premisser

I *Kommunal økonomi* 8/2002 står ei oppsummering av eit foredrag av ekspedisjonssjef Dale i KR D på konferansen "Kommuner under omstilling" i august 2002. Her er eit sitat frå oppsummeringa:

Staten vil bidra med følgende virkemidler for å lette arbeidet med omstilling og sammenslåing i kommunal sektor:

- Momsnøytralitet
- Krav om vurdering av skjønnstildeling
- Støtte til utredninger
- Delvis kompensasjon engangskostnader
- Fritak for statlige avgiftskrav
- Inndelingstilskudd (10 + 5 år)
- Erfaringsformidling/informasjon på ODIN

Av *Kommunal Rapport* 09.09.04 går det fram at t.d. Ølen og Vindafjord har fått tilsegn om 29 mill kr til dekning av eingongskostnader ved samanslåing, men ønskjer 4 mill kr til. Våle og Ramnes fekk 12 mill kr då dei gjekk saman til den nye Re kommune.

1.9 KOSTRA-grupper

I KOSTRA (KOMMune STAT RAPportering) er kommunane delte i 16 grupper. Det vil føre for langt å gjere nøye greie for denne inndelinga her. Kjelde for det følgjande er den rettleiinga som ligg på nettstaden til SSB. Kriteria for deling er: Folketal, bundne kostnader pr innb og frie disponible inntekter pr innb. Små kommunar har mindre enn 5000 innb, mellomstore frå 5000 til 19999 innb og store har minst 20000 innb. Bundne kostnader pr innb er eit mål for kommunen sine kostnader med å stette minstestandardar og lovpålagde oppgåver, og varierer med demografiske, sosiale og geografiske tilhøve. Frie disponible inntekter pr innb er eit mål for kor mykje kommunen har til rådvelde etter at dei bundne kostnadene er dekte, og kan vere ein peikepinn på kor stor økonomisk handlefridom ein kommune har. For dei to siste kriteria tyder *låg* at kommunen er mellom dei 25% av kommunane som scorar "lågast", *høg* mellom dei 25% av kommunane som scorar "høgst". Dei andre kommunane blir middels.

KOSTRA-inndelinga gjer det mogleg å samanlikne ein kommune med kommunar av liknande karakter. Slike grupperingar blir aldri fullgode. Tabell 1.1 viser kva gruppe kommunane i Romsdal og på Nordmøre høyrer heime.

Gruppe	Navn	Antall kommuner i gruppa	Kommunar i Romsdal	Kommunar på Nordmøre
Gr. 1	Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter	46	Aukra	Eide Gjemnes Tingvoll
Gr. 2	Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter	50	Midsund Sandøy	Rindal Tustna Smøla
Gr. 3	Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter	35		Aure
Gr. 4	Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter	11		
Gr. 5	Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter	43	Vestnes Neset	Halsa
Gr. 6	Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter	51		
Gr. 7	Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter	13	Fræna	
Gr.8	Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter	49		Kristiansund
Gr.9	Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter	8		Sunndal
Gr.10	Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter	27		Averøy Frei Surnadal
Gr.11	Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter	43	Rauma	
Gr.12	Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter	8		
Gr.13	Store kommuner utenom de fire største byene	36	Molde	
Gr.14	Bergen, Trondheim og Stavanger	3		
Gr.15	Oslo kommune	1		
Gr.16	De ti kommunene med høyest frie disponible inntekter per innbygger	10		
	I alt	434		

Tabell 1.1: Kommunane i Romsdal og på Nordmøre si plassering i KOSTRA-grupper.

Kjelde SSB

2 Innleiande om tenestetilbod og produktivitet

2.1 Detaljerte nøkkeltal

På nettstaden <http://www.ssb.no/kostra/> under Detaljerte nøkkeltal for kommunar kan ein sektorvis finne svært mykje informasjon som kan prentast ut t.d. i rekneark. Ein kan velje einskildkommunar, KOSTRA-grupper, kommunane i fylke og landsgjennomsnitt u/Oslo. Ein kan jamvel lage seg egne grupper, t.d. Romsdal eller Nordmøre. I samband med prosjektet er det sett på desse nøkkeltala. Stordriftsfordelar tilseier - ikkje heilt alvorleg meint – at arbeidet vert gjort tilgjengeleg. Tilsvarende arbeid kan vere gjort av andre, m.a. i samband med effektiviseringsnettverk. Eg har avgrensa sektorane til dei som er mest relevante å vurdere ved kommunesamanslåing, eller som departementet i sin rettleiar nemner som ønskjeleg å gjere greie for. Av ymse grunnar er også gjort vidare avgrensingar. Eg viser til vedlegg 1.

2.2 Utvalde dekningsgrader

Først litt om kva ein dekningsgrad er. Dersom ein t.d. innanfor institusjonsomsorg nyttar ein indikator som årsverk av pleiepersonell dividert på storleik målgruppe, kan denne delast i to. Først kan ein dividere årsverk av pleiepersonell på talet på institusjonsplassar. Denne brøken kan tolkast som uttrykk for *standard* (kanskje kvaliteten) på tilbodet. Så kan vi dividere talet på institusjonsplassar på storleik målgruppe. Denne brøken blir då *dekningsgraden*.

Statistisk sentralbyrå (SSB) har valt ut nokre nøkkeltal i form av dekningsgrader som særskilt viktige for å vurdere det kommunale tenestetilbodet. Tabell 2.1 viser desse for Romsdal.

2003 Dekningsgrad	Fræna	Aukra	Sandøy	Midsund	Neset	Rauma	Vestnes	Molde	Romsdal	Møre og Romsdal	Landet u/Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	53,5	58,1	85,1	79,3	56,1	66,0	66,1	78,4	68,8	68,6	68,6
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	3,0	5,2	4,2	8,4	7,5	9,8	7,5	4,2	5,5	6,2	5,7
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,1	9,6	15,0	7,5	10,5	8,3	10,6	7,7	8,8	8,6	8,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	5,3	4,9	8,1	5,2	4,3	7,4	4,7	10,7	7,8	7,4	7,9
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	76,5	84,9	73,2	86,5	71,0	81,9	56,8	74,5	74,1	75,0	72,0
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	90,2	96,0	100,0	80,6	88,4	100,0	91,8	69,6	85,7	87,0	85,1
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	16,4	24,3	20,8	17,6	22,4	20,6	21,3	15,8	18,5	16,2	14,6
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	4,5	2,9	3,2	3,5	3,8	4,0	..	3,8	3,8	4,0	4,7
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	3,8	1,1	3,6	1,6	2,8	4,1	2,4	3,3	3,2	3,3	3,4
Kirkelige stillinger i årsverk pr. 1000 innbygger
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	13,9	13,1	13,3	14,5	15,6	16,6	12,1	7,4	11,3	11,2	9,0
Syssel-, gangveier/turstier mv. i tettsteder m/kom. driftsansvar. km/10 000 innb. i tettsteder	145,0	184,0	20,0	-	9,0	19,0	27,0	9,0

Tabell 2.1: Romsdal. KOSTRA: Utvalde nøkkeltal. Dekningsgrader. Kjelde: SSB

Av tabell 2.1 går det fram at kommunane i Romsdal samla har bra dekningsgrad for dei fleste av dei utvalde områda. Dei sosiale tilhøva er etter venteleg etter måten gode, slik at det ventande at tala på ein indikatorar som t.d. Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år er låge. Teke omsyn til eit visst kjennskap til lokale tilhøve er gjerne indikatoren Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent den som kommunane i Romsdal kjem svakast ut på. På denne indikatoren ligg det neppe føre særleg tilhøve som skulle tilseie lågare dekningsgrad enn andre stader? Dersom ein ser på dei einskilde kommunane, blir biletet meir blanda, t.d. for indikatoren Andel barn 1-5 med barnehageplass.

2003 Dekningsgrad	Smøla	Tustna	Halsa	Aure	Rindal	Surnadal	Sunnal	Tingvoll	Gjemnes	Frei	Averøy	Eide	Kristiansund	Nordmøre	Møre og Romsdal	Kommunane u/Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	72,2	69,6	74,5	78,4	84,5	77,4	82,8	91,1	67,3	61,6	57,2	59,7	72,1	72,3	68,6	68,6
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	8,8	12,0	4,0	6,9	4,2	5,8	5,7	8,8	5,7	7,9	7,5	2,9	7,2	6,6	6,2	5,7
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,6	2,9	14,9	14,1	7,2	7,8	7,5	11,8	10,4	7,0	8,1	11,2	8,7	9,0	8,6	8,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,2	2,7	5,2	7,5	5,6	5,5	5,7	10,0	8,1	4,5	4,4	8,9	10,4	7,4	7,4	7,9
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	80,9	93,2	72,6	77,2	87,3	80,4	76,5	87,9	82,7	58,6	74,8	79,2	67,5	75,7	75,0	72,0
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	95,0	100,0	100,0	73,7	90,7	100,0	98,2	61,9	80,6	85,7	71,4	89,7	97,5	90,1	87,0	85,1
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	20,0	20,6	14,5	16,7	12,8	18,2	15,9	16,2	14,4	19,3	18,9	18,3	11,7	15,6	16,2	14,6
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	5,2	5,0	3,7	3,1	1,5	4,2	5,3	3,0	4,3	3,7	4,3	3,8	6,5	4,8	4,0	4,7
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	6,2	4,0	1,4	4,2	2,4	4,0	2,6	3,7	2,8	3,2	4,5	4,0	4,8	3,9	3,3	3,4
Kirkelige stillinger i årsverk pr. 1000 innbygger
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	15,6	40,4	25,7	27,1	11,3	15,1	18,0	17,9	17,0	7,4	13,3	14,0	5,9	13,3	11,2	9,0
Syssel-, gangveier/turstier mv. i tettsteder m/kom. driftsansvar. km/10 000 innb. i tettsteder	50,0	76,0	45,0	32,0	30,0	34,0	29,0	46,0	18,0	17,0
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbygger	20,0	19,0	35,0	24,0	26,0	16,0	27,0	25,0	28,0	5,0	6,0	17,0	35,0	23,0	20,0	20,0
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,2	0,6	0,6	0,5	1,8	0,5	0,3	0,3	0,4	0,2	0,5	0,1	0,3	0,4	0,6	0,8

Tabell 2.2: Nordmøre. KOSTRA: Utvalde nøkkeltal. Dekningsgrader

Kjelde: SSB

Av tabell 2.2 går det fram at kommunane på Nordmøre samla har bra dekningsgrad for dei fleste av dei utvalde områda. Dersom ein ser på dei einskilde kommunane, blir biletet meir blanda, t.d. for indikatoren Andel barn 1-5 med barnehageplass.

2.3 Det tekniske beregningsutvalget sine produksjonsindeksar for 2002

Det tekniske beregningsutvalget for kommunal og fylkeskommunal økonomi har ikkje hittil (aug 2004) lagt fram produksjonsindeksar for 2003.

For åra frå og med 2000 har utvalet på grunnlag av KOSTRA-data rekna ut ein produksjonsindeks for kommunane. Produksjonsindeksen seier noko om kommunen sin samla tenesteproduksjon. Han er vekta saman av indeksar for sektorar. Tabell 2.3 viser korleis produksjonsindeksar er framstilt, og tabell 2.4 viser resultatet for kommunane i Romsdal og på Nordmøre.

Sektor/ Indikator	Vekt
Barnehage (BH)	
Alderskorrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager i forhold til antall barn 0-5 år (alderskorrigert)	0,844
Antall m ² leke og uteareal per barn i kommunale barnehager	0,086
Andel barn 0-5 år i privat barnehage med kommunal støtte	0,035
Støttebeløp per barn	0,035
Grunnskole (GS)	
Årstimer per elev	0,936
Andel innbyggere i alderen 6-9 år med plass i kommunale SFO	0,032
Andel av brukerne av SFO med oppholdstid 15 timer eller mer	0,032
Primærhelsetjeneste (PH)	
Antall legeårsverk per 10 000 innbyggere	0,361
Antall fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere	0,361
Antall helsesøsterårsverk per 10 000 innbyggere 0-6 år (f 232)	0,278
Pleie og omsorg (PO)	
Andel av innbyggerne over 80 år som mottar hjemmetjenester	0,218
Andel av innbyggerne over 80 år med plass i institusjon	0,270
Andelen av institusjonsplasser som er i enerom	0,270
Andel brukere av hjemmetjeneste med både praktisk bistand og hjemmesykepleie	0,218
Andel av innbyggerne over 80 år med botilbud utenfor institusjon	0,024
Barnevern (BV)	
Andel barn 0-17 år omfattet av barnevernsundersøkelse	0,315
Andel barn 0-17 år omfattet av tiltak	0,685
Sosialkontortjenester (SK)	
Andel innbyggere 20-66 år som mottar økonomisk sosialhjelp	0,500
Gjennomsnittlig utbetaling per stønadsmåned	0,500
Teknisk sektor (TEK)	
Andel av innbyggerne tilknyttet kommunal vannforsyning	0,224
Andel av vannkvalitetsprøver med godkjent resultat	0,224
Andel av innbyggerne tilknyttet kommunal avløpsordning	0,552

Samlet indeks (TOT)	
Barnehager	0,103
Grunnskole	0,353
Primærhelsetjeneste	0,060
Pleie og omsorg	0,384
Barnevern	0,032
Sosialkontortjenester	0,068

Tabell 2.3: Oversikt over indikatorar og vektorer i delindeksane og i samla produksjonsindeks for 2002

Kjelde: Kommunal- og regionaldepartementet (2003b)

	Delindeksar						Samla produksjonsindeks
	Barnehagar	Grunnskule	Barnevern	Primærhelse-teneste	Pleie- og omsorg	Sosialkontortjenester	
Molde	92,7	92,1	85,2	110,0	97,5	84,1	94,5
Vestnes	77,1	109,2	72,8	91,2	117,1	47,4	102,5
Rauma	110,1	104,7	75,5	80,2	121,1	79,2	107,4
Neset	106,0	122,1	52,5	97,0	115,3	77,4	111,0
Midsund	139,5	118,8	47,9	80,5	117,5	92,9	114,1
Sandøy	153,9	129,2	78,6	68,6	124,7	48,3	119,2
Aukra	124,7	111,3	30,8	85,2	124,5	80,1	111,5
Fræna	48,7	106,8	109,2	93,8	127,1	82,9	106,3
Romsdal	91,9	102,8	80,3	97,6	111,6	78,2	102,3
Kristiansund	117,8	95,3	130,7	112,1	92,4	120,4	100,4
Eide	127,9	100,2	128,1	110,2	112,7	77,3	107,8
Averøy	76,8	110,0	152,5	88,2	98,8	82,8	100,5
Frei	64,2	101,5	87,5	85,1	122,7	89,3	103,6
Gjemnes	118,2	135,1	52,9	113,8	113,5	105,1	119,1
Tingvoll	183,1	122,2	122,6	96,8	100,8	49,6	113,8
Sunndal	208,2	110,3	81,8	92,6	121,8	95,8	121,8
Surnadal	122,6	108,2	93,5	81,5	110,3	88,8	107,1
Rindal	173,8	89,0	78,7	91,2	111,8	34,7	102,6
Aure	188,4	122,3	95,3	122,5	113,0	54,3	120,1
Halsa	135,0	136,0	18,8	136,2	117,5	82,9	121,4
Tustna	153,2	134,1	107,5	124,4	107,4	81,8	120,8
Smøla	146,6	126,0	90,8	126,8	120,8	72,9	121,4
Nordmøre	131,7	107,3	106,1	101,9	106,8	91,4	108,2

Tabell 2.4: Delindeksar for sektorane og samla produksjonsindeks for kommunane i Romsdal og på Nordmøre

Kjelde: Kommunal- og regionaldepartementet (2003b)

Terminologien innan produktivitets- og effektivitetsanalyse er svært varierende. Her er ein variant som vonleg likevel set produksjonsindeks i ein samanheng. *Effektivitet (E)* blir definert som *effekt (e)* dividert på *ressursbruk (r)*. Effekt kan presiserast som *grad av måloppfyllding*. Når ein kommune lagar sine målsettingar er det rimeleg å vente at kommunen tek omsyn til m.a. kvalitetskrav og preferansane til innbyggjarane. *Produkt (produksjon) (p)* vert definert som produsert mengde av varer og tenester, for kommunar mest tenester. Dersom ein no set inn p både i teljar og nemnar i brøken som viser E , vil vi få $E = P$ multiplisert med

e/p , der *produktivitet* ($P = p/r$). Populært kan ein seie at e/p viser i kva grad ein ”produserer dei retta produkta”, medan P viser kor ”rett måte produkta vert produserte på”. Effektivitet er å ”produsere dei rette produkta på rett måte”.

Ideelt er det effektivitet ein bør klarleggje, men måling av effekt er ofte så vanskeleg at ein resignerer. Enkelt sagt viser produksjonsindeksar verken produktivitet eller effektivitet, men prøver ved hjelp av *indikatorar* (nøkkeltal) å seie noko om produkt. Nokre av indikatorane er nok likevel bra peikepinnar på effekt, t.d. andel einarom på institusjonar. Utvalet legg og fram tal som gjev grunnlag for å seie noko om produktiviteten i kommunane, sjå tabell 2.5.

I tabell 2.4 er 100 er gjennomsnittleg. Data for 384 kommunar ligg til grunn. Folketal er brukt som vektorer for utrekning av indekstar for Romsdal og Nordmøre. Utvalet presenterer ikkje delindeks for tekniske tenester pga manglande data. For kultur og samferdsel har utvalet ikkje funne tilfredsstillande indikatorar å leggje til grunn. I tabell 2.4 kan ein samanlikne delindeksane med samla produksjonsindeks og sjå kva sektorar dei ymse kommunane har større delindeks enn samla indeks for. Ein kan tolke dette som uttrykk for prioritering, men ikkje lausrive frå behov. Det er t.d. grunn til å tru at den låge satsinga på sosialkontortjenester hadde samanheng med mindre behov enn gjennomsnittleg for landet. Likevel synest det utifrå dette materialet å vere til dels store skilnader i kva sektorar kommunane satsa på.

Det tekniske beregningsutvalget for kommunal og fylkeskommunal økonomi gjer ei vidare utrekning som kan tolkast som ein freistnad på å seie noko om produktivitet. Utvalet innfører omgrepet *korrigert inntekt*. Dette er inntektene, som omfattar inntekts- og formuesskatt, rammeoverføringar og konsesjonskraftinntekter, korrigert for skilnader i berekna utgiftsbehov. Kostnadsnøkkelen i inntektssystemet vert nytta til å deflatere dei frie inntektene. 100 gjev uttrykk for normal korrigert inntekt. Når tilhøvet mellom samla produksjonsindeks og korrigert inntekt er stort, kan dette tolkast slik at kommunen får mykje ut av dei økonomiske ressursane han har til rådvelde, etter at det er teke omsyn til kor kostbar kommunen er å drive (m.a. av demografiske, sosiale og geografiske årsaker). Tabell 2.5 viser denne informasjonen for kommunane i Romsdal og på Nordmøre.

Med unntak av Molde blir TOT/KI for alle kommunane i Romsdal og på Nordmøre større enn 1. Dette tyder på at produktiviteten er bra. Tala varierer likevel ein heil del.

Vekta med folketal pr 01.01.04 blir TOT/KI for Romsdal 1,07. Vekta på same vis vert KI 95,8. Sjølv med klart mindre korrigerte inntekter enn gjennomsnittet for kommunane i materialet, klarer kommunane i Romsdal å produsere vel 2% meir i følgje dei indeksane utvalet legg til grunn.

Vekta med folketal pr 01.01.04 blir TOT/KI for Nordmøre 1,10. Vekta på same vis vert KI 98,1. Sjølv med noko mindre korrigerte inntekter enn gjennomsnittet for kommunane i

materialet, klarer kommunane på Nordmøre å produsere vel 8% meir i følge dei indeksane utvalet legg til grunn.

Noko av forklaringa på dei bra tala kan vere at kommunane i Romsdal og på Nordmøre produserer lite på teknisk sektor, som ikkje er med.

	Samla produksjonsindeks (TOT)	Korrigert inntekt (KI)	TOT/KI
Molde	94,5	96,0	0,98
Vestnes	102,5	93,0	1,10
Rauma	107,4	93,0	1,15
Neset	111,0	98,0	1,13
Midsund	114,1	100,0	1,14
Sandøy	119,2	105,0	1,14
Aukra	111,5	96,0	1,16
Fræna	106,3	95,0	1,12
Romsdal	102,3	95,8	1,07
Kristiansund	100,4	96,0	1,05
Eide	107,8	94,0	1,15
Averøy	100,5	93,0	1,08
Frei	103,6	91,0	1,14
Gjemnes	119,1	96,0	1,24
Tingvoll	113,8	92,0	1,24
Sunndal	121,8	113,0	1,08
Surnadal	107,1	95,0	1,13
Rindal	102,6	102,0	1,01
Aure	120,1	119,0	1,01
Halsa	121,4	97,0	1,25
Tustna	120,8	102,0	1,18
Smøla	121,4	99,0	1,23
Nordmøre	108,2	98,1	1,10

Tabell 2.5: Samla produksjonsindeks og korrigert inntekt og tilhøvet mellom dei for kommunane i Romsdal og på Nordmøre

Kjelde: Kommunal- og regionaldepartementet (2003b)

Det er heller nytt at det vert rekna ut slike produksjonsindeksar. Sjølv om verken omgrepa eller framgangsmåten er fullgode, noko utvalet sjølv presiserer, representerer dette ein systematisk måte å bruke KOSTRA-data på.

2.4 "Hjulet"

På landsbasis vert det arbeidd ut eit såkalla Styrings- og informasjonshjul for helse- og sosialtjenestene i kommunene.

Tabell 2.6 byggjer på decilar (tidelar). Tabellen viser Behov til høgre, ved hjelp av eit par indikatorar. Gjennomsnittet av desse blir delindeks II for Behov. Låg indeks tyder høgt behov. Tre Tjenester er vist midt i tabellen, og delindeks I er rekna ut for dei. Låg indeks tyder godt utbygde tenester. T.d. har ca 25% av kommunane/bydelane større behov enn Nasset, medan ca 35% har betre utbygde tenester. Når ein så i første kolonne dividerer delindeks II på delindeks I, får ein eit tal som illustrerer kor godt utbygde tenestene er i høve til behovet. Kommunar med indeks over 1 har over gjennomsnittleg utbygde tenester i høve til behovet. Det er landsgjennomsnittet som set grensa.

Pleie- og omsorgstjenesten i kommunene. Indekser for behov og utbygging av tjenester. 2003									
	Samsvar mellom tjenester og behov	Tjenester				Behov			
		Indeks	Delindeks I	Mottakere hjemmetjenester	Plasser i eldreinstitusjoner	Årsverk pleie og omsorg	Delindeks II	Andel innbyggere 67-79 år	Andel innbyggere 80 år +
Molde	1	7,3	8	7	7	7,5	8	7	
Vestnes	2,6	2,7	5	2	1	7	8	6	
Rauma	0,6	5,3	8	2	6	3	3	3	
Nasset	0,8	4	8	1	3	3	3	3	
Midsund	0,4	5	7	3	5	2	2	2	
Sandøy	0,4	2,3	1	2	4	1	1	1	
Aukra	1,1	5	8	2	5	5,5	6	5	
Fræna	1,3	6,3	6	6	7	8	9	7	
Kristiansund	0,8	7	7	7	7	5,5	5	6	
Eide	1,1	7	8	5	8	7,5	7	8	
Averøy	1,1	5,7	6	5	6	6	7	5	
Frei	1,1	9	10	7	10	10	10	10	
Gjemnes	0,7	6,3	6	6	7	4,5	6	3	
Tingvoll	0,5	4,7	6	4	4	2,5	3	2	
Sunndal	0,8	5	7	4	4	4	3	5	
Surnadal	0,9	5	5	5	5	4,5	5	4	
Rindal	0,5	2	2	1	3	1	1	1	
Aure	1,3	3	1	4	4	4	5	3	
Halsa	0,3	4,3	4	3	6	1,5	2	1	
Tustna	0,8	3,3	1	3	6	2,5	2	3	
Smøla	0,7	3	4	2	3	2	1	3	

Tabell 2.6: Indeksar for pleie- og omsorg

Kjelde: "Hjulet" 2003, SSB

2.5 Skulestruktur

Skulestruktur er eit tema som har vore framme i debatten i mange kommunar dei siste åra. Eg kjenner likevel ikkje til i kva grad dette har vore tilfelle i Romsdal og på Nordmøre. Informasjonen i tabell 2.7 finst i vedlegg 1 også, men er lettare tilgjengeleg i tabellen. Ymse tilhøve, særleg geografiske, vil naturlegvis måtte trekkjast inn ved vurderinga.

Gruppe	Navn	Elever pr kommunal skule, gruppegj.sn	Kommunar i Romsdal	Kommunar på Nordmøre
Gr. 1	Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter	135	Aukra 148	Eide 128 Gjemnes 79 Tingvoll 97
Gr. 2	Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter	117	Midsund 83 Sandøy 143	Rindal 142 Tustna 71 Smøla 68
Gr. 3	Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter	90		Aure 66
Gr. 4	Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter			
Gr. 5	Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter	94	Vestnes 162 Neset 91	Halsa 66
Gr. 6	Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter			
Gr. 7	Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter	222	Fræna 169	
Gr.8	Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter	218		Kristiansund 250
Gr.9	Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter	146		Sunndal 115
Gr.10	Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter	158		Averøy 111 Frei 228 Surnadal 123
Gr.11	Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter	137	Rauma 151	
Gr.12	Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter			
Gr.13	Store kommuner utenom de fire største byene	264	Molde 206	
Gr.14	Bergen, Trondheim og Stavanger			
Gr.15	Oslo kommune			
Gr.16	De ti kommunene med høyest frie disponible inntekter per innbygger			
	I alt			


Tabell 2.7: Elevar pr kommunal skule

Kjelde: SSB

3 Brutto driftsutgifter

3.1 Innleiing

Figur 3.1 viser Brutto driftsutgifter kr pr innb 2003 i kommunane i Romsdal og på Nordmøre. Kommunane er samanlikna med KOSTRA-gruppa si. Ein må vere varsam med tolkinga av dette, då utgiftsbehovet i einskildkommunar innan same gruppe kan variere ganske mykje. Gruppe 1- 6 er små kommunar, gruppe 7-12 mellomstore og gruppe 13-15 store kommunar. Figuren viser at dei små kommunane gjennomgåande har større brutto driftsutgifter pr innb enn dei mellomstore og store. Også når det gjeld dette må ein vere varsam med tolkinga. T.d. kan små kommunar i distrikta ha mange eldre, noko som aukar utgiftsbehovet. Gruppe 9 har ”høye frie disponible” inntekter. Sunndal og gruppe 9 synest illustrere eit viktig poeng som gjer det vanskeleg å tolke kommunaløkonomiske data. Poenget er at kommunane har ein tendens til å bruke dei pengane ein har. Samanhengen mellom faktiske utgifter og eit ”objektivt” behov blir då uklar. Når ein skal vurdere mogleg innsparingar, burde ”objektivt” behov liggje til grunn. Til vidare illustrasjon av dette kan ein merke seg at gjennomsnittet for gruppe 1, 2 og 3 aukar i den rekkefølga, tilsvarende låge, middels og høge disponible inntekter. Alle desse tre gruppene har middels bundne kostnader.



Figur 3.1: Brutto driftsutgifter kr pr innb for kommunane i Romsdal og på Nordmøre samanlikna med KOSTRA-gruppa si

Kjelde SSB

Gruppe 5 er einaste aktuelle gruppe med høge bundne kostnader. Dette er såleis kommunar som rimelegvis brukte ein del pengar i drifta. Gruppe 7 hadde både låge bundne kostnader og låge frie disponible inntekter. Realiteten var i samsvar med dette.

Ved å jamføre figur 3.1 tabell 1.1 kan ein gjere seg vidare tankar. Hovudintrykket er at sjølv om slike inndelingar aldri blir fullgode, så synest tilhøva i Romsdal og på Nordmøre i store trekk å passe bra inn i eit forventa mønster. Dette er ei vurdering å ha i mente ved nøyare vurdering av eksisterande kommunar i høve til si KOSTRA-gruppe.

I KOSTRA er den kommunale verksemda delt i 16 sektorar: Adm, styring og fellesutg.; Barnehage; Grunnskoleopplæring; Kommunehelse; Pleie og omsorg; Sosialtj.; Barnevern; Vann; avløp, renov./avfall; Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø; Kultur; Kirke; Samferdsel; Bolig; Næring; Brann og ulykkesvern og Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde.

Tabell 3.1 viser brutto driftsutgifter for 2003 for kommunane i Romsdal fordelt på sektorar. Vedlegg 2 tilsvarande tabell for kommunane på Nordmøre. Vedlegg 3 og 4 viser detaljar på funksjonsnivå i KOSTRA..

Brutto driftsutgifter 2003 etter KOSTRA-funksjonar																
1000kr/kr pr innb 1.1.2004																
	Molde		Vestnes		Rauma		Nesset		Midsund		Sandøy		Aukra		Fræna	
Adm, styring og fellesutg.	75664	3147	34299	5368	27438	3741	15849	4951	9205	4782	8993	7031	15459	5060	23065	2562
Barnehage	70123	2917	14541	2276	17033	2322	9647	3014	6390	3319	4525	3538	8672	2839	16536	1837
Grunnskoleopplæring	215880	8980	79008	12366	76528	10435	39076	12207	21586	11214	14198	11101	34545	11308	98374	10926
Kommunehelse	32186	1339	12875	2015	10160	1385	6601	2062	5161	2681	2813	2199	5130	1679	13649	1516
Pleie og omsorg	256753	10680	152161	23816	92824	12657	49923	15596	33533	17420	22214	17368	39068	12788	106515	11830
Sosialtj.	26378	1097	7281	1140	5448	743	2557	799	4019	2088	532	416	2251	737	9926	1102
Barnevern	17299	720	3477	544	3163	431	925	289	319	166	358	280	439	144	5664	629
Vann, avløp, renov./avfall	44791	1863	7715	1208	11978	1633	6852	2141	3643	1892	3453	2700	9406	3079	17614	1956
Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø	12721	529	3410	534	4323	589	1665	520	579	301	706	552	2363	773	6489	721
Kultur	25204	1048	5112	800	6792	926	3603	1126	1188	617	1373	1073	2113	692	4345	483
Kirke	9256	385	3112	487	2862	390	3230	1009	818	425	1263	987	1255	411	2951	328
Samferdsel	32894	1368	4412	691	6430	877	2954	923	1498	778	653	511	2236	732	7823	869
Bolig	8461	352	8353	1307	1647	225	1141	356	2996	1556	1138	890	1179	386	5073	563
Næring	5446	227	2146	336	4743	647	2910	909	659	342	308	241	1129	370	3916	435
Brann og ulykkesvern	20191	840	4056	635	4469	609	3162	988	1239	644	687	537	1107	362	3988	443
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1189	49	0	0	279	38	20	6	69	36	3519	2751	0	0	0	0
	854436	35541	341958	53523	276117	37649	150115	46896	92902	48261	66733	52176	126352	41359	325928	36198

Tabell 3.1: Romsdal. Fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar

Kjelde: SSB

Tabell 3.2 og 3.3 viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar for 2003. Merk kolonnane for samanlikning med alle kommunane høvesvis i Romsdal/Nordmøre, i Møre og Romsdal og landet utanom Oslo.

Sektorinndelinga er ikkje heilt uttømande for kommunane sine brutto driftsutgifter og sjukelønsrefusjon er trekt frå. Størst avvik av kommunane i Romsdal og på Nordmøre har Aure der lista berre dekkjer 89,5% av brutto driftsutgifter i 2003, jf Sum i tabellane 3.2 og 3.3 som ikkje er 100%.

	Molde	Vestnes	Rauma	Nasset	Midsund	Sandøy	Aukra	Fræna	Romsdal	M og R	K u/Oslo
Adm. styring og fellesutg.	8,6	9,7	9,6	10,2	9,5	12,3	11,6	6,8	9,0	8,4	8,2
Barnehage	7,9	4,1	5,9	6,2	6,6	6,2	6,5	4,9	6,3	6,8	7,6
Grunnskoleopplæring	24,4	22,3	26,7	25,1	22,2	19,4	26,0	29,1	24,9	25,3	24,9
Kommunehelse	3,6	3,6	3,5	4,2	5,3	3,8	3,9	4,0	3,8	4,3	4,2
Pleie og omsorg	29,0	43,0	32,4	32,0	34,5	30,4	29,4	31,5	32,4	28,9	26,3
Sosialtj.	3,0	2,1	1,9	1,6	4,1	0,7	1,7	2,9	2,5	3,1	4,4
Barnevern	2,0	1,0	1,1	0,6	0,3	0,5	0,3	1,7	1,4	1,6	2,2
Vann, avløp, renov./avfall	5,1	2,2	4,2	4,4	3,8	4,7	7,1	5,2	4,5	4,8	5,2
Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø	1,4	1,0	1,5	1,1	0,6	1,0	1,8	1,9	1,4	1,3	1,5
Kultur	2,8	1,4	2,4	2,3	1,2	1,9	1,6	1,3	2,1	2,5	3,3
Kirke	1,0	0,9	1,0	2,1	0,8	1,7	0,9	0,9	1,1	1,2	1,1
Samferdsel	3,7	1,2	2,2	1,9	1,5	0,9	1,7	2,3	2,5	2,5	1,9
Bolig	1,0	2,4	0,6	0,7	3,1	1,6	0,9	1,5	1,3	1,7	2,0
Næring	0,6	0,6	1,7	1,9	0,7	0,4	0,8	1,2	0,9	1,3	1,4
Brann og ulykkesvern	2,3	1,1	1,6	2,0	1,3	0,9	0,8	1,2	1,7	1,5	1,5
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	0,1	0,0	0,1	0,0	0,1	4,8	0,0	0,0	0,2	0,7	0,3
Sum	96,5	96,6	96,4	96,3	95,6	91,2	95,0	96,4	96,0	95,9	96,0

Tabell 3.2: Romsdal. Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar 2003

Kjelde: SSB

	Kristiansund	Eide	Averøy	Frei	Gjemnes	Tingvoll	Sunnal	Surnadal	Rindal	Aure	Halsa	Tustna	Smøla	Nordmøre	M og R	K u/Oslo
Adm. styring og fellesutg.	5,5	10,1	7,7	9,5	7,7	10,4	6,9	9,7	9,9	10,6	12,3	18,1	9,1	8,3	8,4	8,2
Barnehage	7,1	7,3	4,1	8,7	8,1	6,9	7,4	6,0	8,0	7,4	7,1	4,2	5,8	6,9	6,8	7,6
Grunnskoleopplæring	21,0	28,6	29,2	34,9	28,1	20,7	23,0	24,0	19,2	19,6	21,0	24,1	23,1	23,9	25,3	24,9
Kommunehelse	4,1	3,5	4,1	5,4	4,4	4,6	3,6	4,1	3,8	5,8	4,8	5,9	13,0	4,7	4,3	4,2
Pleie og omsorg	28,5	23,4	31,6	19,4	28,8	24,7	28,8	31,4	34,8	26,0	29,9	26,1	26,0	28,0	28,9	26,3
Sosialtj.	6,8	1,8	2,6	3,6	3,2	4,8	3,7	1,9	0,8	1,3	1,4	1,7	1,6	3,7	3,1	4,4
Barnevern	2,1	1,6	3,3	2,5	1,6	1,0	1,2	1,3	1,4	2,0	0,5	0,9	1,2	1,7	1,6	2,2
Vann, avløp, renov./avfall	5,6	2,6	4,0	4,7	3,2	3,9	3,9	3,4	3,6	4,5	3,5	2,1	4,5	4,3	4,8	5,2
Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø	1,6	1,1	0,8	1,0	1,2	0,5	1,6	0,7	1,4	1,5	1,1	0,0	0,9	1,2	1,3	1,5
Kultur	4,5	1,9	1,9	2,2	2,9	3,0	4,6	3,0	2,7	1,3	3,1	1,8	1,5	3,2	2,5	3,3
Kirke	1,0	0,9	1,2	0,7	1,5	1,3	0,9	1,7	1,2	1,4	1,0	1,1	1,3	1,1	1,2	1,1
Samferdsel	2,1	1,4	1,6	1,0	1,2	1,2	2,0	3,5	1,6	2,5	1,6	1,7	1,4	1,9	2,5	1,9
Bolig	2,7	1,0	0,6	0,4	1,6	1,5	1,7	1,3	2,0	1,6	2,1	1,7	1,5	1,7	1,7	2,0
Næring	0,6	0,6	0,9	0,2	1,9	1,7	1,6	3,0	5,2	3,0	4,1	1,5	4,8	1,7	1,3	1,4
Brann og ulykkesvern	2,4	1,3	1,1	1,2	1,9	0,8	1,1	1,0	1,2	1,0	1,1	1,1	1,3	1,5	1,5	1,5
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	0,4	8,2	0,8	0,7	0,0	7,7	3,9	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,7	0,7	0,3
Sum	96,0	95,3	95,5	96,1	97,3	94,7	95,9	96,0	96,8	89,5	94,6	92,0	97,0	95,5	95,9	96,0

Tabell 3.3: Nordmøre. Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar 2003


Kjelde SSB

3.2 Samanlikning med KOSTRA-grupper

Vi skal no samanlikne den prosentvise fordelinga av kommunane i Romsdal og på Nordmøre sine brutto driftsutgifter i 2003 med gjennomsnittet i dei gruppene kommunane høyrer til. Vedlegg 5 viser indeksane i utgiftsutjamninga i inntektssystemet for 2004 for kommunane, og for kvart kriterium. Sjølv om det i vedlegg 5 er landsgjennomsnittet og ikkje gruppegjennomsnittet som er 1, kan desse indeksane vere nyttige for å vurdere den prosentvise delen av brutto driftsutgifter ein kommune brukar på ein sektor. Indeksane i vedlegg 5 er meint å jamne ut for den innverknad ulike demografiske, sosiale og geografiske tilhøve har på utgiftsbehovet til administrasjon, skule, helse/sosial og landbruk/miljø.

I figur 3.2 kan følgjande trekkjast fram. Det finst ingen sektorar der alle dei aktuelle lokale kommunane brukte meir enn gjennomsnittet i gruppa, og det er berre på barnevern at alle brukte mindre. Av ein eller annan grunn har Eide og Tingvoll vesentlege brutto driftsutgifter til Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde (8,2 og 7,7 %). Dette må ein ta omsyn til når dei andre tala for desse kommunane vert vurderte, t.d. at begge ligg lågt for Pleie- og omsorg. I dette lys vert også Eide og Tingvoll si plassering i kvar sin ende når det gjeld den andre store sektoren Grunnskoleopplæring eit viktig poeng. I gruppa er


Grunnskoleopplæring og Pleie- og omsorg om lag like store. For dei lokale kommunane er det til dels store variasjonar begge vegar. Det er ventande at gjennomsnitt av mange tilfelle jamnar ut slike tal. Påvising av dei lokale variasjonane kan likevel opne for ein interessant debatt, t.d. om i kva grad det tale om ulik politisk prioritering. For Aukra sin del ser ein kanskje utslag av den store gassutbygginga på Adm., styring og fellesutg og Vann, avløp, renov./avfall. og kanskje eit par sektorar til?



Figur 3.2: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kommunar i Romsdal og på Nordmøre i gruppe 1 og alle kommunar i gruppe 1


Kjelde: SSB

I figur 3.3 kan følgjande trekkjast fram. Det finst ingen sektorar der alle dei aktuelle lokale kommunane brukte meir eller mindre enn gjennomsnittet i gruppa. Men både for Barnevern, Vann, avløp, renov./avfall, Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø, Samferdsel og Brann og ulykkesvern er det (berre) ein av dei 5 lokale kommunane som tangerer gruppegjennomsnittet, resten brukte mindre. Dette kan tyde på at dei lokale kommunane er mindre "urbane" enn gruppegjennomsnittet. Av ein eller annan grunn har Sandøy vesentlege brutto driftsutgifter til Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde (4,8 %). Dette må ein ta omsyn til når dei andre tala for Sandøy kommunane vert vurderte. Dei små kommunane Sandøy med 1279 innb og Tustna med 1015 innb pr 01.01.04 brukte høvesvis mykje på Adm. styring og fellesutg. Dei lokale kommunane brukte ikkje høvesvis spesielt mykje på Grunnskoleopplæring samanlikna med gruppegjennomsnittet. Smøla skil seg ut med 13 % på Kommunehelse. Midsund og Rindal brukte ca 7 prosenteningar meir til Pleie og omsorg enn gruppegjennomsnittet. For Kultur er det berre Rindal som er på høgde med gruppegjennomsnittet. Det er stor variasjon i kor mange prosent dei lokale kommunane høvesvis brukte på Næring.



Figur 3.3: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kommunar i Romsdal og på Nordmøre i gruppe 2 og alle kommunar i gruppe 2

Kjelde: SSB




Figur 3.4: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Aure kommune og alle kommunar i gruppe 2

Kjelde: SSB

I figur 3.4 kan følgjande trekkjast fram. Aure brukte høvesvis mindre til Adm. styring og fellesutg. enn gruppegjennomsnittet, og klart mindre til Kultur. Aure brukte høvesvis mykje til Pleie og omsorg, men lite til Grunnskoleopplæring.

Aure har for år 2004 ein samla indeks i utgiftsutjamninga i inntektssystemet på 1,2329, dvs kommunen blir rekna å vere vel 23% meir kostbar å drive enn ein gjennomsnittskommune i landet. ”Skole” er ein sektornøkkel i inntektssystemet. Ein kan rekne ut denne sektornøkkelen for ein kommune og for grupper av kommunar, og på det grunnlaget kunne seie om ein kommune høvesvis brukar meir enn gjennomsnittleg i gruppa, korrigert for dei omsyn utgiftsutjamninga i inntektssystemet er meint å ta. Det finst ein tilsvarande sektornøkkel for ”Helse- og sosial”, som femner om meir enn Pleie og omsorg. Å rekne fram slike delindeksar er eit noko tidkrevjande arbeid. Eg gjer berre merksam på at om ønskjeleg kan ein kome noko vidare mot ei sikrare vurdering av om det t.d. er geografiske og demografiske tilhøve som ligg bak at Aure brukte så mykje på Pleie og omsorg i høve til Grunnskoleopplæring. I *Møre-Nytt* 03.07.04 står ein slik analyse eg har gjort for ”Helse- og sosial” i Ørsta kommune.




Figur 3.5: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kommunar i Romsdal og på Nordmøre i gruppe 5 og alle kommunar i gruppe 5

Kjelde: SSB

I figur 3.5 kan følgjande trekkjast fram. Det finst ingen sektorar der alle dei aktuelle lokale kommunane brukte høvesvis meir enn gjennomsnittet i gruppa. Alle dei lokale kommunane brukte høvesvis mindre til Kommunehelse, Sosialtj., Barnevern og Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø enn gruppegjennomsnittet. Halså, som er den klart minste kommunen, brukte høvesvis mykje til Adm. styring og fellesutg. Vestnes brukte høvesvis svært mykje til Pleie og omsorg, venteleg ein etterverknad etter Hellandheimen. Dette slår så sterkt ut at det i grunnen er lite relevant å samanlikne Vestnes med noko slags gjennomsnitt. Figur 4.1 viser at Vestnes hadde etter måten store brutto driftsinntekter pr innb i 2003. Her er


det rimelegvis ein samanheng. Nesset brukte høvesvis mykje både på Grunnskoleopplæring og Pleie- og omsorg. Halsa skil seg ut med satsinga på Næring.

I figur 3.6 kan følgjande trekkjast fram. Fræna brukte høvesvis ein god del meir enn gruppegjennomsnittet til Pleie og omsorg og Samferdsel, og ein god del mindre til Barnehage og Kultur. Det verkar som om kommunen kan ha betre sosiale tilhøve enn gruppegjennomsnittet. Vedlegg 5 viser at Fræna ikkje har nemnande fleire eldre enn landsgjennomsnittet. Forklaringa på ressursbruken til Pleie og omsorg må difor vere ein annan enn t.d. i Ørsta, og ein vesentleg punkt er nok at Fræna høvesvis har svært mange fleire psykisk utviklingshemma.



Figur 3.6: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Fræna kommune og alle kommunar i gruppe 7


Kjelde: SSB



Figur 3.7: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kristiansund kommune og alle kommunar i gruppe 8

Kjelde: SSB

I figur 3.7 kan følgjande trekkjast fram. Kristiansund brukte høvesvis snart 7 prosenteningar mindre til Grunnskoleopplæring enn gjennomsnittet i gruppa, men 3,5 prosenteningar meir til Pleie og omsorg. Kristiansund brukte høvesvis lite til Adm. styring og fellesutg., Barnehage og Næring, men satsa på Kultur og Samferdsel. I ymse samanhengar vert Kristiansund trekt fram som ein kommune som slit noko med dei sosiale tilhøva, og denne statistikken motseier ikkje dette.




Figur 3.8: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Sunndal kommune og alle kommunar i gruppe 9


Kjelde: SSB

I figur 3.8 kan følgjande trekkjast fram. Også her ser vi at den lokale kommunen, Sunndal, brukte høvesvis meir til Pleie- og omsorg og mindre til Grunnskoleopplæring, Barnehage og Adm. styring og fellesutg. Sunndal brukte og klart mindre til Kommunehelse enn gruppegjennomsnittet. Vedlegg 5 viser at Sunndal har etter måten mange eldre under 90 år, men så tynnest det ut. Kommunen har få psykisk utviklingshemma, og talet på born i grunnskulealderen er om lag på landsgjennomsnittet.

I figur 3.9 kan følgjande trekkjast fram. Det finst ingen sektorar der alle dei aktuelle lokale kommunane brukte høvesvis meir enn gjennomsnittet i gruppa. Alle dei lokale kommunane brukte høvesvis mindre til Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø, Bolig og Brann og ulykkesvern. Berre Frei brukte høvesvis like mykje som gruppegjennomsnittet til Vann, avløp, renov./avfall. Frei peikte seg ut ved å bruke høvesvis mykje til Grunnskoleopplæring og lite til Pleie- og omsorg. Vedlegg 5 viser at kommunen har etter måten få eldre, og kommunen har ca 31% fleire i grunnskulealderen enn landsgjennomsnittet. Averøy brukte høvesvis klart meir til både Grunnskoleopplæring og Pleie og omsorg enn gruppegjennomsnittet. Surnadal peikar seg ut med satsinga på Samferdsel og Næring.




Figur 3.9: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kommunar på Nordmøre (ingen i Romsdal) i gruppe 10 og alle kommunar i gruppe 10
Kjelde: SSB



Figur 3.10: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Rauma kommune og alle kommunar i gruppe 11
Kjelde: SSB

I figur 3.10 kan følgjande trekkjast fram. Rauma brukte meir enn gjennomsnittleg i gruppa til Pleie og omsorg, men og til Grunnskoleopplæring. Vedlegg 5 viser at kommunen har etter måten mange eldre. Kommunen har ca 7% fleire i grunnskulealder enn gjennomsnittet i landet. Rauma brukte høvesvis mykje på Adm. styring og fellesutg.




Figur 3.11: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter p  sektorar. Molde kommune og alle kommunar i gruppe 13

Kjelde: SSB

I figur 3.11 kan f lgjande trekkjast fram. Molde brukte mindre til Kultur enn gjennomsnittleg i gruppa. Kommunen brukte meir enn gjennomsnittleg i gruppa til Pleie og omsorg. Vedlegg 5 viser at kommunen har noko fleire eldre enn landsgjennomsnittet, og venteleg blir avstanden ned til gjennomsnittet i gruppe 13 noks  stort. Kommunen brukte h vesvis mindre til Grunnskoleoppl ring enn gjennomsnittet i gruppa. Molde brukte h vesvis mykje p  Adm. styring og fellesutg. Etter indeksane i utgiftsutjamninga i inntektssystemet   gjere har Molde gode sosiale tilh ve. Dette kopla med aldersfordelinga gjev visse likskapstrekk med t.d. ein ”bygdebykommune” som  rsta, men n ringsstrukturen med mange ”funksjon rar” kan og spele ei rolle b de for dei sosiale tilh va og visstnok ogs  for kor gamle folk blir. Molde satsa p  Samferdsel.

4 Brutto driftsinntekter

Figur 4.1 viser Brutto driftsinntekter kr pr innb 2003 for kommunane i Romsdal og på Nordmøre jamført med gjennomsnittet for dei KOSTRA-gruppene kommunane er med i.




Figur 4.1: Brutto driftsinntekter kr pr innb 2003


Kjelde: SSB

Delar av brutto driftsinntekter, og for så vidt driftsutgifter, må sjåast i samanheng med demografiske, sosiale og geografiske tilhøve. Det vert vist til vedlegg 5 som viser Indeksar i utgiftsutjamninga i inntektssystemet for 2004. Indeksane er meint å jamne ut for dei utslaga dei nemnde tilhøva har for utgiftsbehovet til administrasjon, skule, helse/sosial og landbruk/miljø.

I figur 4.2 er Skatt på formue og inntekt og Statlig rammeoverføring til saman såkalla *frie inntekter*. Vi ser at Vestnes skil seg ut med høvesvis låge slike, men kommunen hadde store brutto driftsinntekter pr innb i 2003. Store øymerka tilskot som etterverknad etter Hellandheimen er venteleg forklaringa. Av ein eller annan grunn viser statistikken svært lite på Andre statlige tilskudd til driftsformål for Sandøy. Også Nesset hadde ein liten del Andre statlige driftsformål, men Nesset, som einaste kommune i Romsdal og på Nordmøre, var med eit forsøk med rammefinansiering avvikla ved årsskiftet 2003-04 (Kommunal- og regionaldepartementet 2002-2003:70). Det var ganske stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kva inntektskjelder kommunane hadde.



Figur 4.2: Romsdal. Brutto driftsinntekter 2003 prosentvis etter kjelde
Kjelde: SSB



Figur 4.3 Nordmøre. Brutto driftsinntekter 2003 prosentvis etter kjelde
Kjelde: SSB

Av figur 4.3 går det fram at Sunndal og Aure tek inn ein god del på eigedomsskatt for dei store industrianlegga der. Av ein eller annan grunn viser statistikken lite eller inkje på Andre statlige tilskudd til driftsformål for Rindal, Aure og Smøla. Det er ganske stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kva inntektskjelder kommunane har.

5 Generelt om sektorvis innsparingspotensiale ved kommunesamanslåing

5.1 Studerte sektorar

Ein tek for seg dei sektorane/tenestene som etter litteraturen er mest aktuelle med tanke på stordriftsfordelar, eller er nemnde i departementet sin analyserettleiar for kommuneinndeling. Dette er:

- Administrasjon
- Barnehage
- Grunnskule
- Kommnehelse
- Pleie og omsorg
- Tekniske tenester
- Kultur

Sektorar/tenester der stordriftsfordelar etter litteraturen i stor grad kan uttømast innanfor noverande kommunegrenser, som Barnehage og Grunnskule, er mindre grundig drøfta enn andre sektorar/tenester.

5.2 Merknad

I den litteraturen eg kjenner til står Langørgen mfl (2002) i ei spesiell stilling ved å finne etter måten store innsparingar ved kommunesamanslåing på sektorar som Utdanning, Barnehagar og Pleie og omsorg. Ein kan ikkje i det lokale utgreiingsarbeidet ha ambisjonar om å avklare den faglege debatten. I ei kommunaløkonomisk utgreiing for vurdering av kommunestrukturen på Søre Sunnmøre (Dyrhol 2004) tydde eit meir praktisk utgangspunkt på at innan Grunnskule og Barnehage kan ev stordriftsfordelar om ønskjeleg stort sett takast ut innanfor noverande kommunegrenser. Det kan stille seg litt annleis ved institusjonsdrift innan Pleie og omsorg, men geografiske avstandar/hindringar og nylege investeringar gjorde i samband med staten si eldresatsing, kan lett gjere problemstillinga mindre aktuell. Det er grunn til å tru at tilhøva i regelen kan vere liknande i Romsdal og på Nordmøre.

Eksterne analysar mest utifrå statistikk kan i beste fall gje berre ein peikepinn over mogleg innsparingspotensiale ved endring av kommunestruktur. Ein konkret gjennomgang frå grunnen av synest vere nødvendig. Dette gjeld særleg for Tekniske tenester, som kan vere vanskeleg å vurdere, m.a. på grunn av:

- Ulike behov etter geografiske tilhøve, som t.d. topografi, klima og busetnadsmønster
- Varierande grad av bruk av egne folk/kjøpte tenester
- Uvisse kring ev ulik føring av interne tenester

- Varierende organisering, m.a. ulike selskapstypar med ulikt innslag i kommunale rekneskap, og allereie eksisterande interkommunalt samarbeid

På den andre sida er tekniske tenester mellom dei sektorane der litteraturen tilseier stordriftsfordelar.

5.3 Administrasjon

Administrasjon kan primært sjåast på som ei intern teneste. Det vanskeleg både å måle kva som vert produsert og kva effekt produktet har. Ein kan tenkje seg at utgifter til administrasjon ikkje aukar proporsjonalt med folketalet. Sjølv heller små kommunar vil gjerne ha ulike tilsette i administrative funksjonar, og ein treng ikkje alltid auke den administrative kapasiteten så mykje om folketalet aukar innan rimelege grenser. Både granskingar og utgreiingar om kommunesamanslåing reknar i regelen med slike stordriftsfordelar. Ein kan vel seie at innsparingar i administrasjon ofte vert hevda å vere det som lettast kan oppnåast. No tyder forskning på at små kommunar har hatt gode inntekter, og m.a. nytta dette til å halde ein høvesvis større administrasjon enn mellomstore og store kommunar har makta/prioritert. I mange kommunar utkantkommunar gjeld det og verdfulle arbeidsplassar for lokalsamfunna.

Når det gjeld kor stor ein kommune bør vere for å kunne administrerast på rimelegaste måte, verserer det ulike tal. Det har i alle høve vore hevda at det er etter måten lite å spare i kommunar over 5000 innb (ev 7000), og at optimal storleik er mellom 10000-19999 innb (Kalseth og Rattsø 1995). I Kalseth og Rattsø (1998) er 19000 innb nemnt som den optimale storleiken. Tal opptil 60000 innb er publisert i denne samanhengen (Myrvold og Toresen 2003:62), likevel slik at for kommunar med over ca 11000 innb er stordriftsfordelen liten. Talet 5000 innb vart i alle fall aktualisert ved Christiansen-utvalet (NOU-1992:15, side 139):

For kommuner med mer enn 5000 innbyggere er det fortsatt stordriftsfordeler, men kommunestørrelsen har her relativt liten økonomisk betydning.

Grefsrud og Hagen (2003:56) skriv:

Konklusjonene i Christiansenutvalgets utredning bygger på analyser utført ved Universitetet i Trondheim. Departementet oppdaterte analysene i forbindelse med St.melding 32 (1994-95). Den gjennomsnittlige administrasjonsandelen for alle kommunene var ca 18%. De minste kommunene brukte mest til administrasjon, både pr innbygger og målt som andel av brutto driftsutgifter. I analysen er det isolert for andre faktorer som også påvirker administrasjonsutgiftene; dvs inntektsnivå, befolkningssammensetning og bosettingsmønster bl.a. Når det korrigeres for ulikheter i disse faktorene, konkluderes det med at kommunestørrelsen har en effekt på administrasjonsutgiftene opp til en kommunestørrelse på 5000 innbyggere. Det konkluderes videre med at inntektsforskjeller pr innbygger er en viktig faktor bak ulikhetene i administrasjonsutgiftene. For øvrig har aldersstruktur og befolkningsvekst betydning, mens bosettingsmønsteret ikke ser ut til å være viktig for administrasjonsutgiftene. Det ble også beregnet samlet merutgift til kommuner som er mindre enn 15000 og 5000 innbyggere. Den rendyrkede merutgiften til kommuner med mindre enn 5000 innbyggere ble beregnet til 210 mill. kroner. Til sammenlikning ble de samlede administrasjonsutgiftene for alle kommunene beregnet til 10,5 mrd kroner.

Universitetet i Oslo gjorde videre en analyse der de beregnet de samlede mulige effektiviseringsgevinstene i kommunal administrasjon. Det er beregnet hvor stort merforbruk av ressurser til administrasjon den enkelte kommune har når en tar hensyn til at kommunene har forskjellige forutsetninger i forhold til inntektsnivå, folketall, bosettingsmønster osv. Mulighetene for effektivisering er målt i forhold til sammenliknbare referansekommuner med lavest administrasjonskostnader pr innbygger. Beregningene viste et samlet innsparingspotensial på 25% eller ca 1000 kroner pr innbygger. Innsparingspotensialet er relativt sett størst i de minste kommunene. Mesteparten av dette innsparingspotensialet kan imidlertid tas ut uten å slå sammen kommuner.

To undersøkelser fra Danmark (ref i Lundtorp 2000) bekrefter også at det er betydelige stordriftsfordeler i administrasjon. Ifølge en undersøkelse fra Indenrigsministeriet som er referert i Lundtorp (2000) er de åpenbare opp til en kommunistørrelse på 18.000 innbyggere. Den største mangel på stordriftsfordeler finnes blant de minste kommunene. Det ble ikke funnet stordriftsulempere i administrasjonen.

Dei ymse granskingane om administrasjonskostnader som konkluderer med ulike kommunestorleik byggjer på ulik metodikk. Data er frå ulike år, i fleire tilfelle helst litt gamle. Kva som vert definert som administrasjon kan og variere. Forskinga gjev eit noko uklart bilete når det gjeld minstestorleik/optimal storleik. Romsdal hadde pr 01.01.04 56228 innb, Nordmøre 60282. Granskingane til Kalseth og Rattsø kan tyde på at dersom rimeleg administrasjon er det aller viktigaste, så bør ein vere varsam med å skipe tradisjonelle kommunar med noko særleg over 20000 innb. Men heller ikkje dei påpeikar store meirkostnader ved å gå opp mot den storleiksorden som kan vere aktuelt for regionkommunar i Romsdal og på Nordmøre.

Maksimalt uttak av stordriftsfordelar i administrasjon ved kommunesamanslåing føreset ei klar avgjerd om kva stad som skal vere senter i den samanslåtte kommunen. Men ein del kan oppnåast ved å sentralisere ulike tenester til ulike stader, t.d. rekneskap til stad x og oppmåling til stad y . Stordriftsfordelar ved denne siste type sentralisering kan og oppnåast ved samarbeid. Ein bør i så fall merke seg at fordelar og ulemper for andre enn kommunar ved uttak av stordriftsfordelar på denne måten er dei same anten kommunane samarbeidar eller slår seg saman.

For andre enn kommuneorganisasjonen kan ulempene ved sentralisering av administrasjon gjerne vere mindre enn ved sentralisering av dei meir direkte tenesteytande sektorane. Dette gjer samanlikning med KOSTRA-gruppe meir aktuelt også for regionkommunar.

Når det vert vist til t.d. utgifter med administrasjon, kan det vere meint alt som i statistikken er med i Adm(inistrasjon), styring og fellesutg(ifter), som er ei samling av KOSTRA-funksjonane:

- 100 Politisk styring og kontrollorganer
- 120 Administrasjon
- 130 Administrasjonslokaler
- 170 Premieavvik
- 180 Diverse fellesutgifter
- 190 Interne serviceenheter

Utgiftene til direkte arbeidsleining på tenestestader skal ikkje førast under 120 Administrasjon, men det skal utgiftene til leiarar som hovudsakleg leiar andre, sjølv om denne leiarskapen er knytt til ein sektor. Utgifter til støttefunksjonar for styring og utvikling av heile kommunen skal og på 120 Administrasjon.

Det er grunn til å vere svært merksam på dei tre siste KOSTRA-funksjonane, slik at t.d. ikkje tilhøve kring føring av pensjonar påverkar konklusjonar om kor stort "byråkrati" kommunen har.

5.4 Barnehage

I Myrvold og Toresen (2003:73) står: "Moderate stordriftsgevinster". I følgje Ringstad og Løyland (1998) er økonomisk optimal storleik på barnehagar 49-58 heildagsplassar.

I regelen vil dette vere stordriftsfordelar som er uavhengige av kommunestruktur. Myrvold og Toresen (2003) skriv:

En sammenslåing av kommuner vil ikke redusere tallet på barnehager slik at kommunens utgifter vil være upåvirket.

I einskilde tilfelle kan grender i grannekommunar liggje slik til at større barnehagar kan ha med kommunestruktur å gjere, men slike stordriftsfordelar kan også oppnåast ved samarbeid.

5.5 Grunnskule

I Myrvold og Toresen (2003:73) står: "Moderate stordriftsgevinster". Granskingar gjort i samband med Christiansen-utvalet (NOU:1992:15, side 142) fann at innan kommunegrensene kunne ein spare 18% (1988 NOK 3500 pr elev) av såkalla normerte driftsutgifter ved ein økonomisk optimal skulestruktur. Ved å sjå bort frå kommunegrensene kunne ein spare ytterlegare 3,8 prosenteningar (1988 NOK 700 pr elev). Busetnadsmønster endrar seg ikkje (brått) ved kommunesamanslåing.

Kor vidt skular blir slått saman og klasser vert større har i regelen lite med kommunestruktur å gjere. Pedersen (1995:78) brukar følgjande velvalde generelle vendingar om slike tilhøve:

... små kommuner ofte netop er små, fordi de er beliggende i tyndt befolkede områder. Det er her ikke nødvendigvis selve kommunestørrelsen, men det forhold at det er vanskelig at operere med serviceinstitusjoner i stor skala i landområder hvis det ikkje skal blive for langt til brukerne, som kan give anledning til relativ høj gennemsnitsudgift på visse utgiftsområder.

I einskilde tilfelle kan grender i grannekommunar liggje slik til at skulestruktur kan ha med kommunestruktur å gjere, men slike stordriftsfordelar kan også oppnåast ved samarbeid. Kommunegrenser kan og skjere gjennom samanhengande bebygde område og gje auka kostnad i grunnskulen (NOU 1992:15 Christiansen-utvalet side 30, jf og Laudal og Steineke 2001:47). I desse tilfella kan stordriftsfordelane også oppnåast ved samarbeid.

5.6 Kommnehelse

I statistikken er Kommnehelse KOSTRA-funksjonane: 232 Forebygging - skole- og helsestasjonstjeneste, 233 Forebyggende arbeid, helse og 241 Diagnose, behandling, rehabilitering.

I Myrvold og Toresen (2003:73) står: "Stordriftsfordeler primært knyttet til legevakt". Legevakt kjem under 241 Diagnose, behandling, rehabilitering, der vi med Kjølvik (2004) sin kjelde skal sjå nøyare på stordriftsfordelar ved primærlegeteneste.

Utgiftene pr innb til primærlegeteneste minkar med aukande kommunestorleik inntil 30000 innb (Kjølvik 2004:9). Då er desse utgiftene rekna med (:9):

1. Lønnsutgifter til fastlønte leger og turnusleger
2. Basistilskudd m.m. til privatpraktiserende leger
3. Driftsutgifter til legevakt m.m.
4. Driftsutgifter til legesenter m.m.
5. Øvrige utgifter til primærlegetjenesten

Kommunane u/Oslo brukte i 2002 kr 738 gjennomsnittleg til primærlegetenesta. Tabell 5.1 viser brutto driftsutgifter til primærlegetenesta etter kommunestorleik.

Det er først og fremst lønskostnader til fastløna legar/turnuslegar og driftsutgifter til legesenter som gjer gjennomsnittlege brutto driftsutgifter pr innb større i mindre kommunar. Lønskostnaden pr innb er minst for kommunar mellom 30000-49999 innb. Driftsutgifter pr innb til legesenter er minst for kommunar med 50000+ innb. Driftsutgifter pr innb til legevakt m.m. er lågast for kommunar med mellom 10000-19999 innb (:10).

Statistisk sentralbyrå har ikkje tilsvarende data for einskildkommunar.

	Gjennomsnitt pr innbygger løpende kroner	Gjennomsnitt pr innbygger, indeks
	2002	2002
Totalt u/Oslo	738	100
0-1999	2337	316
2000-4999	1422	193
5000-9999	867	117
10000-19999	638	86
20000-29999	549	74
30000-49999	478	65
50000 +	531	72

Tabell 5.1: Brutto driftsutgifter primærlegetenesta etter kommunestorleik

Kjelde: Kjølvik 2004

Som nemnt minkar utgiftene til primærlegeteneste med aukande kommunestorleik inntil 30000 innb. Her er allereie teke omsyn til det samarbeid som finst mellom kommunar. Ein kan likevel tru at vidare stordriftsfordelar innan denne funksjonen kan oppnåast alternativt ved samarbeid eller samanslåing.

5.7 Pleie og omsorg

I statistikken er Pleie- og omsorgstjenester KOSTRA-funksjonane: 234 Aktivisering eldre og funksjonshemmede , 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon, 254 Pleie, omsorg, hjelp i hjemmet og 261 Botilbud i institusjon. Funksjon 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon og 261 Botilbud i institusjon omfattar institusjonar med heildøgns pleie- og omsorg, og slik at m.a. vaktmeister, kraft, vedlikehald og kapitalkostnader er skilt ut i funksjon 261.

Når ein skal vurdere pleie- og omsorg, er det viktig bakgrunnsinformasjon å kjenne til om kommunane har få eller mange eldre i dei ymse aldersklassene. Vedlegg 5 viser dette for kommunane i Romsdal og på Nordmøre. I Halså og Tingvoll har t.d. over dobbelt så mange innbyggjarar over 90 år i høve til folketallet enn ein gjennomsnittleg kommune i landet. Ein indeks på 1 er gjennomsnittleg. Ein ser til dels svært store skilnader mellom kommunane.

5.7.1 Institusjonsomsorg

I NOU 1996:1 (Rattsø-utvalet:22) står:

Utvalget har også foretatt analyser av utgifter pr. plass og årsverk pr. plass i institusjonsomsorgen. Formålet med analysene er å undersøke om kommuner med lavt innbyggertall har smådriftsulemper i institusjonsdriften. Materialet viser at kommuner med færre enn 2 000 innbyggere har høye enhetskostnader i institusjonsomsorgen, men at dette først og fremst skyldes at disse kommunene har et høyt inntektsnivå. Etter at det er kontrollert for inntektsforskjeller, er det ikke mulig å dokumentere at små kommuner har høye enhetskostnader i institusjonsomsorgen. Utvalget kan følgelig ikke anbefale at det tas hensyn til kommunestørrelse i utformingen av kostnadsnøkkelen.⁴

Myrvold (2001:47) summerer opp forskning slik:

For institusjoner under 15 senger er det betydelige smådriftsulemper i driften, Stordriftsfordelene er stort sett uttømt ved 40 senger. På kapitalsiden er det store smådriftsulemper for institusjoner med mindre enn 30 senger, mens stordriftsfordelene er uttømt ved ca. 100 senger.

Langørgen mfl (2002:15) supplerer:

40 sengeplasser, en størrelse som gir tilstrekkelig sykehjemsdekning i en gjennomsnittskommune med 5000 innb.

Ein bør gjere merksam på at begge dei to siste sitata av nyare dato ikkje inneheld noko nytt i høve til NOU 1992:15, Christiansen-utvalet (:143-144). Ein kan derfor gå utifrå at nyare

⁴Det Rattsø-utvalet summerer opp i sitatet ovanfor var grunnlaget for å fjerne vekt for basistillegget i kostnadsnøkkelen for helse- og sosialsektoren, noko som hadde negative konsekvensar for små kommunar.

arkitektoniske og organisatoriske løysingar er teke lite omsyn til (Høyland 2003). Myrvold og Toresen (2003:73) skriv om institusjonsomsorg: ”Klare stordriftsfordeler. Liten betydning for kvalitet. Noe sentralisering kan aksepteres”, men har valt å dokumentere mindre om kva konklusjonen byggjer på.

Pr. 01.01.02 hadde Etne 3965 innb, Ølen 3338 innb og Vindafjord 4827 innb, til saman 12130 innb. Laudal og Moxnes Steineke (2001:48) skriv: ”Man ville oppnådd relativt store innsparinger ved å slå sammen de tre sykehjemmene i EØV-kommunene”.

Her er det uvisse som kjenneteiknar det samla inntrykket⁵. Dessutan vil mange nybygde institusjonar i eldreomsorga i samband med den statlege satsing gjere vesentleg vidare sentralisering og uttak av stordriftsfordelar i praksis mindre aktuell for minst eit par tiår. Toresen (2003) gjev eit omfattande oversyn over verknaden så langt av Handlingsplan for eldreomsorgen.

5.7.2 Heimebasert omsorg

Heimebasert omsorg har i særleg grad lite med kommunestruktur å gjere. Myrvold og Toresen (2003:73) skriv og: ”Ikke stordriftsfordeler”.

5.8 Tekniske tenester

I følgje Myrvold (2001:50) er det gjort lite forskning sidan starten av 90-talet. I følgje NOU 1992:15, Christiansen-utvalet (:137) var det dei mellomstore kommunane som hadde lågast brutto driftsutgifter pr innb på dåverande hovudkapittel 1.6 Utbyggings- og bustadformål. Sanda (2002:85) skriv:

Innan kommunalteknikk er det klare stordriftsfordelar knytt til spesialutstyr og –kompetanse. Dokumentasjonen for dette har ein i alle dei interkommunale samarbeida innan det tekniske området som er etablert og som fungerer godt.

Kommunegrenser som skjer gjennom samanhengande bebygde område kan gje auka kostnad for tekniske tenester (NOU 1992:15, Christiansen-utvalet, side 30). Myrvold og Toresen (2003:73) skriv for 1) Vei og 2) Vann, renovasjon, kloakk: ”Klare stordriftsfordeler”.

Med *tekniske tenester* skal vi her meine: Vann, avløp, renov./avfall; Samferdsel; Brann og ulykkesvern. Tekniske tenester er vanskeleg å vurdere. Dette kjem m.a. av:

- Ulike behov etter geografiske tilhøve, som t.d. topografi, klima og busetnadsmønster
- Varierende grad av bruk av eigne folk/kjøpte tenester
- Uvisse kring ev ulik føring av interne tenester
- Varierende organisering, m.a. ulike selskapstypar med ulikt innslag i kommunale rekneskap, og allereie eksisterande interkommunalt samarbeid

⁵Rattsø-utvalet studerte ikkje kapitalkostnader.

For Tekniske tenester tilseier litteraturen stordriftsfordelar. Ved eiga drift kan t.d. kostbare maskinar og anlegg utnyttast betre ved samarbeid/samanslåing. Ved kjøp av drift aukar storleiken på kontraktane, og tilbydarar kan ev utnytte stordriftsfordelar. Slike fordelar kan alternativt oppnåast ved samarbeid/samanslåing. Likevel fører tilhøve som nemnt ovanfor til at mindre kommunar ofte har mindre utgifter pr innb enn større kommunar, og ikkje minst difor er det vanskeleg å bruke statistikk for å lage anslag for innsparingspotensiale.

Ei ulempe er at verksemd kan bli sentralisert. Dette har både ei økonomisk side for dei kommunane som taper verksemd, og det vert større avstand mellom tenestedrivar og –brukar. Ein kan sentralisere eine funksjonen til kommune x , den andre til kommune y . På den andre sida svekker dette oppbygging av eit større og breiare fagmiljø i dagleg kontakt.

Statistikken viser at det kring om i kommunane finst funksjonar med berre brøkdeler av ei stilling. Her kan samarbeid/samanslåing gje grunnlag for rekruttering, spesialisering og kompetanseheving.

Ein reknar med at det også i Romsdal og på Nordmøre finst samarbeid i ulike former, og utgreiingar av samarbeid. Dette grunnlaget bør systematisk byggjast vidare på, og ev supplerast.

5.9 Kultur

Kultursektoren står på lista over sektorar som departementet meiner det bør fokuserast på ved utgreiing av samarbeid/samanslåing av kommunar.

I statistikken er Kultur KOSTRA-funksjonane: 231 Aktivitetstilbud barn og unge, 370 Bibliotek, 373 Kino, 375 Muséer, 377 Kunstformidling, 380 Idrett, 385 Andre kulturaktiviteter.

I økonomisk teori talar ein om *eksterne effektar*. Det tyder i denne samanhengen at det kommunen driv med, kan ha fordelar og ulemper utanfor grensene til kommunen. Sjå på ein tettbygd region med eit klart senter. Sjå vidare på alternativ: 1) Små kommunar 2) Ein stor kommune. Ved alternativ 2 er det meir sannsynleg at det i sentrum kjem eit flott kulturhus til nytte for heile regionen. Å slå saman kommunane vil *internalisere* dei eksterne effektane. Poenget kan også gjelde andre slags prosjekt. Ein oppfattar straks problemet med at ulike prosjekt kan ha ulike nedslagsfelt.

Ein kan ved samarbeid sentralisere eine funksjonen/større anlegg til kommune x , den/det andre til kommune y , eller ved samanslåing gjerne til ulike senter i tidlegare kommunar. På den andre sida svekker dette dagleg kontakt i eit større og breiare fagmiljø. For Kultur er det kanskje eit større poeng enn for dei fleste sektorar å ha eit miljø som også kan hevde seg utetter? Prioritering mellom Kultur som nærleik for folk flest og konkurransemiddel for utvikling er kanskje ein realitet? Som for fleire andre sektorar kan ein med samarbeid/samanslåing vinne

noko med sentralisering og spesialisering, samstundes som det også er innvendingar mot ei slik utvikling.

Stordriftsfordelar på denne sektoren kan ikkje lett kunne lesast ut av statistikk. Ein kan difor vanskeleg bruke statistikk som grunnlag for vurdering av innsparingspotensiale. Kaupang as (2003:75) kjem til same konklusjon, og legg til:

Generelt vil en likevel kunne rettferdiggjøre større satsinger og større investeringer på dette området ved samarbeid eller sammenslåing.

Myrvold og Toresen (2003:73) skriv: "Potensielle stordriftsgevinster, særlig for kultur som skjer i institusjon/anlegg, for eksempel kulturskole". Det bør leggjast til at kultur var ein sektor der Langørgen mfl (2002) ikkje fann innsparingar ved samanslåingar av kommunar.

6 Statistisk sentralbyrå si gransking av innsparing ved samanslåing av kommunar

6.1 Generelt om granskinga til SSB

Statistisk sentralbyrå har gjennomført ei gransking av kor mykje som kan sparast ved å slå saman kommunar (Langørgen mfl 2002). Granskinga er kommunaløkonomisk, men eingongskostnader ved kommunesamanslåing er ikkje med. Kravet om balansert budsjett er teke omsyn til i modellen. Data er frå 1998. Modellen granskinga byggjer på viser m.a. samanhengar mellom kommunane sine rammevilkår og kostnadsstruktur. Den ressursbruken kommunane sjølv har rapportert til byrået er lagt til grunn i utrekningane. ”Det er et viktig poeng at modellen har framkommet som et resultat av dagens kommuners adferd og prioriteringar”. Å slå saman kommunar vert i modellen oppfatta som endring av rammevilkår. Modellen kan difor brukast til å finne ut kva verknad kommunesamanslåing har. Verknaden vert med andre ord skilnaden mellom summert tilstand for kommunane einskildvis for 1998 på den eine sida og korleis ein kommune med tilsvarande rammevilkår og kostnadsstruktur som den ev samanslåtte hadde for vane å innrette seg i 1998 på den andre sida.

Innsparingane granskinga viser kan tolkast som eit resultat av to tilhøve, det første i regelen med positivt utslag, det andre med i regelen negativt:

1. Utnytting av stordriftsfordelar
2. Endringar i kostnader pga auka reiseavstand

Modellen tek omsyn til at tenestetilbodet skal vere rimeleg desentralisert også etter ei samanslåing. Tanken bak er at mykje av dei kommunale tenestene er lokaliserte til lågare nivå enn kommunen. Særleg er tenkt på at sonene skal høve til grunnskulekrinsar (Kommunal- og regionaldepartementet 1999-2000:80). Sonene gjer at ein ikkje får med alle stordriftsfordelar som er moglege etter ei reindyrka kommunaløkonomisk målsetting om innsparing. Desentraliseringa kjem inn gjennom Statistisk sentralbyrå si soneinndeling. Statistisk sentralbyrå opererer med *delområde*, som eit mellomnivå mellom *grunnkrins* og *kommune*. Eit delområde har som regel mellom 1000-3000 innb i spreiddbygde strok og 3000-6000 innb i meir tettbygde strok. Soner er samanslutningar av delområde. Ei sone har minst 2000 innb, dersom ikkje kommunen sjølv har mindre enn 2000 innb. Det finst ein fast prosedyre for å slå saman delområde til soner (Reid 2002, vedlegg 3), som det vil føre for langt å gå inn på. Når ein studerer samanslåing av kommunar, blir prosedyren brukt for den ev nye eininga. Generelt vil kommunesamanslåing føre til større soner. Ev framhald av eit meir desentralisert tenestetilbod reduserer då romet for å hente ut stordriftsfordelane.

Vurderinga av stordriftsfordelar byggjer på omgrepet *bundne kostnader*, som er noko anna enn faste kostnader i vanleg økonomisk terminologi. Bunde kostnader er ”kostnader som kommunen ikke kan velge seg bort fra” av demografiske, sosiale og geografiske forhold.

”Variasjoner i bundne kostnader er enten avledet fra variasjoner i kostnader pr produsert enhet, eller fra variasjoner i befolkningens behov for ulike tjenester”. Dette blir så bygd saman slik (Langørgen mfl 2002:11):

... vi kan simulere hvilke budne kostnader som en gruppe av kommuner vil få dersom de velger å slå seg sammen. For ulike grupper av kommuner kan vi dermed sammenlikne nivået på de bundne kostnadene før og etter sammenslåing. En eventuell reduksjon i de bundne kostnadene blir regnet som en kostnadsbesparelse.

Ressursene som eventuelt er igjen etter at de bundne kostnadene er dekket kalles *frie disponible utgifter*. Dette er midler kommunene selv kan allokere til de formål de ønsker å prioritere.

Når ein reknar ut innsparinga, tek ein omsyn til endringar i gjennomsnittleg reiseavstand. Tolkinga av frie disponible utgifter gjeld fullt ut berre i dei ti åra inndelingstilskot fullt ut gjeld. (Her er ”*utgifter*” ingen lapsus). Ein måte å bruke av dei frie disponible midlane på er å halde fram med eit meir desentralisert tenestetilbod enn det den nye soneinndelinga ev tilseier.

Innsparingar er vurdert eks arbeidsgjevaravgift, fordi ein reknar med at dei vil bli nytta til fleire/betre tenester som det også vil vere avgift på.

Modellen gjev grunnlag for å spesifisere innsparing på 8 sektorar: Administrasjon, Utdanning, Barnehagar, Helsestell, Sosiale tenester, Pleie og omsorg, Kultur og Infrastruktur.

6.2 Nokre vurderingar

Ovanfor har ein etter beste evne prøvt å forklare modellen slik SSB framstiller han. Her er nokre vurderingar.

Ein analyse som bygde på data frå fleire år enn eitt ville vore betre. Tal for 1998 er allereie litt gamle.

Dei fleste kommunane har tilpassa seg som små og store kommunar over tid. Om ein slår saman små kommunar, er det lite ventande at ein raskt vil endre vanar. Også bindingar i investeringar vil føre til at tilpassing vil ta tid. Men når det er tale om strukturendringar, som kommunesamanslåing er, er eit langsiktig perspektiv greitt. Ein må berre ikkje vente at innsparingar som dei i SSB modellen utan vidare kjem på kort sikt.

Rammevilkår kan på lang sikt endre seg vesentleg.

Modellar som gjeld for heile landet, får ikkje alltid like godt med seg utslag av lokale variasjonar. Ein har i samband med prosjektet for Søre Sunnmøre i denne samanhengen merka seg soneinndeling (Amdam mfl 2004), utan at ein her skal kome nærare inn på det. Det

vart ikkje arbeidd like mykje med alle faktorar i analysen til SSB, slik at kommentaren om soner slik kan framstå som tilfeldig.

I den litteraturen eg kjenner til står Langørgen mfl (2002) i ei spesiell stilling ved å finne etter måten store innsparingar ved kommunesamanslåing på sektorar som Utdanning, Barnehagar og Pleie- og omsorg. Ein kan ikkje i lokalt utgreiingsarbeid ha ambisjonar om å avklare den faglege debatten. Eit spørsmål inn i debatten kan ein tillate seg: Kan ein del innsparingar oppnåast utan kommunesamanslåingar ved "at mindre kommunar i større grad byrjar å oppføre seg/prioritere som større kommunar?". (Det er ikkje dermed sagt at det ev er ønskjeleg eller lett å gjennomføre dette).

Arbeidet til Langørgen mfl (2002) har vore ein del debattert. Den etter mi vurdering best funderte av innvendingane, som eg har kjennskap til, står i Myrvold og Toresen (2003:52):

For alle sektorar sett under ett utgjør de bundne utgiftene snaut 59 prosent av kommunenes faktiske driftsutgifter. En nærliggende tolking er at kommunene dermed kan redusere driftsutgiftene med over 40 prosent og likevel tilby de oppgavene som innfrir "minstestandarder og lovpålagde oppgaver som er fastsatt av Stortinget eller Regjeringa" m.v. Dette er høyst urealistisk og resultatet understreker at det er stor usikkerhet knyttet til Statistisk sentralbyrås anslag for innsparingspotensialet ved kommunesammenslutninger.

Langørgen mfl (2002), dvs SSB si gransking, sorterer analysen sin etter tre hovudprinsipp for ev samanslåing:

- A1: Ymse grunnar (kalla slik her)
- A2: Unngå kommunar med mindre enn 5000 innb
- A3: Økonomiske regionar

For heile landet viser analysen at ei samanslåing etter alternativ A1 vil gje ca 260 mill kr i innsparing. Dette er 4,3% av samla utgift i dei involverte kommunane, eller i storleiksorden eit par titusendelar av brutto nasjonalprodukt. Ei samanslåing etter A2 gjev ca 2,3 milliardar kr i innsparing. Dette er 4,4% av samla utgift i dei involverte kommunane, eller i storleiksorden 1,5 promille av brutto nasjonalprodukt. Ei samanslåing etter A3 gjev ca 3,5 milliardar kr i innsparing. Dette er 3,6% av samla utgift i dei involverte kommunane, eller i storleiksorden 2,5 promille av brutto nasjonalprodukt. Forskarane i Statistisk sentralbyrå er vel kjende med desse tilhøva, og det kan vere grunn til å peike på at dei ikkje har framstilt kommunesamanslåing som eit svært viktig tiltak samfunnsøkonomisk sett. T.d. er sjukefråvær og arbeidsløyse samfunnsøkonomiske problem som litt fargerikt sagt "er både 10 og 20 gongar så store kvar for seg". Desse kommentarane byggjer på eit statisk resonnement, og ein bør og vurdere kva verknad tiltak har over tid. Dessutan kan somme tiltak gje sikrere gevinst enn andre. M.a. synest tiltak mot sjukefråvær å vere ein svært vanskeleg materie.

6.3 Resultat av SSB si gransking med vekt på Romsdal og Nordmøre

Teiknet * ved ein kommune i tabellane nedanfor tyder: ”Kommuner merket med * har høyere frie disponible utgifter per innbygger alene enn den sammenslåtte gruppen vil få dersom de frie disponible utgiftene fordeles likt i den nye felleskommunen”.

Grup- pe	Komnr.	Kommune	Innbyggere	Kroner per innbygger			Besparelse i prosent av bundne kostnader	Besparelse i prosent av samlet utgift	Totale besparelser i millioner kroner
				Frie disp. utgifter før sammen- slåing	Frie disp. utgifter etter sammen- slåing	Besparelse			
6	1556	Frei	5 119	4 004					
	1503	Kristiansund*	16 899	12 117					
	Totalt		22 018	10 231	10 946	716	5,3	3,0	15,8
7	1551	Eide	3 096	6 526					
	1554	Averøy	5 520	5 849					
	Totalt		8 616	6 092	8 564	2 472	14,8	10,9	21,3

Tabell 6.1: SSB sin analyse av moglege samanslåingar på Nordmøre (ingen i Romsdal) av ymse grunnar

Kjelde: SSB

Tabell 6.1 viser to alternativ på Nordmøre. Som kjent har Kristiansund og Frei vedteke å slå seg saman. Det er Atlanterhavsvegen som er grunnen til at det er rekna på samanslåing av Eide og Averøy, ei samanslåing som etter denne analysen gjev grunnlag for stor innsparing.

Tabell 6.2 viser seks alternativ i Romsdal og på Nordmøre. Som kjent har Aure og Tustna vedteke å slå seg saman. Samanslåing av Halså, Rindal og Surnadal gjev etter denne analysen grunnlag for stor innsparing.

Tabell 6.3 viser ev samanslåing av kommunane i *økonomiske regionar* definert etter Statistisk sentralbyrå sin standard for slike. I Statistisk sentralbyrå (2001) står:

Den nye inndeling skal hovudsakleg representere eit gagnleg publiseringsnivå for statistikk, men ho skal òg tilsvare det regionale nivået som EU har definert som si NUTS 4-inndeling. En konsekvens av dette er at regionane ikkje kan krysse fylkesgrensene. NUTS (Nomenclature des Unités Territoriales Statistiques) er standard for regionalinndeling i EU. Arbeidet med den nye inndeling har teke utgangspunkt i standardane for inndeling i handelsområde og prognoseregionar i SSB. Regionane i den nye inndeling vert kalla *økonomiske regionar*, fordi kriteria som er brukte for å definere regionane (t.d. arbeidsmarknad og varehandel), er knytte til dei økonomiske tilhøva i området. Landet er delt inn i 90 økonomiske regionar. Den nye inndeling svarar til nivået REGIN 4 i SSB si regionale inndeling (REGIN). REGIN 1 utgjer heile landet, REGIN 2 landsdelane, REGIN 3 fylka og REGIN 5 kommunane.

Grup- pe	Komnr.	Kommune	Innbyggere	Kroner per innbygger					Totale besparelser i millioner kroner
				Frie disponible utgifter før sammen- slåing	Frie disp. utgifter etter sammen- slåing	Besparelse	Besparelse i prosent av i prosent av bundne samlet kostnader utgift	Besparelse i prosent av i prosent av samlet utgift	
1501	1572	Tustna	1 082	10 896					
1501	1573	Smøla	2 487	11 387					
1501	1569	Aure	2 862	12 527					
1501		Totalt	6 431	11 812	13 741	1 930	10,1	6,3	12,4
1502	1571	Halsa	1 903	8 914					
1502	1567	Rindal	2 193	10 743					
1502	1566	Sumadal	6 319	8 873					
1502		Totalt	10 415	9 274	12 415	3 141	17,4	11,5	32,7
1503	1557	Gjemnes	2 732	7 381					
1503	1560	Tingvoll	3 094	7 345					
1503		Totalt	5 826	7 362	9 109	1 748	9,0	6,5	10,2
1504	1543	Neset	3 267	11 427					
1504	1539	Rauma	7 615	9 318					
1504		Totalt	10 882	9 951	11 574	1 623	9,6	6,0	17,7
1505	1551	Eide	3 096	6 526					
1505	1548	Fræna	9 105	8 034					
1505		Totalt	12 201	7 651	9 162	1 510	10,2	6,7	18,4
1506	1546	Sandøy*	1 359	14 211					
1506	1545	Midsund	2 009	9 245					
1506	1547	Aukra	2 983	8 188					
1506		Totalt	6 351	9 811	11 117	1 305	7,1	4,6	8,3

Tabell 6.2: SSB sin analyse av moglege samanslåingar i Romsdal og på Nordmøre for å unngå kommunar med mindre enn 5000 innb

Kjelde: SSB

Tabell 6.3 viser to alternativ i Romsdal og på Nordmøre. Ingen av desse alternativa gjev ”Besparelse i prosent av samlet utgift” på over 10%.

Uavhengig av hovudprinsipp for samanslåing viser dei fleste av dei lokale alternativa større ”Besparelse i prosent av samlet utgift” enn gjennomsnittleg i landet for samanslåingar etter vedkomande prinsipp.

I alle fall dersom ein på fritt grunnlag ser på dei ev kommunesamanslåingane ovanfor som prosjekt, og så på Besparelse i prosent av samlet utgift, vil etter mi vurdering eit ev inntrykk av urealisme fortape seg ein heil del. Gitt standard og omfang av produksjonen av kommunale tenester, vil innsparing av slik storleiksorden nok ofte vere råd å oppnå ved sterkt fokus på ressursbruk. (I kva grad dette har å gjere med kommunesamanslåing er ei anna sak). Eit slikt innsparingspotensiale er t.d. ikkje uvanleg når produktivitet vert granska med dataomhyllingsanalyse (t.d. Sørensen mfl 1999 kap 4.2.1 og Erlandsen 1998).

Reg- ion	Komnr.	Kommune	Innbyggere	Kroner per innbygger			Besparelse i prosent av bundne kostnader	Besparelse i prosent av samlet utgift	Totale besparelser i millioner kroner
				Frie disponible utgifter for sammen- slåing	Frie disp. utgifter etter sammen- slåing	Besparelse			
1591	1545	Midsund	2 009	9 245					
1591	1557	Gjemnes	2 732	7 381					
1591	1547	Aukra	2 983	8 188					
1591	1551	Eide	3 096	6 526					
1591	1543	Nesset*	3 267	11 427					
1591	1535	Vestnes*	6 490	13 705					
1591	1539	Rauma	7 615	9 318					
1591	1548	Fræna	9 105	8 034					
1591	1502	Molde	23 381	9 948					
1591	Totalt		60 678	9 663	10 953	1 290	8,3	5,1	78,3
1592	1572	Tustna	1 082	10 896					
1592	1573	Smøla	2 487	11 387					
1592	1569	Aure*	2 862	12 527					
1592	1556	Frei	5 119	4 004					
1592	1554	Averøy	5 520	5 849					
1592	1503	Kristiansund*	16 899	12 117					
1592	Totalt		33 969	9 818	11 497	1 679	11,2	6,8	57,0

Tabell 6.3: SSB sin analyse av moglege samanslåingar i Romsdal og på Nordmøre etter økonomiske regionar

Kjelde: SSB

Gruppe	Tjenesteytende sektor								
	Administrasjon	Utdanning	Barnehage	Helsestell	Sosiale tjenester	Pleie og omsorg	Kultur	Infrastruktur	Totalt
6 Frei/Kristiansund	3,41	3,13	1,53	1,34	-0,83	3,23	0,00	3,95	15,76
7 Eide/Averøy	4,25	4,37	2,09	1,86	-1,14	4,46	0,00	5,41	21,30
1501Tustna/Smøla/Aure	4,59	0,54	1,58	0,65	-0,86	1,83	0,00	4,08	12,41
1502 Halså/Rindal/ Surnadal	7,35	5,79	3,41	2,67	-1,86	6,53	0,00	8,83	32,71
1503 Gjemnes/Tingvoll	2,66	1,66	1,03	0,78	-0,56	1,93	0,00	2,68	10,18
1504 Nesset/Rauma	4,81	1,22	2,45	1,12	-1,34	3,05	0,00	6,36	17,66
1505 Eide/Fræna	3,82	3,71	1,80	1,59	-0,98	3,81	0,00	4,67	18,43
1506 Sandøy/Midsund/ Aukra	4,56	-1,66	1,56	0,05	-0,85	0,58	0,00	4,04	8,29
1591 Midsund/Gjemnes/ Aukra/Eide/Nesset/ Vestnes/Rauma/Fræna/ Molde	22,59	8,82	9,11	5,32	-4,97	13,75	0,00	23,63	78,25
1592 Tustna/Smøla/ Aure/Frei/Averøy/ Kristiansund	14,59	8,94	6,01	4,36	-3,28	10,81	0,00	15,58	57,03

Tabell 6.4: Sektorvis innsparing i ymse alternative samanslåingar i SSB-modellen i Mill NOK 1998

Kjelde: SSB.

Som nemnt gjev Statistisk sentralbyrå sin modell grunnlag for å spesifisere innsparingspotensiale på 8 sektorar. Slik informasjon står ikkje i Langørgen mfl (2002), men ein har fått ut informasjonen i samband med prosjektet for Romsdal og Nordmøre, jf tabell 6.4.

Tabell 6.5 viser sektorvis og total innsparing i ymse alternative samanslåingar i modellen til Statistisk sentralbyrå i Mill NOK 2003. Faktoren i høve til NOK 1998 er 1,2447, som er rekna ut på grunnlag av Kommunal- og regionaldepartementet (2004:vedlegg 6 Prisindekser for kommunesektorens kjøp av varer og tjenester).

	Administrasjon	Utdanning	Barnehage	Helsestell	Sosiale tjenester	Pleie og omsorg	Kultur	Infrastruktur	Totalt
6 Frei/Kristiansund	4,2	3,9	1,9	1,7	-1,0	4,0	0,0	4,9	19,6
7 Eide/Averøy	5,3	5,4	2,6	2,3	-1,4	5,6	0,0	6,7	26,5
1501 Tustna/Smøla/Aure	5,7	0,7	2,0	0,8	-1,1	2,3	0,0	5,1	15,4
1502 Halså/Rindal/Surnadal	9,1	7,2	4,2	3,3	-2,3	8,1	0,0	11,0	40,7
1503 Gjemnes/Tingvoll	3,3	2,1	1,3	1,0	-0,7	2,4	0,0	3,3	12,7
1504 Nesset/Rauma	6,0	1,5	3,0	1,4	-1,7	3,8	0,0	7,9	22,0
1505 Eide/Fræna	4,8	4,6	2,2	2,0	-1,2	4,7	0,0	5,8	22,9
1506 Sandøy/Midsund/Aukra	5,7	-2,1	1,9	0,1	-1,1	0,7	0,0	5,0	10,3
1591 Midsund/Gjemnes/Aukra/Eide /Nesset/Vestnes/Rauma/ Fræna/Molde	28,1	11,0	11,3	6,6	-6,2	17,1	0,0	29,4	97,4
1592 Tustna/Smøla/Aure/Frei/Averøy/ Kristiansund	18,2	11,1	7,5	5,4	-4,1	13,5	0,0	19,4	71,0

Tabell 6.5: Sektorvis innsparing i ymse alternative samanslåingar i SSB-modellen i Mill NOK 2003

7 KOSTRA-analysar

7.1 Innleiing

Eg viser til kap 1.9 KOSTRA-grupper.

Dersom ein veit kva KOSTRA-gruppe ein samanslått kommune hamnar i, kan gjennomsnittet i denne gruppa brukast til samanlikningsgrunnlag. Samanlikning kan og skje sektorvis. Slike samanlikningar er eit utgangspunkt for vurderingar. Tilsvarende analysar for einskildkommunar kan hjelpe til i vurdering av om t.d. kostbar drift først og fremst gjeld den eller den kommunen i eit alternativ for samanslåing. Men sjølv om ein liten kommune driv rimeleg i høve til gruppa si, kan det vere stordriftsfordelar å hente med samanslåing.

I analysar med bruk av KOSTRA-grupper blir variabelen innbyggartal handsama grovare enn han kan bli i analysar med berre variabelen innbyggartal. Det er såleis t.d. råd å finne ut kor mykje kommunar på mellom 5000-7000 innb gjennomsnittleg brukar til ein sektor, medan ei KOSTRA-gruppe for mellomstore kommunar gjeld kommunar med frå på 5000-19999 innb. På den andre sida tek inndeling i KOSTRA-grupper omsyn til to variablar i tillegg, Bundne kostnader pr innb og Frie disponible inntekter.

KOSTRA-analyse representerer ein framgangsmåte basert på offentleg tilgjengeleg statistikk. Mange vurderingar er likevel usikre og skjønsmessige. Det er generelt grunn til å åtvare mot bastante konklusjonar berre på grunnlag av ekstern KOSTRA-analyse.

Eg vil tru at dei fleste kommunar i dag har relativt sentralisert administrasjon i eit kommunesenter. Når gjennomsnittstal for grupper blir brukte for å lage anslag for innsparingar i administrasjon ved ev kommunesamanslåingar, inneber dette ein føresetnad om same grad av sentralisering i dei samanslåtte kommunane. Frå denne synsstaden er tala maksimumstal for innsparing. På den andre sida vil samanlikning med gruppegjennomsnitt ikkje gje maksimumstal.

7.2 Eide og Averøy

Ei samanslåing av Eide og Averøy er eit alternativ i Langørgen mfl (2002) (SSB sin analyse). Det er Atlanterhavsvegen som aktualiserer samanslåing.

Eide hadde pr 01.01.04 eit folketal på 3287, Averøy 5472, til saman 8759 innb. Eide kjem såleis blant små kommunar, Averøy blant dei mellomstore, slik som også ein samanslått kommune. Begge har Middels bundne kostnader per innbygger og Lave frie disponible inntekter. Ein samanslått kommune vil kome i gruppe 10, der Averøy allereie er.


I Eide og Averøy til saman var brutto driftsutgifter pr innb i 2003 kr 39876, gjennomsnittleg i gruppe 10 kr 38242. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca 14,3 mill kr i meirforbruk.

Eide brukte 11,6 mill kr 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde. Eg veit ikkje kva grunnen til dette er, men dersom ein ser bort frå beløpet vert meirforbruket ca 2,7 mill kr.

Figur 7.1 viser ein sektorvis analyse. Grunnlaget å rekne prosent av er etter måten likt for Eide/Averøy og gruppe 10.

Eide brukte 8,2% av brutto driftsutgifter til 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde, Averøy 0,8 %, men for kommunane til saman vert dette 3,8%. Gjennomsnittet for gruppe 10 er 0,2%. Gjennomsnittet for kommunane i Møre og Romsdal er 0,7% og for kommunane i landet utanom Oslo 0,3%. Det er difor uvanleg å bruke fleire prosentar på denne funksjonen.

Figur 7.1 viser at Grunnskoleopplæring er ein aktuell sektor å studere nøyare. Eide/Averøy brukte 29% til Grunnskoleopplæring, mot gjennomsnittleg 27% i gruppe 10. Som tabell 2.7 viser har Eide 128 elevar pr kommunal grunnskule og Averøy 111, mot gjennomsnittleg 158 i gruppe 10. I utgiftsutjamninga i inntektssystemet har Eide 1,1203 i Indeks innb 6-15 år, Averøy 1,0497. Sjølv om det her ikkje er granska kva gruppegjennomsnittet for indeksen er, viser tala at dette ikkje er kommunar med få barn i skulealderen. Eide/Averøy brukte kr 11564 pr innb til Grunnskoleopplæring, mot kr 10325 gjennomsnittleg i gruppe 10. Skilnaden multiplisert med folketalet blir ca 10,8 mill kr.



Figur 7.1: Sektorvis KOSTRA-analyse Eide/Averøy
Kjelde: SSB

Men kan dette ha noko særleg med kommunesamanslåing å gjere? Det kan avhenge noko av lokale tilhøve som eg ikkje kjenner godt nok til. Men her følgjer likevel ei drøfting.

Eide brukte 28,6% av brutto driftsutgifter til Grunnskoleopplæring, mot gjennomsnittleg 26,4% i gruppe 1, som kommunen høyrer til i. Brutto driftsutgifter pr innb 2003 var kr 43124 i Eide mot kr 41215 gjennomsnittleg i gruppe 1. Tilsvarende tal for Grunnskoleopplæring åleine vert difor kr 12339 og kr 10880. Skilnaden multiplisert med folketalet i kommunen vert ca 4,8 mill kr. I gruppe 1 er elevar pr kommunal skule i gjennomsnitt 135, i Eide som nemnt 128.

Averøy brukte 29,2% av brutto driftsutgifter til Grunnskoleopplæring, mot gjennomsnittleg 27% i gruppe 10, som kommunen høyrer til i. Brutto driftsutgifter pr innb 2003 var kr 37925 i Averøy mot kr 38248 gjennomsnittleg i gruppe 10. Tilsvarende tal for Grunnskoleopplæring åleine vert difor kr 11068 og kr 10325. Skilnaden multiplisert med folketalet i kommunen vert ca 4,1 mill kr.

Vedlegg 1 viser at begge kommunane låg vesentleg under gjennomsnittet i si gruppe for Timer spesialundervisning i prosent av antall lærertimer totalt. Dette kan tyde på den "vanlege" spenninga mellom skulestruktur i ein kommune og innhald i skulen. Dette gjeld særleg for Eide som for utan å score svært lågt på nemnde punkt også har 11,5 Elevar pr årsverk mot gjennomsnittleg 10 i gruppe 1. Averøy på si side har derimot 9,6 Elevar pr årsverk mot gjennomsnittleg 10,9 i gruppe 10. Når det innhald i skulen, blir biletet for Averøy utifrå desse tala såleis samansett.

Som figur 7.1 viser er det ein del sektorar der Eide/Averøy ikkje brukte prosentvis mykje. For nokre av sektorane kan det vere tale om mindre behov enn gruppe gjennomsnittet. Det er eit dilemma at Eide/Averøy satsa så lite på Barnehage, Kultur og Næring.

Tala tyder på at meirforbruket for Grunnskoleopplæring ev om ønskjeleg i stor grad kan fjernast innafor noverande kommunestruktur.

Oppsummering

Og utifrå ein KOSTRA-analyse synest ikkje samanslåing av Eide og Averøy å vere eit kommunaløkonomisk viktig prosjekt. Eg gjer merksam på at SSB si gransking, jf tabell 6.5, gjev eit anna inntrykk.

7.3 Surnadal og Sunndal


Samanslåing av Surnadal og Sunndal er ikkje blant dei alternativa som Langøren mfl (2002) (SSB sin analyse) har sett på. Her er aktualiserande samferdselsprosjekt ikkje gjennomført, slik det er for Eide/Averøy.

Surnadal hadde pr 01.01.04 eit folketal på 6209, Sunndal 7409, til saman 13618 innb. Begge kommunane er mellomstore i seg sjølv, og Surnadal/Sunndal vert framleis mellomstor. Surnadal er i gruppe 10 med Middels bundne kostnader per innbygger og Lave frie disponible inntekter. Sunndal er i gruppe 9 med Lave bundne kostnader per innbygger og Høye frie disponible inntekter. Sidan alternativet ikkje er analysert av Statistisk sentralbyrå, kan ikkje sjølv byrået svare heilt sikkert på kva gruppe Surnadal/Sunndal hamnar i, men i e.post 06.10.04 er svaret at det truleg er gruppe 11 Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader og middels frie disponible inntekter.

I Surnadal og Sunndal til saman var brutto driftsutgifter pr innb i 2003 kr 46587, i gruppe 11 kr 41151. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev dette ca kr ca 74 mill kr i meirforbruk. Sunndal brukte ca 14,3 mill kr på 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde (Surnadal ingenting). Eg veit ikkje kva grunnen er, men dersom ein ser bort frå beløpet vert ca 59,7 mill kr.

Surnadal hadde i 2003 brutto driftsutgifter pr innb på kr 43482, mot gjennomsnitt i si gruppe (10) kr 38248. Sunndal hadde kr 49189, mot gjennomsnitt i si gruppe (9) kr 46153.

Figur 7.2 viser kva sektorar Surnadal/Sunndal prosentvis brukte mykje av sine brutto driftsutgifter på. Grunnlaget å rekne prosent av er og ein god del høgare enn for gruppe 11.



Figur 7.2: Sektorvis KOSTRA-analyse Surnadal/Sunndal

Kjelde: SSB

Sunnadal brukte 3,9% av brutto driftsutgifter til 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde, Surnadal 0%, men for kommunane til saman vert dette 2,3%. Gjennomsnittet for gruppe 11 er 0,4%.

Sjølv om Surnadal/Sunnadal prosentvis ikkje brukte svært mykje meir enn gjennomsnittet i gruppe 11 til Adm. styring og fellesutgifter, 8,1% mot 7,5%, er dette ein aktuell sektor å sjå nærare på. Surnadal/Sunnadal brukte i 2003 kr 3773 pr innb til sektoren. Gjennomsnittet i gruppe 11 var kr 3086. Skilnaden multiplisert med folketalet vert ca 9,4 mill kr.

Til Adm, styring og fellesutgifter brukte Surnadal kr 4210 pr innb og Sunndal kr 3409. Gjennomsnittet i Surnadal si gruppe 10 var kr 3251, i Sunndal si gruppe 9 kr 4015. Tabell 7.1 er eit utdrag av vedlegg 4, og viser fordelinga på dei ymse funksjonane i sektoren. Ser ein berre på funksjonane 100-130 brukte Surnadal kr 4134 mot gjennomsnittleg i gruppe 10 kr 3431, Sunndal brukte kr 3681 mot gjennomsnittleg i gruppe 9 kr 4186. Sunndal synest å kome best ut samanlikna med si gruppe. Dette er ei gruppe med høge frie disponible inntekter, og kommunane der kan ha hatt råd til å halde seg med stor administrasjon. Tala tyder på at det internt er noko å hente i Surnadal. Men verken i Surnadal åleine eller i Sunndal åleine kan ein ha teke ut stordriftsfordelar ved ein endå større kommune. Dersom ein etter ei ev samanslåing vel å innrette seg som gjennomsnittleg i gruppe 11, bør det vere ein del å spare på Adm, styring og fellesutgifter.

Brutto driftugifter 2003 etter KOSTRA-funksjonar				
1000kr/kr pr innb 1.1.2004	Sunndal		Surnadal	
100 Politisk styring og kontrollorganer	3416	461	3107	500
120 Administrasjon	22681	3061	20199	3253
130 Administrasjonslokaler	1175	159	2363	381
170 Premieavvik	-4551	-614	-209	-34
180 Diverse fellesutgifter	305	41	698	112
190 Interne serviceenheter	2233	301	-21	-3
Adm, styring og fellesutg	25259	3409	26137	4210

Tabell 7.1: Adm, styring og fellesutgifter fordelt på funksjonar. Sunndal og Surnadal

Kjelde: SSB

Figur 7.2 viser at Surnadal/Sunnadal brukte prosentvis mykje på Kultur, Samferdsel og Næring. Det er først og fremst Surnadal si satsing på Samferdsel og Næring som slo ut, jf figur 3.8 og 3.9. Begge kommunane brukte og mykje til Kultur i høve til gruppa si. Som figur 7.2 viser er det og ein del sektorar der Surnadal/Sunnadal ikkje brukte prosentvis mykje. For nokre av sektorane kan det vere tale om mindre behov enn gruppegjennomsnittet. Men i alle fall har ev omprioritering frå Kultur, Samferdsel og Næring gjerne ikkje så mykje med kommunesamanslåing å gjere, så eg går ikkje nøyare inn på tala. Særleg innanfor Samferdsel og Næring kan ei satsing også vere meir prosjektretta enn kommunal drift i regelen er, og dermed variere meir over tid. Med tanke på å bli meir slagferdig er naturlegvis planar om framhaldande sterk og gjerne auka satsing på Kultur, Samferdsel og Næring interessant i høve til samarbeid mellom og samanslåing av kommunar.

Figur 7.2 viser at det er rimeleg å sjå nøyare på Pleie- og omsorg. Surnadal/Sunndal brukte 29,9% av brutto driftsutgifter i 2003 til sektoren, mot gjennomsnittleg 28,6% i gruppe 11. Dette innebar at Surnadal/Sunndal brukte kr 13930 pr innb til sektoren, mot gjennomsnittleg kr 11769 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketallet vert ca 29,4 mill kr. Vedlegg 5 viser at indeksane for eldre aldersgrupper er høge, med unntak av Indeks innb over 90 år i Sunndal på 0,8452. Dei to indeksane for psykisk utviklingshemma gjev eit svært samansett bilete. Her er det ikkje granska kva gruppegjennomsnittet for indeksane er. Statistikken synest likevel tyde på det er behov for ei omfattande eldreomsorg i kommunane.

Dersom vi ser på kommunane kvar for seg, brukte Surnadal 31,4% av brutto driftsutgifter i 2003 til Pleie og omsorg. Surnadal høyrer til i gruppe 10, der gjennomsnittet var 28,1%. Sunndal brukte 28,8%, og høyrer til gruppe 9 der gjennomsnittet var 24%. Det er såleis ikkje tale om nokon vesentleg kontrast mellom kommunane. Både Surnadal og Sunndal er kvar for seg ganske store kommunar. Stordriftsfordelar innan pleie og omsorg, som ikkje kan oppnåast innanfor eksisterande kommunestorleik, vil, om ein skal tru den forskinga, berre kunne oppnåast ved bygging av institusjonar med mellom ca 50 og 100 plassar. Kommunar kan også samarbeide om slike institusjonar.

Indeks innb 5-15 år i vedlegg 5 viser at det både i Surnadal og Sunndal er høvesvis om lag like mange i grunnskulealderen som gjennomsnittleg i landet. Som nemnt har kommunane mange eldre. Figur 7.2 tyder på prioriteringar i bra samsvar med behov.

Oppsummering

Eg trur det bør vere råd å spare nokre millionar kroner på Adm, styring og fellesadm ved å slå saman Surnadal og Sunndal.

7. 4 Sunndal og Tingvoll

Etter Juvkam (2002) er Sunndal/Tingvoll ein bu- og arbeidsmarknadsregion. Langørgen mfl (2002) (SSB sin analyse) har ikkje studert Sunndal/Tingvoll. Ein kan difor ikkje sikkert seie kva KOSTRA-gruppe ei slik samanslåing kan hamne i, fordi Sunndal er i gruppe 9 Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger og høye frie disponible inntekter og Tingvoll er i gruppe 1 Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger og lave frie disponible inntekter. Det einaste som er sikkert er at den nye kommunen blir mellomstor med 10529 innb pr 01.01.04. Ein kan t.d. ikkje seie at når Sunndal med folketal 7409 pr 01.01.04 scorar lavt og Tingvoll med folketal 3120 pr 01.01.04 middels så blir resultatet sikkert lavt. Det spørst og "kor lavt og middels" kommunane var i utgangspunktet. Det er faktisk i alt 4 meir eller mindre sannsynlege alternativ:

1. Gr.8 Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter

2. Gr.9 Mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter
3. Gr.11 Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter
4. Gr.12 Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter

	Sunndal/ Tingvoll	Gruppe 8	Gruppe 9	Gruppe 11	Gruppe 12	Kommunane i Møre og Romsdal	Kommunane i landet u/Oslo
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger 2003	50 320	35 993	46 153	41 151	50 401	40 202	40 120

Tabell 7.2: Brutto driftsutgifter kr pr innb 2003

Kjelde: SSB

Tabell 7.2 viser kor store utslag uvisse kring gruppeplassering kan gje. Det er stor skilnad på samanlikning mot gruppe 8 og gruppe 12.

Tingvoll åleine hadde kr 53006 i brutto driftsutgifter pr innb i 2003, mot gjennomsnittleg kr 41215 i gruppe 1 der kommunen høyrer heime. Ein nøyare kommunaløkonomisk analyse av Tingvoll verkar på denne bakgrunn å vere eit aktuelt tiltak. Sunndal hadde kr 49189 i brutto driftsutgifter pr innb i 2003, mot gjennomsnittleg kr 46153 i gruppe 9 der kommunen høyrer heime.

	Sunndal/ Tingvoll	Gruppe 8	Gruppe 9	Gruppe 11	Gruppe 12	Kommunane i Møre og Romsdal	Kommunane u/Oslo
Adm. styring og fellesutg.	8,0	8,2	8,7	7,5	9,5	8,4	8,3
Barnehage	7,2	8,1	8,2	7,0	7,6	6,8	7,7
Grunnskoleopplæring	22,3	27,7	24,8	26,1	21,9	25,4	25,1
Kommunehelse	3,9	4,0	5,1	4,4	5,2	4,4	4,2
Pleie og omsorg	27,5	25,0	24,0	28,6	26,7	29,3	26,6
Sosialtj.	4,0	4,3	3,6	3,6	2,6	3,2	4,5
Barnevern	1,1	2,2	2,1	2,0	1,4	1,6	2,2
Vann, avløp, renov./avfall	3,9	5,2	4,4	4,6	4,7	4,6	5,1
Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø	1,2	1,4	1,2	1,4	1,4	1,3	1,5
Kultur	4,1	3,0	4,5	2,7	3,6	2,5	3,2
Kirke	1,0	1,0	0,9	1,2	1,1	1,2	1,1
Samferdsel	1,7	1,6	2,1	1,8	2,3	2,3	1,8
Bolig	1,6	1,6	1,0	1,6	1,6	1,6	1,8
Næring	1,7	0,8	1,3	1,5	3,0	1,2	1,2
Brann og ulykkesvern	1,0	1,5	1,7	1,4	1,4	1,5	1,4
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	5,1	0,2	1,4	0,4	1,3	0,7	0,3

Tabell 7.3: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar 2003

Kjelde: SSB

Sunndal brukte i 2003 3,9% og Tingvoll 7,7% av brutto driftsutgifter til 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde. For Sunndal/Tingvoll vert dette 5,1%. Dette er uvanleg, og eg veit ikkje grunnen.

Som tabell 7.2 viser varierer grunnlaget å rekne prosent av ein heil del, men eg finn ikkje nokon viktig tråd til vidare arbeid utifrå tabell 7.3.

Oppsummering

Ikkje rimeleg grunnlag for ein analyse mot KOSTRA-gruppe.

7.5 Tustna, Smøla, Aure

Ei samanslåing av Tustna, Smøla og Aure er eit alternativ i Langørgen mfl (2002) (SSB sin analyse). Statistisk sentralbyrå har på oppdrag rekna ut at ein samanslått kommune vil kome i gruppe 11 Mellomstor kommune med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter. Byrået tek slikt atterhald: "Når det gjelder frie disponible inntekter er det ikke tatt hensyn til mulige endringer i rammeoverføringene fra staten". Som kjent har Tustna og Aure allereie vedteke å slå seg saman frå 01.01.2006.


Tustna hadde pr 01.01.04 1015 innb, Smøla 2248 og Aure 2261, til saman 5524 innb. Grensa mellom små og mellomstore kommunar i gruppeinndelinga er 5000 innb.

I Tustna, Smøla og Aure til saman var brutto driftsutgifter pr innb i 2003 kr 52397, i gruppe 11 kr 41151. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca kr 62,1 mill kr i meirforbruk.

Tustna brukte kr 49522 og Smøla kr 51431. Dei er i gruppe 2 med gjennomsnitt kr 46621. Aure brukte kr 54310 mot gjennomsnittleg i gruppe 3, der Aure høyrer til, kr 58067.

For det første blir ein ev samanslått kommune ein svært liten mellomstor kommune, for det andre blir samanlikning på grunnlag av Tustna og Aure utan Imarsundbrua, eit samband som frå 2006 vil binde kommunane saman, no haltande som avgjerdsgrunnlag, og for det tredje vil inkludering av Smøla likevel framleis gje ein geografisk oppdelt kommune. Ein ekstern KOSTRA-analyse må etter dette reknast for nokså grov reiskap.

Figur 7.3 viser ein sektorvis analyse. Grunnlaget å rekne prosent av er mykje høgare enn for gruppe 11. Kommunane sin store innsats på Næring hadde venteleg lite med kommunesamanslåing å gjere, og kan vere knytt til tidsavgrensa prosjekt. Figurane 3.3 og 3.4 viser at den prosentvis store innsatsen på Kommunehelse i vesentleg grad hadde med Smøla åleine å gjere.



Figur 7.3: Sektorvis KOSTRA-analyse Tustna/Smøla/Aure
Kjelde: SSB

Adm, styring og fellesutg. er og ein sektor der Tustna/Smøla/Aure brukte høvesvis mykje. Dei tre kommunane brukte kr 5921 (11,3 %) pr innb i 2003. Gjennomsnittet i gruppe 11 er kr 3086 (7,5%). Meirforbruket er ca 15,7 mill kr. Vedlegg 4 viser at funksjonane 170 Premieavvik, 180 Diverse fellesutgifter og 190 Interne serviceenheter dreg i ulike retningar. Til funksjonane 100 Politisk styring og kontrollorganer, 120 Administrasjon og 130 Administrasjonslokaler brukte Tustna kr 7753 pr innb og Smøla kr 4611 mot gjennomsnittleg kr 4650 i gruppe 2. Aure brukte kr 4819 mot gjennomsnittleg kr 6286 i gruppe 3. Tala tyder på at smådriftsulemper i Tustna slo sterkt ut.

Oppsummering

Geografien kan tale for Smøla som eigen kommune. Det vil vere ei for ambisiøs målsetjing å spare ca 15,7 mill kr på Adm, styring og fellesutg. ved samanslåing av Tustna/Smøla/Aure, m.a. på grunn av det framleis etter måten låge folketalet. Men eit stykkje på veg bør det vere råd å kome. Også etter analysen til SSB, jf tabell 6.5, er Administrasjon ein interessant sektor i dette tilfellet.

7.6 Halså, Rindal og Surnadal

Ei samanslåing av Halså, Rindal og Surnadal er eit alternativ i Langørgen mfl (2002) (SSB sin analyse). Statistisk sentralbyrå har på oppdrag rekna ut at ein samanslått kommune vil kome i gruppe 11 Mellomstor kommune med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter. Byrået tek slikt atterhald: "Når det gjelder frie disponible inntekter er det ikke tatt hensyn til mulige endringer i rammeoverføringene fra staten".


Halsa hadde pr 01.01.04 1714 innb, Rindal 2118 og Surnadal 6209, til saman 10041 innb.

I Halsa, Rindal og Surnadal til saman var brutto driftsutgifter pr innb i 2003 kr 45173, i gruppe 11 kr 41151. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca kr 40,4 mill kr i meirforbruk.

Figur 7.4 viser ein sektorvis analyse. Grunnlaget å rekne prosent av er noko høgare for Halsa/Rindal/Surnadal enn for gruppe 11.

Etter figur 7.4 er Adm, styring og fellesutg ein aktuell sektor å sjå nærare på. Halsa/Rindal/Surnadal brukte i 2003 10,2% av brutto driftsutgifter til sektoren, mot gjennomsnittleg 7,5% i gruppe 11. Halsa/Rindal/Surnadal brukte kr 4607 pr innbyggjar til sektoren, mot kr 3086 gjennomsnittleg i gruppe 11. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev eit meirforbruk på ca 15,3 mill kr. Eit blick på vedlegg 4 viser ikkje svært stor innverknad frå funksjonane 170 Premieavvik, 180 Diverse fellesutgifter og 190 Interne serviceenheter.

Ser ein på einskildkommunane brukte Halsa i 2003 12,3% av brutto driftsutgifter til Adm, styring og fellesutg, mot 10,9% gjennomsnittleg i gruppe 5 der kommunen høyrer til. Rindal brukte 9,9%, mot gjennomsnittleg i gruppe 2 10,3%. Surnadal brukte 9,7% mot gjennomsnittleg i gruppe 10 8,5%.



Figur 7.4: Sektorvis KOSTRA-analyse Halsa/Rindal/Surnadal 2003

Kjelde SSB

Brutto driftsutgifter pr innb i Halså var i 2003 kr 48200, mot gjennomsnittleg kr 51874 i gruppe 5. Halså brukte kr 5840 (jf vedlegg 4, uforklart at prosentrekning gjev kr 5928) pr innb til sektoren, mot kr 5654 gjennomsnittleg i gruppe 5. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca 0,3 (0,5) mill kr. Brutto driftsutgifter pr innb i Rindal var i 2003 kr 47678 mot gjennomsnittleg kr 46621 i gruppe 2. Rindal hadde ikkje større utgifter pr innb til Adm, styring og fellesutg enn gjennomsnittleg i gruppe 2. Brutto driftsutgifter pr innb i Surnadal var i 2003 kr 43482, mot gjennomsnittleg kr 38248 i gruppe 10. Surnadal brukte kr 4210 pr innb til sektoren, mot gjennomsnittleg kr 3251 i gruppe 10. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca 6 mill kr.

Både Halså og Rindal er såleis små kommunar som utifrå si gruppe brukte om lag gjennomsnittleg til Adm, styring og fellesutg, medan den mellomstore kommunen Surnadal brukte vesentleg meir. Analysen for Halså/Rindal/Surnadal viste innsparingspotensiale på ca 15,3 mill kr på sektoren. Sjølv om ein god del av dette truleg kan oppnåast internt i Surnadal, så er vidare innsparing på denne sektoren eit argument for kommunesamanslåing. Ein kan unngå meir av smådriftsulempene i Halså og Rindal.

Figur 7.4 viser at Halså/Rindal/Surnadal brukte prosentvis mykje på Næring, Samferdsel og i litt mindre grad Kultur. Surnadal satsa mykje på alle tre område, og var åleine mellom dei tre kommunane om ei stor satsing på Samferdsel. Alle tre kommunane satsa mykje på Næring og Kultur. Denne informasjonen kan ein trekkje ut av figurane 3.3, 3.5 og 3.9. Som figur 7.4 viser er det og ein del sektorar der Halså/Rindal/Surnadal ikkje brukte prosentvis mykje. For nokre av sektorane kan det vere tale om mindre behov enn gruppegjennomsnittet. Men i alle fall har ev omprioritering frå Kultur, Samferdsel og Næring gjerne ikkje så mykje med kommunesamanslåing å gjere, så eg går ikkje nøyare inn på tala. Særleg innanfor Samferdsel og Næring kan også satsinga vere meir prosjektretta enn kommunal drift i regelen er, og dermed variere meir over tid. Med tanke på å bli meir slagferdig er naturlegvis planar om framhaldande sterk og gjerne auka satsing på Kultur, Samferdsel og Næring interessant i høve til samarbeid mellom og samanslåing av kommunar.

Figur 7.4 viser at det er rimeleg å sjå nøyare på Pleie- og omsorg. Halså/Rindal/Surnadal brukte 31,9 % av brutto driftsutgifter i 2003 til sektoren, mot gjennomsnittleg 28,6% i gruppe 11. Dette innebar at Halså/Rindal/Surnadal brukte kr 14410 pr innb til sektoren, mot gjennomsnittleg kr 11769 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketalet vert ca 26,5 mill kr. Vedlegg 5 viser at indeksane for eldre aldersgrupper er høge, for Halså og Rindal helst svært høge. Dei to indeksane for psykisk utviklingshemma gjev eit svært samansett bilete. Her er det ikkje granska kva gruppegjennomsnittet for indeksane er. Statistikken synest likevel tyde på det er behov for ei omfattande eldreomsorg i kommunane.

Dersom vi ser på kommunane kvar for seg, brukte Halså 29,9% av brutto driftsutgifter i 2003 til Pleie og omsorg. Halså høyrer til i gruppe 5, der gjennomsnittet var 30,9%. Halså brukte likevel kr 14411, som er klart over gjennomsnittet i gruppe 11. Rindal brukte 34,8%, og

høyrrer til gruppe 2 der gjennomsnittet var 27,9%. Surnadal brukte 31,4%, og høyrrer til i gruppe 10 der gjennomsnittet var 28,1%. Det er såleis ein vesentleg kontrast mellom kommunane. Brutto driftsutgifter pr innb i Rindal var i 2003 kr 47678, mot gjennomsnittleg kr 46621 i gruppe 2. Dette nokså like utgangspunktet gav kr 16598 pr innb til Pleie- og omsorg i Rindal mot kr 13007 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca 7,6 mill kr. Brutto driftsutgifter pr innb i Surnadal var i 2003 kr 43482, mot gjennomsnittleg kr 38248 i gruppe 10. Dette gav kr 13658 pr innb til Pleie- og omsorg i Surnadal mot kr 10747 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca 18,1 mill kr.

Tala kan tyde på ein del smådriftsulemper i pleie og omsorg i Halsa og Rindal. Surnadal hadde pr 01.01.04 6209 innb. Stordriftsfordelar innan pleie og omsorg, som ikkje kan oppnåast innanfor eksisterande kommunestorleik, vil, om ein skal tru den forskinga, berre kunne oppnåast ved bygging av institusjonar med mellom ca 50 og 100 plassar. Dersom ein ikkje avviser slike større institusjonar av andre grunnar, kan det vere kommunaløkonomisk vere ein del å hente i Pleie og omsorg ved samanslåing av Halsa/Rindal/Surnadal. Kommunar kan også samarbeide om slike institusjonar.

Figur 7.4 viser at Halsa/Rindal/Surnadal brukar høvesvis lite til Grunnskuleopplæring. Indeks innb 5-15 år i vedlegg 5 viser at det både i Surnadal og Rindal er høvesvis om lag like mange i grunnskulealderen som gjennomsnittleg i landet. I Halsa er indeksen for dette kriteriet nede på 0,8628. Halsa brukte 21% av brutto driftsutgifter pr innb i 2003 til Grunnskuleopplæring, mot gjennomsnittleg 22,8% i gruppe 5. Det verkar såleis som om prioriteringa i Halsa/Rindal/Surnadal på Grunnskuleopplæring på den eine sida og Pleie og omsorg på den andre sida i store trekk speglar av behov.

Oppsummering

Samanslåing av Halsa/Rindal/Surnadal er etter ein ekstern KOSTRA-analyse eit interessant prosjekt når det gjeld innsparing på sektoren Adm, styring og fellesutg. SSR sin analyse, jf tabell 6.5, viser eit potensiale for innsparing på ca 9,1 mill kr. Ei ev talfesting av resultatet av KOSTRA-analysen ville og bli noko slikt. Av tabell 6.2 ser ein og at SSB generelt har kome fram til at samanslåing av Halsa/Rindal/Surnadal kan gje ei innsparing på 11,5% av samla utgift. Dette var det høgaste prosentten for studerte samanslåingar i Romsdal og på Nordmøre.

7.7 Gjemnes og Tingvoll

Ei samanslåing av Gjemnes og Tingvoll er eit alternativ i Langørgen mfl (2002) (SSB sin analyse).


Gjemnes hadde pr 01.01.04 eit folketal på 2650, Tingvoll 3120, til saman 5770 innb. Dei var såleis små kommunar. Begge var i gruppe 1 med Middels bundne kostnader per innbygger og lave frie disponible inntekter. Ein kommune som består av desse to vil då hamne i gruppe 10, dvs som ein mellomstor kommune med Middels bundne kostnader per innbygger og lave frie disponible inntekter. Det blir ein svært liten mellomstor kommune.

Gjemnes/Tingvoll hadde i 2003 brutto driftsutgifter pr innb på kr 48648 mot gjennomsnittleg kr 38248 i gruppe 10. Skilnaden multiplisert med folketallet gjev eit meirforbruk på ca 60 mill kr. Tingvoll brukte ca 12,8 mill kr til 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde, Gjemnes ikkje noko, og gjennomsnittet i gruppe 10 er også lite. Eg veit ikkje kva grunnen er, men dersom ein ser bort frå beløpet vert meirforbruket ca 47,2 mill kr.

Figur 7.5 viser ein sektorvis analyse. Grunnlaget å rekne prosent av for Gjemnes/Tingvoll er mykje høgare enn for gruppe 10.

Gjemnes åleine hadde kr 43516 i brutto driftsutgifter pr innb, Tingvoll kr 53006. Dei høyrer begge til i gruppe 1 der gjennomsnittet er kr 41215.

Tingvoll brukte 7,7% av brutto driftsutgifter til 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde, Gjemnes 0%, men for kommunane til saman vert dette 4,5%. Gjennomsnittet for gruppe 10 er 0,2%.



Figur 7.5: Sektorvis KOSTRA-analyse Gjemnes/Tingvoll 2003

Kjelde: SSB

Figur 7.5 tyder på at det først og fremst er Adm. styring og fellesutg. som bør sjåast nøyare på. Tingvoll og Gjemnes brukte til saman kr 4524 (9,3%) pr innb på sektoren i 2004, mot kr 3251 (8,5%) gjennomsnittleg i gruppe 10. Skilnaden multiplisert med folketalet vert ca 7,3 mill kr. No viser tala at Gjemnes brukte kr 3345, dvs ikkje så mykje meir enn gjennomsnittet i gruppe 10. Etter vedlegg 4 synest funksjonen 170 Premieavvik å ha vesentleg innverknad med – 264 for Gjemnes, men gjennomsnittet i gruppe 10 er kr – 298. Tingvoll brukte kr 5519, og det er funksjonen 120 Administrasjon som trekkjer opp. Eg veit ikkje grunnen til at Tingvoll brukte uvanleg store ressursar på administrasjon. Dersom det er ønskjeleg med innsparing, veit eg difor heller ikkje om endring i kommunestruktur kan vere ein tenleg reiskap.

Figur 7.5 viser at Gjemnes/Tingvoll satsa mykje på Barnehagar, Kultur og Næring. Figur 3.2 viser at dette gjeld begge kommunane. Likevel var satsinga på Næring om lag på gjennomsnittet i gruppe 1, slik at mellomstore kommunar med same plassering på dei to andre variablane brukte mindre til dette føremålet enn små kommunar. For ein del sektorar brukte Gjemnes/Tingvoll prosentvis lite. Det kan vere tale om lite behov. Satsinga innan Næring kan vere meir prosjektretta enn kommunal drift i regelen er, og dermed variere meir i tid. Med tanke på å bli meir slagferdig er planar om framhaldande sterk og auka satsing på Barnehagar, Kultur og Næring interessant i høve til samarbeid mellom og samanslåing mellom kommunar.

Oppsummering

Både KOSTRA-analysen og SSB sin analyse, jf tabell 6.5, viser stort innsparingspotensiale på Adm, styring og fellesutgifter. Men KOSTRA-analysen tyder på at ein god del av dette kan oppnåast internt i Tingvoll.


7.8 Nettet og Rauma

Ei samanslåing av Nettet og Rauma er eit alternativ i Langørgen mfl (2002) (SSB si gransking). Statistisk sentralbyrå har på oppdrag rekna ut at ein samanslått kommune vil kome i gruppe 11 Mellomstor kommune med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter. Byrået tek slikt atterhald: "Når det gjelder frie disponible inntekter er det ikke tatt hensyn til mulige endringer i rammeoverføringene fra staten".

Nettet hadde pr 01.01.04 eit folketal på 3201, Rauma 7334, til saman 10535 innb.

I Nettet og Rauma til saman var brutto driftsutgifter pr innb i 2003 kr 41998, i gruppe 11 kr 41151. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca kr 8,9 mill kr i meirforbruk. Som figur 3.1 viser er det ingen kontrast mellom kommunane når ein vurderer brutto driftsutgifter pr innb 2003 i høve til gjennomsnittet i dei gruppene dei høyrer heime. Dei hadde begge eit visst underforbruk.

Figur 7.6 viser ein sektorvis analyse. Grunnlaget å rekne prosent av er ikkje særleg høgare for Nettet/Rauma enn for gruppe 11.



Figur 7.6: Sektorvis KOSTRA-analyse Nesset/Rauma 2003

Kjelde: SSB

Etter figur 7.6 er Adm, styring og fellesutg ein aktuell sektor å sjå nærare på. Nesset/Rauma brukte i 2003 9,8 % av brutto driftsutgifter til sektoren, mot gjennomsnittleg 7,5% i gruppe 11. Til sektoren brukte Nesset/Rauma kr 4115 pr innb. Gjennomsnittet i gruppa var kr 3086. Skilnaden multiplisert med folketallet gjev eit meirforbruk på ca 10,8 mill kr. Vedlegg 3 viser eit blanda bilete når det gjeld innverknad frå 170 Premieavvik, 180 Diverse fellesutgifter og 180 Interne serviceenheter. Til funksjonane 100 Politisk styring og kontrollorganer, 120 Administrasjon og 130 Administrasjonslokaler brukte Nesset/Rauma kr 3931 pr innb, mot kr 3151 i gruppe 11. Dette kan tyde på at 10,8 mill kr er høgt vurdert.

Figur 3.5 viser at Nesset brukar prosentvis mindre enn gjennomsnittet i gruppe 5, der kommunen høyrer heime, til sektoren. Figur 3.10 viser at Rauma brukar prosentvis meir enn gjennomsnittet i gruppe 11. Rauma høyrer såleis åleine til i gruppe 11 der ein ev samanslått kommune og vil kome. Rauma brukte 9,6% av brutto driftsutgifter i 2003 til sektoren, mot gjennomsnittleg 7,5% i gruppe 11. Brutto driftsutgifter pr innb i Rauma var kr 39078, mot gjennomsnittleg kr 41151 i gruppe 11. Tilsvarande tal til sektoren blir kr 3741 og kr 3086. Skilnaden multiplisert med folketal gjev eit meirforbruk på ca 4,8 mill kr. Til funksjonane 100 Politisk styring og kontrollorganer, 120 Administrasjon og 130 Administrasjonslokaler brukte Rauma kr 3359 pr innb, mot gjennomsnittleg kr 3151 i gruppe 11. Dette kan tyde på at ca 4,8 mill kr er høgt vurdert.

Nesset er ein liten kommune som ikkje brukar mykje til Adm, styring og fellesutg i høve til gjennomsnittet i gruppa si. Analysen for Nesset/Rauma viste eit innsparingspotensiale på ca 10,8 mill kr på sektoren. Sjølv om ein god del av dette truleg kan oppnåast internt i Rauma, så

er vidare innsparing på denne sektoren eit argument for kommunesamanslåing. I administrasjonen av Nesset kommune får ein ikkje utnytta dei stordriftsfordelane som forkinga meiner finst på sektoren.

Figur 7.6 viser at det er rimeleg å sjå nøyare på Pleie- og omsorg. Nesset/Rauma brukte 32,3 % av brutto driftsutgifter i 2003 til sektoren, mot gjennomsnittleg 28,6% i gruppe 11. Dette innebar at Nesset/Rauma brukte kr 13565 pr innb til sektoren, mot gjennomsnittleg kr 11769 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketalet vert ca 18,9 mill kr. Vedlegg 5 viser at indeksane for eldre aldersgrupper er høge. Dei to indeksane for psykisk utviklingshemma gjev eit svært samansett bilete. Her er det ikkje granska kva gruppegjennomsnittet for indeksane er. Statistikken synest likevel tyde på det er behov for ei omfattande eldreomsorg i kommunane.

Dersom vi ser på kommunane kvar for seg, brukte Nesset 32 % av brutto driftsutgifter i 2003 til Pleie og omsorg. Nesset høyrer til i gruppe 5, der gjennomsnittet var 30,9%. Brutto driftsutgifter pr innb i Nesset var i 2003 kr 48689, mot gjennomsnittleg kr 51874 i gruppe 5. Dette gav kr 15596 pr innb til Pleie- og omsorg i Nesset mot kr 16029 i gruppa. Slik vurdert var det ikkje noko meirforbruk i Nesset, men Nesset brukte klart meir enn gjennomsnittleg i gruppe 11. Rauma brukte 32,4%, og høyrer til gruppe 11 der gjennomsnittet var 28,6%. Brutto driftsutgifter pr innb i Rauma var i 2003 kr 39078, mot gjennomsnittleg kr 41151 i gruppe 11. Dette gav kr 12661 pr innb til Pleie- og omsorg i Rauma mot kr 11769 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca 6,5 mill kr.

Tala kan tyde på ein del smådriftsulemper for Pleie og omsorg i Nesset. Rauma hadde pr 01.01.04 7334 innb. Stordriftsfordelar innan pleie og omsorg, som ikkje kan oppnåast innanfor eksisterande kommunestorleik, vil, om ein skal tru den forkinga, berre kunne oppnåast ved bygging av institusjonar med mellom ca 50 og 100 plassar. Dersom ein ikkje avviser slike større institusjonar av andre grunnar, kan det vere kommunaløkonomisk vere ein del å hente i Pleie og omsorg ved samanslåing av Nesset og Rauma. Kommunar kan også samarbeide om slike institusjonar.

Oppsummering

Samanslåing av Nesset/Rauma er etter ein ekstern KOSTRA-analyse eit interessant prosjekt når det gjeld innsparing på sektoren Adm, styring og fellesutg. SSR sin analyse, jf tabell 6.5, støttar eit slikt syn.


7.9 Eide og Fræna

Ei samanslåing av Eide og Fræna er eit alternativ i Langørgen mfl (2002) (SSB sin analyse). Statistisk sentralbyrå har på oppdrag rekna ut at ein samanslått kommune vil kome i gruppe 8 Mellomstor kommune med lave bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter. Byrådet tek slikt atterhald: "Når det gjelder frie disponible inntekter er det ikke tatt hensyn til mulige endringer i rammeoverføringene fra staten".

Eide hadde pr 01.01.04 eit folketal på 3287, Fræna 9004, til saman 12291 innb.

I Eide og Fræna til saman var brutto driftsutgifter pr innb i 2003 kr 39049, i gruppe 8 kr 35993. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca kr 37,5 mill kr i meirforbruk. Som figur 3.1 viser er det ingen kontrast mellom kommunane når ein vurderer brutto driftsutgifter pr innb 2003 i høve til gjennomsnittet i dei gruppene dei høyrer heime. Dei hadde begge eit visst overforbruk. Eide brukte ca 11,6 mill kr på 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde. Eg veit ikkje grunnen til dette. Fræna brukte ingenting til funksjonen. Dersom ein trekkjer frå dette beløpet vert meirforbruket ca 25,9 mill kr.

Figur 7.7 viser ein sektorvis analyse. Grunnlaget å rekne prosent av er ein del høgare for Eide/Fræna enn for gruppe 8.



Figur 7.7: Sektorvis KOSTRA-analyse Eide/Fræna 2003

Kjelde: SSB

Eide/Fræna brukte 2,4% til 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde. Eide åleine brukte 8,2%. Fræna brukte som nemnt ikkje noko.

Figur 7.7 viser at Grunnskoleopplæring kan vere ein interessant sektor å sjå nærare på. Eide/Fræna brukte 28,9% til Grunnskoleopplæring, mot gjennomsnittleg 27,7% i gruppe 8. Av tabell 2.7 går det fram at kommunale grunnskular i gruppe 8 gjennomsnittleg hadde 218 elevar. I Eide er talet 128 elevar, i Fræna 169. I utgiftsutjamninga i inntektssystemet har Eide 1,1203 i Indeks innb 6-15 år, Fræna 1,1185. Sjølv om det her ikkje er granska kva gruppegjennomsnittet er, viser tala at dette ikkje er kommunar med få barn i skulealderen.

Eide/Averøy brukte kr 11285 pr innb til Grunnskoleopplæring, mot kr 9970 gjennomsnittleg i gruppe 8. Skilnaden multiplisert med folketalet blir ca 16,2 mill kr.

Men kan dette ha noko særleg med kommunesamanslåing å gjere? Det kan avhenge noko av lokale tilhøve som eg ikkje kjenner godt nok til. Men her følgjer likevel ei drøfting.

Eide brukte 28,6% av brutto driftsutgifter til Grunnskoleopplæring, mot gjennomsnittleg 26,4% i gruppe 1, som kommunen høyrer til i. Brutto driftsutgifter pr innb 2003 var kr 43124 i Eide mot kr 41215 gjennomsnittleg i gruppe 1. Tilsvarande tal for Grunnskoleopplæring åleine vert difor kr 12339 og kr 10880. Skilnaden multiplisert med folketalet i kommunen vert ca 4,8 mill kr. I gruppe 1 er elevar pr kommunal skule i gjennomsnitt 135, i Eide som nemnt 128.

Fræna brukte 29,1% av brutto driftsutgifter til Grunnskoleopplæring, mot gjennomsnittleg 27,7 % i gruppe 7, som kommunen høyrer til i. Brutto driftsutgifter pr innb 2003 var kr 37561 i Fræna mot kr 35248 gjennomsnittleg i gruppe 7. Tilsvarande tal for Grunnskoleopplæring åleine vert difor kr 10926 og kr 9763. Skilnaden multiplisert med folketalet i kommunen vert ca 10,5 mill kr. I gruppe 7 er elevar pr kommunal skule i gjennomsnitt 222, i Fræna som nemnt 169.

Vedlegg 1 viser at begge kommunane ligg mykje under gjennomsnittet i si gruppe for Timer spesialundervisning i prosent av antall lærertimer totalt. Dette kan tyde på den "vanlege" spenninga mellom skulestruktur i ein kommune og innhald i skulen. Dette gjeld særleg for Eide som for utan å score svært lågt på nemnde punkt også har 11,5 Elevar pr årsverk mot gjennomsnittleg 10 i gruppe 1. Fræna på si side har derimot 11 Elevar pr årsverk mot gjennomsnittleg 11,6 i gruppe 7. Når det innhald i skulen, blir biletet for Fræna utifrå desse tala såleis samansett.

Tala tyder på at meirforbruket for Grunnskoleopplæring ev om ønskjeleg i stor grad kan fjernast innafor noverande kommunestruktur.

Figur 7.7 viser at det er rimeleg å sjå nøyare på Pleie- og omsorg. Eide/Fræna brukte 29,1 % av brutto driftsutgifter i 2003 til sektoren, mot gjennomsnittleg 25% i gruppe 8. Dette inneber at Eide/Fræna brukte kr 11363 pr innb til sektoren, mot gjennomsnittleg kr 8998 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketalet vert ca 29,1 mill kr. Vedlegg 5 viser at indeksane for eldre aldersgrupper ikkje er høge. Dei to indeksane for psykisk utviklingshemma er derimot det. Sjølv om denne kontrasten gjev uvisse, kan meirforbruket synest høgt. Her er det ikkje granska kva gruppegjennomsnittet for indeksane er.

Dersom vi ser på kommunane kvar for seg, brukte Eide 23,4% av brutto driftsutgifter i 2003 til Pleie og omsorg. Eide høyrer til i gruppe 1, der gjennomsnittet var 26,7%. Brutto driftsutgifter pr innb i Eide var i 2003 kr 43124, mot gjennomsnittleg kr 41215 i gruppe 1.

Dette gav kr 10092 pr innb til Pleie- og omsorg i Eide mot kr 11004 i gruppe 1. Slik vurdert var det ikkje noko meirforbruk i Eide, men kommunen brukte meir enn gjennomsnittet i gruppe 8. Fræna brukte 31,5%, og høyrer til gruppe 7 der gjennomsnittet var 25,7 %. Brutto driftsutgifter pr innb i Fræna var i 2003 kr 37561, mot gjennomsnittleg kr 35248 i gruppe 7. Dette gav kr 11830 pr innb til Pleie- og omsorg i Fræna mot kr 9058 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca 25 mill kr.

Tala kan tyde på ein del smådriftsulemper for Pleie og omsorg i Eide. Fræna hadde pr 01.01.04 9004 innb. Skal ein tru den forskinga er dette i alle fall temmeleg nær ein stor nok kommune til ev om ønskjeleg å drive institusjonar med 100 plassar, og såleis kunne ta ut alle stordriftsfordelar i Pleie og omsorg innan sine grenser.

Det er eit dilemma for Eide/Fræna at ein ikkje makta å satse meir på Barnehage.

Oppsummering

Ein KOSTRA-analyse tyder ikkje på at samanslåing av Eide og Fræna er eit særleg interessant kommunaløkonomisk prosjekt. Eg gjer merksam på at dette står i kontrast til SSB si gransking, jf tabell 6.5. Kontrasten blir mildna av at også KOSTRA-analysen viser at kommunar det er naturleg å samanlikne med plar innrette seg rimelegare når det gjeld Utdanning og Pleie og omsorg, med unntak av Pleie og omsorg i Eide.

7.10 Sandøy, Midsund og Aukra

Ei samanslåing av Sandøy, Midsund og Aukra er eit alternativ i Langørgen mfl (2002) (SSB sin analyse). Statistisk sentralbyrå har på oppdrag rekna ut at ein samanslått kommune vil kome i gruppe 11 Mellomstor kommune med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter. Byrået tek slikt atterhald: "Når det gjelder frie disponible inntekter er det ikke tatt hensyn til mulige endringer i rammeoverføringene fra staten".


Sandøy hadde pr 01.01.04 1279 innb, Midsund 1925 og Aukra 3055, til saman 6259 innb. Grensa for å bli rekna som mellomstor kommune er 5000 innb.

I Sandøy, Midsund og Aukra til saman var brutto driftsutgifter pr innb i 2003 kr 48455, i gruppe 11 kr 41151. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev ca kr 45,7 mill kr i meirforbruk. Sandøy brukte ca 3,5 mill kr på 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde. Eg veit ikkje grunnen til dette. Midsund brukte eit knapt nemnande beløp og Aukra ingenting til funksjonen. Dersom ein trekkjer frå funksjon 285 vert meirforbruket ca 42,2 mill kr.

Sandøy brukte kr 57203 og Midsund kr 50432. Dei er i gruppe 2 med gjennomsnitt kr 46621. Aukra brukte kr 43547 mot gjennomsnittleg i gruppe 1, der Aukra høyrer til, kr 41215.

For det første er folketalet i Sandøy og i noko mindre grad i Midsund lite sjølv for ein ”småkommune”, for det andre blir ein ev samanslått kommune ein liten mellomstor kommune, og for det tredje vert ein samanslått kommune geografisk svært oppdelt. Ein ekstern KOSTRA-analyse må etter dette reknast for nokså grov reiskap.

Det kan likevel vere interessant å sjå på ein sektorvis analyse. Figur 7.8 viser ein slik. Grunnlaget å rekne prosent av er ein god del høgare for Sandøy/Midsund/Aukra enn for gruppe 11.



Figur 7.8: Sektorvis KOSTRA-analyse Sandøy/Midsund/Aukra 2003

Kjelde: SSB

Sandøy/Midsund/Aukra brukte 1,2 % til 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde. Sandøy åleine brukte 4,8 %, Midsund 0,1% og Aukra som nemnt ingenting.

Etter figur 7.8 er Adm, styring og fellesutg ein aktuell sektor å sjå nærare på. Sandøy/Midsund/Aukra brukte i 2003 11,1 % av brutto driftsutgifter til sektoren, mot gjennomsnittleg 7,5% i gruppe 11. Til sektoren brukte Sandøy/Midsund/Aukra kr 5378 pr innb. Gjennomsnittet i gruppa var kr 3086. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev eit meirforbruk på ca 14,3 mill kr. Vedlegg 3 viser eit blanda bilete når det gjeld innverknad frå 170 Premieavvik, 180 Diverse fellesutgifter og 180 Interne serviceenheter. Til funksjonane 100 Politisk styring og kontrollorganer, 120 Administrasjon og 130 Administrasjonslokaler brukte Sandøy/Midsund/Aukra kr 5144 pr innb, mot gjennomsnittleg kr 3151 i gruppe 11. Dette kan tyde på at 14,3 mill kr er noko høgt vurdert.

Sandøy brukte 12,3% av brutto driftsutgifter i 2003 til Adm, styring og fellesutg og Midsund 9,5 %. Dei høyrer til i gruppe 2 med gjennomsnitt 10,3%. Brutto driftsutgifter pr innb i 2003 var gjennomsnittleg i gruppe 2 kr 46621, og til sektoren kr 4801. I Sandøy gjekk kr 7031 pr innb til sektoren. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev eit meirforbruk på ca 2,9 mill kr. I Midsund var det ikkje noko meirforbruk i høve til gjennomsnittet i gruppe 2, men med kr 4782 pr innb er det venteleg smådriftsulempar i høve til gruppe 11 med gjennomsnittleg kr 3086.. Aukra brukte 11,6% av brutto driftsutgifter i 2003 til Adm, styring og fellesutg. Aukra høyrer til i gruppe 1 med gjennomsnitt 9,4%. I Aukra gjekk kr 5060 pr innb til sektoren, mot gjennomsnittleg i gruppe 1 kr 3874. Skilnaden multiplisert med folketalet gjev eit meirforbruk på ca 3,6 mill kr.

Analysen for Sandøy/Midsund/Aukra viser eit innsparingspotensiale på ca 14,3 mill kr på sektoren. Midsund er ein liten kommune som ikkje brukar mykje til Adm, styring og fellesutg i høve til gjennomsnittet i gruppa si. Sjølv om ein del av innsparingspotensialet truleg kan oppnåast internt i Sandøy og Aukra, så er vidare innsparing på denne sektoren eit argument for kommunesamanslåing. Verken med tiltak internt i Sandøy og Aukra eller i dagens administrasjon av Midsund kommune får ein utnytta dei stordriftsfordelane som forskinga meiner finst på sektoren.

Figur 7.8 viser at det er rimeleg å sjå nøyare på Pleie- og omsorg. Sandøy/Midsund/Aukra brukte 31,3 % av brutto driftsutgifter i 2003 til sektoren, mot gjennomsnittleg 28,6% i gruppe 11. Dette inneber at Sandøy/Midsund/Aukra brukte kr 15166 pr innb til sektoren, mot gjennomsnittleg kr 11769 i gruppa. Skilnaden multiplisert med folketalet vert ca 21,3 mill kr. Vedlegg 5 viser at indeksane for eldre aldersgrupper er høge. Dei to indeksane for psykisk utviklingshemma gjev eit svært samansett bilete. Her er det ikkje granska kva gruppegjennomsnittet for indeksane er. Statistikken synest likevel tyde på det er behov for ei omfattande eldreomsorg i kommunane.

Dersom vi ser på kommunane kvar for seg, brukte Sandøy 30,4% av brutto driftsutgifter i 2003 til Pleie og omsorg, Midsund 34,5 %. Sandøy og Midsund høyrer til i gruppe 2, der gjennomsnittet var 27,9 %. Brutto driftsutgifter pr innb til Pleie og omsorg i 2003 var i Sandøy kr 17368, i Midsund kr 17420 og gjennomsnittleg i gruppe 2 kr 13007. Skilnadene multiplisert med folketal gjev meirforbruk i Sandøy på ca 5,6 mill kr, i Midsund på ca 8,5 mill kr. Aukra brukte 29,4 %, og høyrer til i gruppe 1 der gjennomsnittet var 26,7%. Brutto driftsutgifter pr innb til Pleie og omsorg i 2003 var i Aukra kr 12788 og gjennomsnittleg i gruppe 1 kr 11004. Skilnaden multiplisert med folketal gjev meirforbruk i Aukra på ca 5,5 mill kr.

Om ein skal tru den forskinga kan desse tre kommunane ta ut stordriftsfordelar i eldreomsorga ved å slå seg saman og å bygge og drive større institusjonar med 50-100 plassar. Kommunane kan også samarbeide om slike institusjonar. Eg skulle tru at geografiske tilhøve gjer dette til

dels svært lite ønskeleg med dei kommunikasjonane som er i dag. T.d. å vitje sine på sjukeheim kan ta litt for mange timar og koste ganske mykje, og dermed gjerne bli mindre av enn ønskeleg.

Figur 7.8 viser at for så vidt at det kan vere interessant å sjå nærare på Vann, avløp, renov./avfall. Eg er likevel i utgangspunktet klar over at utgiftene med t.d. vatn til Sandøy kan vere store, og at industriutbygginga i Aukra kan ha innverknad. Figur 3.2 og 3.3 tyder på at det siste er eit poeng, og sektoren blir då mindre interessant i vår samanheng.

Det er eit dilemma for Sandøy/Midsund/Aukra at dei ikkje maktar å satse høvesvis meir på Kultur, Samferdsel og Næring. Dette kan i seg sjølv vere eit argument for å kome med i ei større eining.

Oppsummering

Ein KOSTRA-analyse viser at samanslåing av Sandøy/Midsund/Aukra i alle fall ville vere eit interessant kommunaløkonomisk prosjekt dersom det var fast samband mellom kommunane. Argumentet er først og fremst innsparing i Adm, styring og fellesutg, men også i Pleie og omsorg. Tabell 6.5 syner at også i SSB sin analyse er innsparing på Administrasjon eit viktig punkt, medan Pleie og omsorg ikkje er så viktig. Den meir finstemte SSB analysen er truleg mest påliteleg her. Eg veit ikkje kor sterkt dei geografiske innvendingane bør telje for sektoren Adm., styring og fellesutg. Dersom ein ikkje finn desse avgjerande, kan prosjektet likevel vere interessant med sentralisert administrasjon og desentralisert drift.

7. 11 Alternativ for regionkommunar

7.11.1 Innleiing

Romsdal hadde 56228 og Nordmøre 60282 innb pr 01.01.04. Alle alternativ til regionkommunar med Kristiansund og Molde som senter vil få over 20000 innb og kome i gruppe 13, der Molde åleine allereie er. Allereie dette gjev ein peikepinn på at å samanlikne slike alternativ med KOSTRA-gruppa er rimeleg tvilsamt. I gruppe 13 finst: Halden, Moss, Sarpsborg, Fredrikstad, Ski, Oppegård, Bærum, Asker, Lørenskog, Skedsmo, Hamar, Ringsaker, Lillehammer, Gjøvik, Drammen, Kongsberg, Ringerike, Lier, Horten, Tønsberg, Sandefjord, Larvik, Porsgrunn, Skien, Arendal, Kristiansand, Sandnes, Haugesund, Karmøy, Molde, Ålesund, Steinkjer, Bodø, Rana, Harstad, Tromsø. Gjennomsnittet i denne gruppa synest i utgangspunktet ikkje likne på så mykje på større regionkommunar i Romsdal. På Nordmøre kan det stille seg annleis. Det finst alternativ der Kristiansund åleine eller Kristiansund/Frei har ein så stor del av folketalet at samanlikningsgrunnlaget kan vere betre.

Som det går fram av førre avsnitt kan ein KOSTRA-analyse vere ekstra usikker når ein vurderer store regionkommunar med stort folketal (over 20000 innb), men heller spreidd busetnad. Denne erkjenninga kom eg til under tilsvarande arbeid for dei sju kommunane på Søre Sunnmøre (Dyrhol 2004). Denne innvendinga er gjerne mindre gyldig for sektoren Adm,

styring og fellesutg enn for mange andre sektorar. Eit sentralt rådhus vil for dei fleste innbyggjarane vere lettare å leve med enn sterk sentralisering av meir direkte tenesteytande sektorar. Og sjølv om ein ikkje går så langt kan det kanskje vere mogleg å spare ein god del? I kva grad det er fast samband mellom delar av regionen er også ei viktig sak i denne samanhengen.

7.11.2 Økonomiske regionar

Sjå kap 6.3 for definisjon av økonomiske regionar. I høve til bu- og arbeidsmarknadsregionar, jf 7.11.3, er skilnaden først og fremst at også handelsmønsteret er trekt inn. Eg tek her med dei som Langørgen (2002) (SSB sin analyse) har studert, jf tabell 6.3, og dei er begge så store at dei kan kallast regionkommunar.

7.11.2.1 Midsund/Gjemnes/Aukra/Eide/Neset/Vestnes/Rauma/Fræna/Molde (Regalt 1)

Av tabell 6.3 går det fram at

Midsund/Gjemnes/Aukra/Eide/Neset/Vestnes/Rauma/Fræna/Molde er ein økonomisk region. Pr 01.01.04 hadde denne regionen, som vi kan kalle Regalt 1, 60886 innb. Ein slik kommune vil kome i gruppe 13 Store kommuner utenom de fire største byene. No er 20000 innb grensa for å hamne der, så eg har også sett på kommunane Tromsø med 61897 innb, Drammen med 56688 innb og Asker med 50651. I samsvar med argumentasjonen i 7.11.1 *Innleiing* har eg for Regalt 1 avgrensa KOSTRA-analysen til Adm, styring og fellesutg.

Brutto driftsutgifter pr innb i 2003 var kr 41172 for Regalt 1, kr 36879 for Tromsø, kr 37664 for Drammen, kr 38884 for Asker og kr 37558 for gruppe 13. Til Adm, styring og fellesutg brukte desse einingane i same rekkefølge: kr 3664, kr 3282, kr 1807, kr 2955 og kr 2629 pr innb. Drammen brukte om lag berre halvparten av det kommunane i Regalt 1 brukte. Dette illustrerer nok fordelene av ein stor by som kommunesenter. Vurdert i høve til Tromsø som ligg meirforbruket i Regalt 1 på ca 23,3 mill kr, til Asker på ca 43,2 mill kr og til gruppe 13 på ca 63 mill kr.

Oppsummering

Dersom ein er villig til å sentralisere sektoren Adm, styring og fellesutg i regionen Midsund/Gjemnes/Aukra/Eide/Neset/Vestnes/Rauma/Fræna/Molde kraftig, tyder analysen på at det er vesentlege beløp å spare. SSB har i sin analyse, jf tabell 6.5, kome til det same. Ein slik kommune kan om ønskjeleg generelt utnytte alle stordriftsfordelar den forskinga eg kjenner til nemner i kommunal tenesteyting, med atterhald om visse grenser som geografi og kommunikasjonar set.

7.11.2.2 Tustna/Smøla/Aure/Frei/Averøy/Kristiansund (Regalt 2)

Av tabell 6.3 går det fram at

Tustna/Smøla/Aure/Frei/Averøy/Kristiansund er ein økonomisk region. Pr 01.01.04 hadde denne regionen, som vi kan kalle Regalt 2, 31527 innb. Ein slik kommune vil kome i gruppe 13 Store kommuner utenom de fire største byene. No er 20000 innb grensa for å hamne der, så

eg har også sett på Porsgrunn med 33323 og Ringsaker kommune med 31732 innb. Av desse bur ca 40% i tettstadane Brumunddal med ca 8500 innb og Moelven med ca 4000 innb. Ringsaker kan såleis vere ein av dei eksisterande kommunar i landet som liknar mest på mange ev nye regionkommunar. Regalt 2 er kanskje ikkje erketyten av ein slik med Kristiansund som åleine har ca halvparten av folketalet, og saman med Frei ein god del meir enn det. I kap 7.1.1 Innleiing er kommunane i gruppe 13 lista opp. Det verkar rimeleg å seie at Regalt 2 verkar mykje meir som ein kommune i gruppe 13 enn Regalt 1, med unntak av at Regalt 2 er så oppdelt.

Brutto driftsutgifter pr innb i 2003 var kr 41610 for Regalt 2, kr 40573 for Porsgrunn, kr 37050 for Ringsaker og kr 37558 for gruppe 13. Skilnaden mellom Regalt 2 og dei andre multiplisert med folketal gjev i rekkefølge eit meirforbruk på ca 32,7 mill kr; ca 143,8 mill kr og ca 127,7 mill kr.

Tabell 7.4 viser kor stor prosent dei studerte einingane brukar på kvar sektor. Eg minner om at grunnlaget å rekne prosent av er mykje større for Regalt 2 enn for dei andre.

Når det gjeld sektorvis samanlikning av Regalt 2 i høve til dei andre er biletet samansett. Det er berre på Kommunehelse Regalt 2 brukte prosentvis meir enn alle dei andre. For Kirke og Samferdsel brukte Regalt 2 like stor prosent som den eininga av dei andre som brukte mest.

Til Adm, styring og fellesutg pr innb i 2003 brukte Regalt 2 kr 3162, Porsgrunn kr 3286, Ringsaker kr 3223 og gruppe 13 kr 2629. Vurdert i høve til gjennomsnittet i gruppe 13 er meirforbruket i Regalt 2 ca 16,8 mill kr, men tala for dei to einskildkommunane går andre vegen.

	Regalt 2	Porsgrunn	Ringsaker	Gruppe 13
Adm, styring og fellesutg.	7,6	8,1	8,7	7,0
Barnehage	6,7	6,7	5,9	8,2
Grunnskoleopplæring	24,2	23,0	25,1	25,1
Kommunehelse	5,3	3,4	3,0	3,9
Pleie og omsorg	27,2	27,9	32,0	26,4
Sosialtj.	4,6	5,0	3,9	5,4
Barnevern	2,2	2,1	1,9	2,5
Vann, avløp, renov./avfall	4,9	4,3	5,7	5,4
Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø	1,3	1,7	1,1	1,6
Kultur	3,1	4,1	1,8	3,7
Kirke	1,1	0,9	1,0	1,1
Samferdsel	1,9	1,9	1,2	1,8
Bolig	1,8	2,6	0,8	1,7
Næring	1,2	1,4	0,7	0,6
Brann og ulykkesvern	1,8	1,9	1,4	1,5
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	0,4	0,8	1,1	0,2

Tabell 7.4: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar 2003. Kjelde: SSB

Oppsummering

Generelt synest mange kommunar i Regalt 2 (Tustna/Smøla/Aure/Frei/Averøy/Kristiansund) å ha smådriftsulemper på ein del sektorar, men geografien og kommunikasjonar set vel grenser for kva som kan gjerast med dette. Granskinga til SSB, jf tabell 6.5, gjev støtte for eit syn om at det ikkje er vonlaust, med ei kraftig sentralisering, å oppnå nemnande innsparing på Adm, styring og fellesutg.

7.11.3 Bu- og arbeidsmarknadsregionar

Juvkam (2002) delar landet opp i bu- og arbeidsmarknadsregionar. I Romsdal og på Nordmøre er det sju slike:

1. Molde, Fræna, Aukra, Gjemnes, Eide, Nesset, Midsund og Vestnes
2. Kristiansund, Frei, Averøy og Tustna
3. Surnadal, Rindal og Halså
4. Sunndal og Tingvoll
5. Rauma
6. Sandøy
7. Smøla

Aure kommune er plassert saman med Hemne og Snillfjord i Sør Trøndelag.

Vi ser at 1 berre skil seg frå Regalt 1 ved at Rauma ikkje er med. I 2 er Smøla og Aure borte i høve til Regalt 2. (Regalt 1 og 2 var økonomiske regionar). Når Tustna og Aure har vedteke å slå seg saman er 2 som kommune urealistisk. Ved å ta med Aure vert også dette alternativet svært likt "tilsvarande" økonomiske region. Eg trur ikkje at ein KOSTRA-analyse for pkt 1 og pkt 2 + Aure vil tilføre noko viktig nytt. Heilt andre argument enn kommuneøkonomi i regionkommunen bør telje tyngst ved vurdering av om Rauma og Smøla ev bør vere med i regionkommunar med sentrum i høvesvis Molde og Kristiansund.

Surnadal/Rindal/Halså er eitt av alternativa i Langørgen mfl (2002), jf tabell 6.2, og er studert i kap 7. 6.

For Sunndal og Tingvoll vert vist til kap 7.4 Sunndal og Tingvoll.

7.11.4 Arbeidsmarknads-, bustads-, og serviceregionar (ABS-regionar)

I følgje Selstad mfl (2004:38) synest ABS-regionar eigentleg berre å vere ei anna nemning på økonomiske regionar.

Selstad mfl (2004:48, jf vedlegg 3.15) har rangert ABS-regionar etter plassiffer for ymse strukturelle og dynamiske trekk. I Romsdal og på Nordmøre er inndelinga og rangeringa slik:

1. Sandøy/Midsund/Gjemnes/Aukra/Eide/Neset/Vestnes/Rauma/Fræna/Molde
2. Tustna/Smøla/Aure/Frei/Averøy/Kristiansund
3. Surnadal/Rindal/Halsa
4. Sunndal/Tingvoll

Pkt 1 er Regalt 1 (den økonomiske regionen med Molde som sentrum) ovanfor med tillegg av Sandøy. Eg kjenner ikkje til grunngjeving i litteraturen for å ta med eller ikkje ta med Sandøy. Heilt andre argument enn kommuneøkonomi i regionkommunen bør telje tyngst ved vurdering av om Sandøy bør vere med i ein regionkommune med sentrum i Molde.

Pkt 2 er lik Regalt 2 ovanfor, dvs lik den økonomiske regionen med sentrum i Kristiansund, som er studert i 7.11.2.2.

Pkt 3 Surnadal/Rindal/Halsa er eitt av alternativa i Langørgen mfl (2002), jf tabell 6.2, og også ein av Juvkam (2002) sine bu- og arbeidsmarknadsregionar. Eg viser til kap 7.6 Halsa, Rindal og Surnadal.

Pkt 4 Sunndal/Tingvoll er og ein av Juvkam (2002) sine bu- og arbeidsmarknadsregionar, og er studert i 7.4 Sunndal og Tingvoll.

7.11.5 Samandrag om regionkommunar

Dersom ein er villig til å sentralisere kraftig for sektoren Adm, styring og fellesutg er ein regionkommune med Molde som sentrum eit viktig kommunaløkonomisk prosjekt, og ein regionkommune med senter i Kristiansund bør greiast nærare ut.

8 Referansar

Agenda 2000: *Kommunale investeringer knyttet til befolkningsvekst.*

- 2004: *Samarbeidsrådet for Nedre Romerike. Tid for grenseoppgang?*

Amdam, Jørgen mfl 2004: *Strategisk analyse av kommunestrukturen på Søre Sunnmøre*, Forskningsrapport nr 57, Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.

Baldersheim, Harald 2003: *IKT och samarbete över kommungränserna – räddningen för småkommunerna eller ett steg mot sammanslagning?*, i Harald Baldersheim mfl: *Demokratins geografiska gränser*, Svenska Kommunförbundet og Landstingsförbundet.

Baldersheim, Harald mfl 2003: *Er smått så godt? Er stort så flott? Analyser av kommunestrukturens betydning*, Forskningsrapport 1/2003, Det samfunnsvitenskapelige fakultetet, Universitetet i Oslo.

Dyrhol, Inge 1998 *Kvifor låner kommunane så mykje - og kvifor får dei gjere det?*, notat 7/98, Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.

- 2001: *Samanheng mellom budsjett og rekneskap i norske kommunar*, notat 6/2001, Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
- 2004: *Kommunestruktur på Søre Sunnmøre. Kommunale tenester og økonomi*, arbeidsrapport nr 158, Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.

Erlandsen, Espen 1998: *En analyse av teknisk effektivitet i pleie og omsorgssektoren i norske kommuner basert på Data Envelopment Analysis*, arbeidsnotat 4/98, SNF.

Forskning, nr 4 1994.

Grefsrud, Reidun og Svein Erik Hagen 2003: *Kriterier for kommuneinndeling*, ØF-rapport nr 21/2003.

Hagen, Terje P. og Rune J. Sørensen 2001: *Kommunal organisering*, Universitetsforlaget.

Høyland, Karin 2003: *Ny sykehjemmodell gir "smådriftsfordeler"*, *Nordisk Sosialt Arbeid*, nr 1 2003, side 37-43.

Juvkam, Dag 2002: *Inndeling i bu- og arbeidsmarkedsregioner*, NIBR-rapport 2002:20.

Kalseth, Jorid og Jørn Rattsø 1995: *Spending and overspending in local government administration: A minimum requirement approach applied to Norway*, European

Journal of Political Economy, 11, står og i Jørn Rattsø red 1998: *Fiscal Federalism and State-Local Finance. The Scandinavian Perspective*, Edward Elgar.

- 1998: Political control of administrative spending: The case of local government in Norway, *Economics and Politics*, vol. 10, march 1998, 181-201, står og i Jørn Rattsø red 1998: *Fiscal Federalism and State-Local Finance. The Scandinavian Perspective*, Edward Elgar.

Kaupang as 2003: *Ekteskap – eller bare gode venner? Frei og Kristiansund – En eller to kommuner?*

Kjelvik, Julie 2004: *Del I: Kommunenes utgifter til primærlegetjenesten 2002 Del II: Organisering av legevaktjenesten*, notat 2004/6 SSB.

Kommunal- og regionaldepartementet 1999-2000: St.prp.nr.62: *Om kommuneøkonomien 2001 m.v.*

- 2001: *Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi november 2001*, Rundskriv nr. H-36/01 utgitt november 2001.
- 2002-2003: St. prp. nr. 66: *Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2004 (kommuneproposisjonen)*.
- 2003a: *Beregningsteknisk dokumentasjon for inntektssystemet 2004*, rundskriv H-24/03.
- 2003b: *Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi november 2003*.
- 2004 *Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi april 2004*.

Kommunal Rapport 02.09., 09.09, 15.09. og 07.10.04.

Kommunal økonomi 8/2002.

Langørgeren, Audun, Rolf Aaberge og Remy Åserud 2002: *Kostnadsbesparelser ved sammenslåing av kommuner*, rapport 2002/15, Statistisk sentralbyrå.

Langørgeren, Audun og Dag Rønningen 2002: *Kapitalkostnader i kommunene*, rapport 2002/34, Statistisk sentralbyrå.

Laudal, Thomas og Jon Moxnes Steineke 2001: *Etne, Ølen og Vindafjord kommune: Reduserte kostnader og bedre tjenester gjennom samarbeid/sammenslåing*, rapport 2001/288 Rogalandsforskning. Ølen og Vindafjord blir Vindafjord kommune frå 01.01.06. Området til Ølen blir med i Rogaland i staden for i Hordaland.

Møre-Nytt 03.07.04.

- Myrvold, Trine Monica 2001: *Smått og godt? Om de minste kommunenes evne til å imøtekomme generalistkravet. En kunnskapsoversikt og indikatordiskusjon*, prosjektrapport 2001:1, NIBR.
- Myrvold, Trine Monica og Jøran Toresen 2003: Effektivitet og kvalitet i kommunal tjenesteproduksjon, i Tore Hansen red: *Mellom politiske prinsipper og lokal pragmatisme*, NIBR-rapport 2003:10.
- NOU 1992:15 *Kommune- og fylkesinndelinga i et Norge i forandring* (Christiansen-utvalet).
- Pedersen, Niels og Jørgen Mau 1995: *Desentralisering og kommunaløkonomi*, Jurist og Økonomiforbundets forlag.
- Rattsø, Jørn og Rune J. Sørensen 1997: Kommunen som serviceprodusent/tjenesteyter: Hva forteller norsk kommuneforskning om kommunesektorens effektivitet?, i Harald Baldersheim mfl red: *Kommunalt selvstyre i velferdsstaten*, Tano Aschehoug.
- Reid, Svein 2002: *Bosettingskriteriene i inntektssystemet til kommunene*, notat 2002/33 Statistisk sentralbyrå.
- Ringstad, Vidar og Knut Løyland 1998: Cost Efficiency in the Provision of Child Care Services: A Hedonic Cost Approach, i Jørn Rattsø red: *Fiscal Federalism and State-Local Finance. The Scandinavian Perspective*, Edward Elgar.
- Sanda, Karl Gunnar 2002: *Hyllestad, Askvoll og Fjaler – tre, to eller ein?*, rapport nr 192, Telmarksforskning.
- 2003: *Vellykkede interkommunale tjenestesamarbeid*, rapport nr 204, Telmarksforskning.
- Selstad mfl 2004: *Regionenes tilstand*, ØF-rapport 07/2004.
- Statistisk sentralbyrå 2001: *Standard for økonomiske regionar*.
- StolzLöfgren, Marie 2002: *Balansen – den nye måten å utvikle og lede Göteborg by på*, i Per Gunnar Hoff og Per Aksel Holving: *Balansert målstyring*, Universitetsforlaget.
- Sundström, Björn 2003: Är det dags för en ny inndelingsreform?, i Harald Baldersheim mfl: *Demokratins geografiska gränser*, Svenska Kommunförbundet og Landstingsförbundet.

Sunnmørsposten 28.10.04.

Sørensen, Rune, Lars-Erik Borge og Terje P. Hagen 1999: *Effektivitet i offentlig tjenesteyting*, Fagbokforlaget.

Toresen, Jøran 2003: *Handlingsplan for eldreomsorgen*, NIBR-rapport 2003:11.

Vedlegg 1

Detaljerte nøkkeltal

	Fræna	Aukra	Sandøy	Midsund	Nesset	Rauma	Vestnes	Molde	Gruppe 01	Gruppe 02	Gruppe 05	Gruppe 07	Gruppe 11	Gruppe 13
Andel deltakere i voksenopplæring i norsk m. samf.kunnskap for voksne innvandrere, pst	37,3	66,7	100	46,5	62,5	63,5	48,1	36,7	67,3	76,8	67,2	53,7	65,3	70,6
Produktivitet / enhetskostnader														
Korrigerende brutto driftsutgifter til grunnskole, per elev	63182	66201	89125	69905	76469	66749	64198	51041	67418	71086	75573	60604	65653	59353
Korrigerende brutto driftsutgifter til grunnskoleundervisning, per elev	50619	54525	68710	54329	62522	51993	60319	42632	55428	57544	60328	49449	53512	48287
Korrigerende brutto driftsutgifter til skolelokaler og skyss, per elev	12563	11676	20416	15576	13947	14756	3879	8409	11990	13541	15244	11155	12141	11069
Lønnsutgifter til grunnskole, per elev	51614	53014	71477	54218	63492	51880	48250	43759	54001	56903	59819	48422	53273	45781
Brutto driftsutgifter til spesialskoler, per elev				1279200	384000		316800	0	-129879	829500	470222	370514	568961	321182
Korrigerende brutto driftsutgifter til grunn- og spesialskoler, per elev	63182	66201	89125	69794	76379	66754	64144	50726	67860	71080	75586	60821	65726	60359
Driftsutgifter til inventar og utstyr, per elev i grunnskolen	287	1559	373	368	404	211	338	290	627	545	573	602	546	617
Leie av lokaler og grunn, per elev i grunnskolen	1548	1787	1283	1794	1615	1549	1765	1089	1490	1575	1644	1401	1449	1188
Driftsutgifter til undervisningsmateriett, per elev i grunnskolen	181	0	0	0	0		2	454	212	444	44	363	301	2713
Elevener per årsvært	11	9,7	10,4	9,1	8	10,4	10,6	12,5	10	9,5	9	11,6	10,4	12,4
Herav elever per undervisningsrelatert årsvært	12,3	10,9	11,2	10,3	9,2	11,9	11,5	13,5	11	10,5	9,9	12,8	11,6	13,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1 til 7 årstrinn	12,4	12,3	10,9	11	11,6	12,3	12,9	13,7	11,9	11,2	10,5	13,6	12	14,1
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8 til 10 årstrinn	16,5	13,4	10,3	13,3	9,2	14,2	11,8	16,6	13	12,7	11,6	15,4	14,4	15,9
Driftsutgifter til skolestyss, per elev som får skolestyss	5901	4431	6168	4325	4478	4834	6	5141	4774	4445	4668	5791	5189	6615
Korrigerende brutto driftsutgifter til skolefritidsordning, per komm. bruker	15896	28255	18529	6898	15730	675	20603	20338	17843	17584	17157	19506	16718	19411
Brutto driftsutgifter til skolefritidsordning, per komm. og priv. bruker	15896	28255	18529	6898	15730	3011	20042	20005	17679	17479	17061	18998	16404	18971
Korrigerende brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	10450	9066	7353	10681		8415	12129	15903	7255	8678	7128	9324	8544	9250
Brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	10781	9784	8095	10681	7630	8419	12129	16639	7860	8920	7185	9231	8573	9391
Brutto driftsutgifter til grunnskoleopplæring for voksne, per deltaker	19586	29822	10138	43447	20362	29531	92726	50134	50998	37006	41516	65274	45052	51782

	Fræna	Aukra	Sandøy	Midsund	Nasset	Rauma	Vestnes	Molde	Gruppe 01	Gruppe 02	Gruppe 05	Gruppe 07	Gruppe 11	Gruppe 13
Arsvært av fysioterapeuter pr. 10000 innbyggere. Funksjon 241	4,3	4,5	8,1	5,2	3,5	5,7	4,7	9,8	6,1	6,5	6,5	6	6,6	8,1
Andel timer av fysioterapeuter med fast lønn og turnuskandidater	17,1	36			100	9,3		25,4	31,4	33	53,8	21,6	28,1	20,6
Produktivitet/Ehelskostnader														
Brutto driftsutgifter pr. innbygger	1516	1679	2199	2681	2062	1385	2015	1339	1798	2470	2712	1402	1807	1455
Herav: lønnsutgifter pr. innbygger	952	1060	1515	1133	1287	816	1138	678	943	1491	1663	712	1005	705

F. Pleie og omsorg - nivå 2		Fræna	Aukra	Sandøy	Midsund	Nesset	Rauma	Vestnes	Molde	Gruppe 01	Gruppe 02	Gruppe 05	Gruppe 07	Gruppe 11	Gruppe 13	
		2003	2003	2003	2003	2003	2003	2003	2003	2003	2003	2003	2003	2003	2003	
Pleie- og omsorgstjenestene samlet																
Prioritering																
